*«Stortinget ber regjeringen utrede om omvendt valdsalarm bør kunne benyttes som et straffeprosessuelt virkemiddel, og rammene for slik bruk og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med eventuelle forslag om dette.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:108 S (2016–2017), om å styrke oppfølginga i reetableringsfasen for personar som er utsette for vald i nære relasjonar, og Innst. 475 S (2016–2017).

Vedtaket er følgt opp i Prop. 128 L (2022–2023). Det er fremma forslag til endringar i straffeprosesslova m.m. for å innføre ei ordning med elektronisk kontroll av besøksforbod som eit straffeprosessuelt verkemiddel, og kalla omvend valdsalarm. Sjå òg omtale av vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017, vedtak nr. 447, 18. desember 2020, og dessutan vedtak nr. 583, 30. mai 2022.

## 8 Klima- og miljødepartementet

Nedanfor er det gjort greie for oppfølginga av oppmodningsvedtak under Klima- og miljødepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortings sesjonen 2022–2023 og vedtak frå tidlegare stortings sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. S (2022–2023) meinte ikkje var kvit-

terte ut. I tabellen nedanfor blir det òg angjeve i kva grad departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodningsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år òg.

Tabell 8.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2022–2023	21	Gje Enova eit tilleggsmandat om å bidra til å styrkje forsyningstryggleiken	Ja
2022–2023	22	Endre Enova-tilskot «helhetlig oppgradering av bygningskropp»	Ja
2022–2023	23	Endre Enovas løysing for utbetaling til forbrukarar	Ja
2022–2023	92	Fremje krav om lågutslepp til offshorefartøy	Nei
2022–2023	93	Innføring av omsetningskrav for avansert biodrivstoff til innanriks sjøfart og fiske	Ja
2022–2023	95	Utval for å greie ut matkastelov	Ja
2022–2023	98	Gå i dialog med industrien om CO <sub>2</sub> -kompensasjonsordninga	Nei
2022–2023	100	Framskunde innføringa av omsetningskravet på 10 pst. for ikkje-veggåande maskiner	Ja
2022–2023	101	Forvaltningsplanane for norske havområde – vurdere varig petroleumsfrie område	Nei
2022–2023	108	Fremje forslag om forbod mot nedbygging av myr til utbyggingsformål i 2023	Nei
2022–2023	112	Varsle eit forbod mot bruk av fossile brensel til energiformål i industrien innan 2030	Ja
2022–2023	113	Greie ut og fremje forslag om forbod mot bruk av fossil gass i byggvarme	Nei
2022–2023	114	Opptrapping av omsetningskrav for avansert biodrivstoff i luftfart	Ja
2022–2023	118	Intensivere arbeidet mot pukcellaks	Ja
2022–2023	450	Bidraget frå verkemiddelapparatet til ein meir sirkulær økonomi	Nei

Tabell 8.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2022–2023	451	Kompetansebehovet knytt til nye sirkulære forretningsmodellar	Nei
2022–2023	507	Endre Enovas mandat	Ja
2022–2023	508	Støtteordningar for energieffektivisering med moden teknologi	Ja
2022–2023	509	Støtte til energieffektivisering og lokal energiproduksjon hos hushalda	Ja
2022–2023	608	Gamle nedlagde gruver i Noreg og forureiningsfaren dei utgjær	Nei
2022–2023	632	Ein plan for korleis Noreg kan få ein leiande posisjon i produksjon av berekraftig drivstoff	Nei
2022–2023	633	Ein plan for å auke produksjonen av avansert biodrivstoff i Noreg	Nei
2022–2023	674	Ein plan for auka produksjon av og etterspurnad etter biogass	Nei
2022–2023	760	Ein oppdatert Klimaplan med konkrete verkemiddel	Nei
2022–2023	915	Auke omsetningskravet for biodrivstoff til vegtrafikken og innføre delkrav for avansert biodrivstoff basert på A-råstoff	Ja
2022–2023	916	Auke omsetningskravet for biodrivstoff i luftfarten og varsle framtidig opptrapping	Ja
2022–2023	917	Auke omsetningskravet for biodrivstoff for ikkje-veggåande maskiner	Nei
2022–2023	918	Auke omsetningskravet for biodrivstoff til sjøfart	Nei
2022–2023	919	Rett prising av negative utslepp	Nei
2021–2022	35.4	Verkemiddel for raske utsleppskutt for store punktutslepp	Nei
2021–2022	35.10	Krav om nullutslepp og fossilfrie byggje- og anleggsplassar i offentlege anbod	Nei
2021–2022	35.11	Forbod mot bruk av fossile brensel på byggjeplassar	Nei
2021–2022	35.16	Erstatte fossile brensel i industrien	Nei
2021–2022	35.20	Oppfylle mål om 10 pst. vern av kyst- og havområde og fremje nasjonal plan for marint vern	Nei
2021–2022	512	Greie ut produsentansvarsordning for tekstilar	Ja
2021–2022	513	Gjennomgå regelverk og vurdere endringar for å sikre at klesbransjen bruker uselde tekstilvarer om att	Ja
2021–2022	713	Verkemiddel som kan bidra til å gjere direkte karbonfangst frå luft (DAC) lønnsamt	Nei
2021–2022	753	Levere ein plan for harmonisering av rammeverk for biogass i Norden	Nei

Tabell 8.1 Oversikt over oppmodingstiltak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering avslutta (ja/nei)
2021–2022	837	Utarbeide rapporteringssystem for bruk av berekraftig biodrivstoff utanfor omsetningskravet	Ja
2020–2021	690	Bidra til gjennomføring av tiltak initierte av lokale og regionale styresmakter som reduserer utslepp i verdsarvfjordane	Nei
2020–2021	691	Tiltak som sikrar verdsarvfjordane som anløpshamn for cruisebåtar også etter 2026 – etablering av landstraum i Flåm mv.	Nei
2020–2021	751	Verkemiddel for meir effektiv og einskapleg skadefelling av rovvilt	Ja
2020–2021	752	Kompetanseoverføringsprosjekt om skadefelling	Ja
2020–2021	753	Forslag om verkemiddel for meir effektiv lisensfelling	Ja
2020–2021	831	Nasjonalt plan for å gjere land- og ladestraum, hydrogen, ammoniakk og andre grønne drivstoff tilgjengelege	Nei
2020–2021	973	Forslag om revidering av motorferdsellova	Nei
2020–2021	976	Oppfølging av globalt rammeverk for naturmangfald	Nei
2020–2021	1001	Greie ut insentivordning for at frivillige, inkl. lag og organisasjonar, vil bidra til rydding av plast	Ja
2020–2021	1004	Tilskotsordning som dekkjer kostnadene med leveranse av avfall etter frivillige ryddeaksjonar	Ja
2020–2021	1009	Harmonisere rammevilkåra for biogassproduksjon i Norden	Nei
2019–2020	708	Nye mål i kulturmiljøpolitikken	Nei
2018–2019	383	Erstatningsreglane ved tap av beitedyr til rovvilt og kompensasjonsordninga (FKT)	Nei
2017–2018	481	Gjenbruk gjennom kommunane sine gjenbruksstasjonar	Nei
2017–2018	482	Utleige av avfallskonteinrar frå godkjende avfallsselskap	Nei
2017–2018	489	Matkastelov	Nei
2017–2018	661	Greie ut strengare krav til svartvass- og gråvassutslepp frå cruiseskip	Nei
2017–2018	672	Implementere krav og reguleringar til utslepp frå cruiseskip og annan skipstrafikk i turistfjorlar m.m.	Nei
2017–2018	674	Nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar	Ja
2016–2017	529	Gratis levering av marint avfall	Ja
2016–2017	914	Forslag til tiltak og verkemiddel for overvass-problematikk	Nei
2015–2016	674	Handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfugl	Nei
2015–2016	681	Forbod mot mikroplast i kroppspleieprodukt	Nei

## 8.1 Stortingssesjon 2022–2023

Gje Enova eit tilleggsmandat om å bidra til å styrkje forsyningstryggleiken

Vedtak nr. 21, 18. oktober 2022

*«Stortinget ber regjeringen vurdere, i lys av den aktuelle strømsituasjonen, å gi Enova et tilleggsmandat om å bidra til å styrke forsyningssikkerheten ved å legge til rette for vesentlig mer energieffektivisering og fleksibel og effektiv energi- og effektbruk gjennom målrettede tiltak for bedrifter og husholdninger. En slik oppdatering må sikre at støtte til moden teknologi som gir raske reduksjoner i strømforbruket, blir en sentral oppgave for Enova, som for eksempel gjennom varmpumper, etterisolering av deler av bygningskroppen, utskifting av vinduer, batterier, bergvarme og lignende.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumpriskrisa, jf. Innst. 25 S (2022–2023).

I mars 2023 presiserte regjeringa mandatet til Enova knytt til energi, jf. Tilleggsavtale av 15. februar 2023 om forvaltning av midlane frå Klima- og energifondet. Der går det fram at *Enova skal finne gode løysningar som tar hensyn til behovet for et effektivt energisystem. Det innebærer at Enova blant annet skal bidra til mer effektiv bruk av energi, mer effektiv utnyttelse av eksisterende nett og utvikling av nye energiteknologier i alle sektorar.* Mandatet omfattar no energieffektivisering i alle sektorar og opnar i større grad for støtte til moden og velkjend teknologi i umodne marknader.

Enovas presiserte mandat og styrkte rolle knytt til energi og energieffektivisering inngår som ein del av den heilskaplege handlingsplanen regjeringa har for energieffektivisering. Regjeringa er oppteken av at ei styrkt satsing på energieffektivisering skal vere basert på faglege vurderingar. Departementet bad difor Enova levere ei tilråding om korleis dei vil innrette aktiviteten sin i lys av presiseringa av mandatet, irekna knytt til kva for nærmare definerte kriterium som kan liggje til grunn for støtte til meir moden og velkjend teknologi. Les ein utvida omtale under kap. 1428.50.

Til saman legg Enova opp til å støtte energieffektivisering og energi meir i breitt med mellom 1,5 mrd. og 2 mrd. kroner i år. Av dette vil om lag ein halv milliard vere styrkt enøksatsing. Satsinga

legg vekt på å byggje ned barrierar og skape varige marknadsendingar slik at energieffektiviseringspotensialet på sikt i større grad kan utløyast utan støtte.

Regjeringas handlingsplan for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi inneheld fleire viktige grep for auka energieffektivisering og følgjer opp tilrådingar frå Energikommisjonen. Handlingsplanen ser verkemiddel som informasjon, krav og stønad i samanheng. Mellom anna foreslår regjeringa ei løyving på 495 mill. kroner til tiltak for energieffektivisering i 2024, fordelt på Husbanken, Enova, NVE og Direktoratet for Byggkvalitet.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Endre Enova-tilskot «helhetlig oppgradering av bygningskropp»

Vedtak nr. 22, 18. oktober 2022

*«Stortinget ber regjeringen vurdere å endre dagens Enova-tilskudd «helhetlig oppgradering av bygningskropp» slik at husholdninger kan få tilskudd også når bare deler av bygningen oppgraderes.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumpriskrisa, jf. Innst. 25 S (2022–2023).

Departementet viser til svar på oppmodingsvedtak nr. 21, 18. oktober 2022, og utvida omtale under kap. 1428.50 av ei styrkt satsing på energieffektivisering. Som ein del av oppdraget frå departementet om å orientere om korleis dei vil innrette aktiviteten retta mot energi, vart Enova også bede om å vurdere innhaldet i dette oppmodingsvedtaket. Gjennom noverande tilskot til heilskaplege oppgraderingsprosjekt motiverer Enova til føredømeprosjekt som ifølgje Enova bidreg til auka kompetanse i bransjen og til haldningsutvikling hos bustadeigarar. Ei eventuell støtteordning til trinnvis oppgradering burde etter Enovas vurdering knytast til prosentvis forbetring av samla energiyting, på same måten som det Enova no legg opp til for fleirbustadhus og næringsbygg. Utfordringa er at noverande energimerke ikkje er ein eigna indikator for energitiltak i ei støtteordning retta mot einestader og småhus, ikkje minst fordi det ikkje føreset merking gjort av ein profesjonell aktør. Enova viser likevel til at marknaden for rehabilitering i bustader er stor og moden, og at



ein høg andel av eit eventuelt tilskot til trinnvis oppgradering difor ville innebere betydeleg løyvingssbehov og i stor grad gå til prosjekt som også ville ha blitt gjennomførte utan tilskot.

Klima- og miljødepartementets styring av Enova går ikkje for seg på detaljnivået oppmodningsvedtaket impliserer. Enova utviklar program og set kriterium basert på dei faglege vurderingane deira og kjennskapen deira til teknologiar og marknader. Slik departementet vurderer det, legg det til rette for at midlane frå Klima- og energifondet blir utnytta mest mogleg effektivt for å nå dei overordna politisk sette måla i styringsavtalen.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Endre Enovas løysing for utbetaling til forbrukarar

Vedtak nr. 23, 16. oktober 2022

*«Stortinget ber regjeringen vurdere å legge om Enovas løysing for utbetaling til forbrukere slik at man får samtidig utbetaling.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumpriskrisa, jf. Innst. 25 S (2022–2023).

Departementet forstår oppmodningsvedtaket som at det er meint ei vurdering av at støtte til hushald og forbrukarar blir utbetalt samstundes som det blir søkt om tilskot, og ikkje etterskotsvis etter gjennomført tiltak, som er noverande praksis. I samband med oppdraget frå regjeringa til Enova om orientering om aktivitet retta mot energi vart Enova også bede om å vurdere samstundes utbetaling.

Det er fleire grunnar til at støtte ikkje bør utbetalast før tiltak faktisk er gjennomførte, som Enova også trekkjer fram i svaret sitt. Ein grunn er at det er stort sannsyn for at ein god del av prosjekta ikkje blir gjennomførte og ein da må bruke mykje tid og ressursar på tilbakebetaling hos både Enova og søkjaren utan at ein nødvendigvis oppnår betre resultat. Tidlegare erfaringar i Enova med søknadsbasert ordning retta mot hushalda viser at om lag halvparten av tilsegnene ikkje vart brukt. Den noverande ordninga, Enovatilskotet, med klare kriterium for kva som kvalifiserer til støtte, og rask utbetaling etter motteken faktura, er ubyråkratisk og enkel for både søkjarane og Enova. Når det er sagt, erkjenner departementet at det kan vere utfordrande for nokre å ha midlar til å gjennomføre investeringar før støtta blir utbe-

talt. Denne likviditetsutfordringa kan og bør likevel løysast på andre måtar enn å betale ut pengar før tiltak er gjennomførte. Her viser departementet til regjeringa sin handlingsplan for energieffektivisering der mellom anna lån er trekt fram som ei mogleg løysing ettersom det i mange tilfelle er snakk om økonomisk lønnsame tiltak.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Fremje krav om låg- og nullutslepp til offshorefartøy

Vedtak nr. 92, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2023 fremme krav om lavutslipp til offshorefartøy med sikte på innføring fra 2025 og nullutslipp fra 2029, eller tilsvarende krav som gir samme utslippseffekt for offshorefartøy.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Klima- og miljødepartementet har gjeve Sjøfartsdirektoratet i oppdrag å sjå på korleis låg- og nullutsleppskrav til offshorefartøy kan formast ut og innrettast.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Innføring av omsetningskrav for avansert biodrivstoff til innanriks sjøfart og fiske

Vedtak nr. 93, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen sende forslag om innføring av omsetningskrav for avansert biodrivstoff til innenriks sjøfart og fiske på høring, med forslag om et omsetningskrav på 4 volumprosent fra 1. juli 2023 og med en videre opptrapping til 6 prosent i 2024.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023). Forslag til omsetningskrav for avansert biodrivstoff til sjøfart vart sendt på høyring 20. januar, med frist 20. mars 2023. Regjeringa foreslo å innføre eit omsetningskrav for avansert biodrivstoff til sjøfart på 6 pst. frå 1. oktober 2023 i revidert nasjonalbudsjett som vart vedteke av Stortinget.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Utval for å greie ut matkastelov  
Vedtak nr. 95, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen sette ned et utvalg for å utrede matkastelov med mål om at loven skal tre i kraft i 2024.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Regjeringa sette 7. februar 2023 ned eit utval som skal greie ut heilskapleg tiltaks- og verke-middelbruk for å nå målet om 50 pst. reduksjon av matsvinnet innan 2030 og korleis ei matkastelov skal inngå i ein samla verkemiddelbruk. Utvalet skal ferdigstille utgreiinga innan utgangen av 2023, og deretter vil forslaga vurderast, og det blir lagt opp ein prosess for korleis dette skal følgjast opp.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Gå i dialog med industrien om CO<sub>2</sub>-kompensasjonsordninga

Vedtak nr. 98, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med industrien om CO<sub>2</sub>-kompensasjonsordningen for å utvikle ordningen til å bli forpliktende for utslippskutt og energieffektivisering i tråd med nasjonale målsettinger. Aktuelle løsnings- og tiltaksalternativ kan være krav, klimaavtale, fondsordning eller andre måter. Det må hensyntas at det er ulike økonomiske bærekraft i ulike bransjer, og at enkelte bedrifter har lave CO<sub>2</sub>-utslipp og lite potensial for energieffektivisering. Regjeringen bes legge fram sak om dette i statsbudsjettet for 2024.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Vedtaket er under oppfølging. Regjeringa vil halde fram med dialogen med industrien om endring av ordninga slik at han bidreg med utslippsreduksjonar og/eller energieffektivisering. Basert på denne dialogen vil regjeringa i 2025-budsjettet foreslå ei endring av ordninga, slik at ho kan haldast berekraftig med tanke på budsjettet ut kompensasjonsperioden.

Framskunde innføringa av omsetningskravet på 10 pst. for ikkje-veggåande maskiner

Vedtak nr. 100, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen framskynde innføringen av det planlagte omsetningskravet på 10 pst. for ikkje-veggåande maskiner til 1. januar 2023. Biogass skal holdes utenfor kravet.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023). Eit omsetningskrav for avansert biodrivstoff på 10 pst. for ikkje-veggåande maskiner vart innført 1. januar 2023.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Forvaltningsplanane for norske havområde – vurdere varig petroleumsfrie område

Vedtak nr. 101, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med revisjonen av forvaltningsplanen for norske havområder vurdere om deler av de områdene hvor det etter gjeldende forvaltningsplan ikke skal tildeles nye tillatelser, eller enkelte ikke-åpnede områder, bør defineres som varig petroleumsfrie områder.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Regjeringa vil omtale tema knytt til område-spesifikke rammer for petroleumsvirksemd i meldinga til Stortinget om oppdatering av dei heilskaplege forvaltningsplanane for norske havområde våren 2024.

Fremje forslag om forbod mot nedbygging av myr til utbyggingsformål i 2023

Vedtak nr. 108, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen legge fram forslag om forbud mot nedbygging av myr til utbyggingsformål i løpet av 2023. Det skal utredes mulige dispensasjoner fra forbudet for å ta vare på andre arealer med høy verdi og utbygging av samfunnskritisk infrastruktur. Målet er at forbudet reelt sett skal redusere nedbyggingen av myr.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Vedtaket er under oppfølging. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å greie ut eit forbod mot nedbygging av myr og forme ut eit konkret forslag til lov- og eventuelt forskriftsendringar. Fristen for oppdraget er 1. desember 2023. Det vil dermed ikkje vere mogleg å fremje lovendring for Stortinget i 2023, men regjeringa vil leggje fram saka for Stortinget så snart som mogleg i 2024.

Varsle eit forbod mot bruk av fossile brensel til energiformål i industrien innan 2030

Vedtak nr. 112, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringa i løpet av 2023 varsle et forbud mot bruk av fossile brenslar til energiformål i industrien innen 2030 og utrede innretningen av forbudet. Samtidig varsles det at det utredes hva som kan være hensiktsmessige avgrensinger.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Miljødirektoratet fekk hausten 2022 i oppdrag å konsekvensutgreie eit mogleg forbod mot fossil fyring til energiformål i industrien. Oppdraget har også omfatta kva som vil vere ei tenleg avgrensing av forbudet. Miljødirektoratet leverte våren 2023 konsekvensutgreiinga *Forbud mot bruk av fossile brenslar til energiformål i industrien fra 2030*.

Regjeringa vil i 2030 innføre eit forbod mot bruk av fossile brensel til indirekte fyring i industrien som gjev utslepp under innsatsfordelinga. Det blir gjeve høve for unntak i tilfelle der forbodet vil innebære svært høge kostnader målt opp mot nytteverdien eller andre openbert urimelege konsekvensar, irekna avgrensingar i tilgangen på nett og kapasitet. Regjeringa vil vurdere å utvide forbudet til også å inkludere direkte fyring etter 2030. Miljødirektoratet har fått i oppdrag å utarbeide eit forslag til forskrift. Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Greie ut og fremje forslag om forbod mot bruk av fossil gass i byggvarme

Vedtak nr. 113, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringa utrede og fremme forslag om forbud mot bruk av fossil gass i byggvarme, med sikte på ikrafttredelse i 2025.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Vedtaket er under oppfølging. Miljødirektoratet har levert eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om barrierar og potensial for utsleppskutt i byggje- og anleggsverksemda. Forbod mot bruk av fossil gass i byggvarme blir trekt fram som eitt av fleire tiltak for å redusere utslepp frå byggje- og anleggsverksemd. Klima- og miljødepartementet har gjeve Miljødirektoratet i oppdrag å greie ut eit forbod og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte

Opptrapping av omsetningskrav for avansert biodrivstoff i luftfart

Vedtak nr. 114, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringa sende forslag om opptrapping av omsetningskrav for avansert biodrivstoff i luftfart på høring, med forslag om et omsetningskrav på 2 volumprosent fra 1. juli 2023.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Miljødirektoratet har våren 2023 hatt på alminneleg høyring eit forslag om opptrapping av omsetningskrav for avansert biodrivstoff til luftfart. Høyringa vart avslutta 9. mars 2023. Høyringsnotatet foreslo eit omsetningskrav på 2 volumprosent frå 1. juli 2023. Vi viser vidare til vedtak 916 for vidare vedtak om den same saka.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

## Intensivere arbeidet mot pukkellaks

Vedtak nr. 118, 1. desember 2022

*«Stortinget ber regjeringen intensivere arbeidet mot pukkellaks, herunder å tillate fangst av pukkellaks i sjø før sommeren 2023.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2023 og forslaget til statsbudsjett for 2023, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

I løpet av 2022 og våren 2023 vart det lagt ned eit intensivt arbeid for å førebu store uttak av pukkellaks i vassdrag i Troms og Finnmark. I tillegg til dei 25,3 mill. kronene som vart sette av til å kjempe mot pukkellaks over statsbudsjettet for 2023, foreslo regjeringa ytterlegare 10 mill. kroner til dette formålet i revidert nasjonalbudsjett. Sommaren 2023 vart det iverksett pukkellaksuttak og -beredskap i rundt 60 vassdrag, og over 30 av desse vassdraga fekk installert pukkellaksfeller. I tråd med vedtaket har arbeidet mot pukkellaks blitt betydeleg intensivert.

I januar 2023 publiserte Vitenskapelig råd for lakseforvaltning ein rapport om kva konsekvensar eit fiske med ulike garnreiskapar etter pukkellaks i sjø kan ha for annan anadrom laksefisk. I rapporten kjem det fram at eit målretta pukkellaksfiske i sjø i tillegg til det ordinære sjølaksefisket vil føre til ein stor risiko for altfor stor fangst av villaks, sjøaure og sjørøye. Basert på denne rapporten gav Klima- og miljødepartementet, saman med Nærings- og fiskeridepartementet, eit oppdrag til Miljødirektoratet om å vurdere korleis eit fiske etter pukkellaks i sjø burde innrettast for at uttaket skulle bli effektivt samstundes som skaden på dei naturleg heimhøyrande artane vart minst mogleg. Oppdraget skulle utførast i samråd med Fiskeridirektoratet.

I svaret på oppdraget frå direktorata peiker Miljødirektoratet på at det er stor risiko for auka døyelegheit av annan anadrom laksefisk dersom ein skal fiske ut pukkellaks i sjø med alminnelege garnreiskapar, og dei tilrår å følgje hovudstrategien om å ta ut pukkellaks i elvane. Fiskeridirektoratet viser til at ein har liten kunnskap om uttak av pukkellaks med saltvassreiskapar, og tilrår forsøksfiske før ein legg opp til pukkellaksuttak i sjø med slike reiskapar. For å følgje opp Stortingets vedtak foreslo Klima- og miljødepartementet å leggje til rette for eit målretta fiske etter pukkellaks i sjø i det tidsrommet pukkellaksen oppheld seg i kyst- og fjordområda. Fisket skulle skje med små maskevidder, og det var krav om gjen-

utsetjing av all annan levande anadrom laksefisk. Det målretta pukkellaksfisket skulle erstatte det ordinære sjølaksefisket for at konsekvensane for annan laksefisk ikkje skulle bli for store. Forslaget fekk sterk kritikk, særleg frå sjølaksefiskarane. Etter konsultasjonar med sjølaksefiskarorganisasjonane og Sametinget bestemte Klima- og miljødepartementet å skrinleggje forslaget og å føre vidare det ordinære sjølaksefisket der pukkellaks inngår som bifangst.

Klima- og miljødepartementet har gjennom denne prosessen grundig vurdert korleis Stortingets vedtak kunne gjennomførast på ein forvarleg måte av omsyn til villaks og annan anadrom laksefisk. Samstundes var det ikkje ønskeleg å gjennomføre det einaste alternativet som ville vore i tråd med dei faglege råda.

I tillegg til det ordinære sjølaksefisket der pukkellaks inngår som bifangst, vart det i 2023 gjennomført forskingsfiske etter pukkellaks i sjø fleire stader i Finnmark. Resultata frå desse forskingsprosjekta vil gje eit betre kunnskapsgrunnlag for eventuell bruk av saltvassreiskapar under det neste forventa pukkellaksinnrykket i 2025.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Bidraget frå verkemiddelapparatet til ein meir sirkulær økonomi

Vedtak nr. 450, 12. januar 2023

*«Stortinget ber regjeringen kartlegge hvordan virkemiddelapparatet kan innrettes slik at man i sterkeregrad støtter opp under deler av eller hele verdikjeder som bidrar til en overgang til mer sirkulærøkonomi.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Innst. 124 S (2022–2023).

Vedtaket er under oppfølging. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kompetansebehov knytt til nye sirkulære forretningsmodellar

Vedtak nr. 451, 12. januar 2023

*«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med aktuelle bransjer og næringer, å innhente oppdatert kunnskapsgrunnlag om kompetansebehovet forbundet med nye, sirkulære forretningsmodeller, og etablere flere treparts bransjeprogrammer.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga, jf. Innst. 124 S (2022–2023).

Vedtaket er under oppfølging. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Endre Enovas mandat

Vedtak nr. 507, 23. februar 2023

*«Stortinget ber regjeringa om å endre Enovas mandat slik at det omfattar energieffektivisering for alle sektorer i løpet av våren 2023.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Sofie Marhaug og Geir Jørgensen om ei kraftfull satsing på lokal energiproduksjon og -sparing og representantforslag frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken og Kim Thoresen-Vestre om ein plan for enøk, jf. Innst. 192 S (2022–2023), Stortingets forretningsorden § 14 nr. 8 bokstav b.

Mandatet til Enova omfattar no energieffektivisering i alle sektorar. Regjeringa presiserte i mars 2023 mandatet til Enova knytt til energi, jf. tilleggsavtale av 15. februar 2023 om forvaltning av midlane frå Klima- og energifondet. Der går det fram at *«Enova skal finne gode løysningar som tar hensyn til behovet for et effektivt energisystem. Det innebærer at Enova blant annet skal bidra til mer effektiv bruk av energi, mer effektiv utnyttelse av eksisterende nett og utvikling av nye energiteknologier i alle sektorer»*.

Departementet viser også til svar på oppmodningsvedtak 509 (2022–2023) og til utvida omtale under kap. 1428.50.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Støtteordningar for energieffektivisering med moden teknologi

Vedtak nr. 508, 23. februar 2023

*«Stortinget ber regjeringa sørge for at Enova har tilgjengelig støtteordningar for energieffektivisering med moden teknologi i tråd med Vedtak 21 (2022–2023) senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2023.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Sofie Marhaug og Geir Jørgensen om ei kraftfull satsing på lokal energiproduksjon og -sparing og representantforslag frå stortingsrepresentantane

Lars Haltbrekken og Kim Thoresen-Vestre om ein plan for enøk, jf. Innst. 192 S (2022–2023), romartal I.

Som ei oppfølging av presiseringa i mandatet i tilleggsavtalen styrker Enova satsinga på energi i breitt og energieffektivisering meir spesifikt. Dette inneber mellom anna ei ny investeringsstøtte retta mot burettslag, sameige og yrkesbygg som koplar støtta til energimerket og forbetra energiyting basert på ei grundig kartlegging. Formålet med investeringsstøtta er å auke etterspurnaden og gjennomføringa av energiltak, auke andelen energimerkte næringsbygg og etablere ein marknad for energitenester. Enova har dessutan styrkt satsinga på einestader og småhus gjennom Enovatilskotet ved å auke budsjettet.

Departementet viser elles til svar på oppmodningsvedtak 21 (2022–2023) og til utvida omtale under kap. 1428.50.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Støtte til energieffektivisering og lokal energiproduksjon hos hushalda

Vedtak nr. 509, 23. februar 2023

*«Stortinget ber regjeringa gi Enova et tilleggsmandat om å sørge for økt forsyningsikkerhet ved å bidra til vesentlig mer energieffektivisering og lokal energiproduksjon hos husholdninger. Dette må gjøres gjennom støtte til moden teknologi som gir raske reduksjoner i bruk av strøm fra nettet, for eksempel gjennom varmpumper, etterisolering av deler av bygningskroppen, utskiftning av vinduer, batterier, bergvarme og lignende. Det må gis støtte med samtidig utbetaling. Tilleggsmandatet til Enova må være på plass innen mars 2023.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Sofie Marhaug og Geir Jørgensen om ei kraftfull satsing på lokal energiproduksjon og -sparing og representantforslag frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken og Kim Thoresen-Vestre om ein plan for enøk, jf. Innst. 192 S (2022–2023), romartal II.

Departementet viser til svar på oppmodningsvedtak 21, 23 og 507 (2022–2023) og til utvida omtale under kap. 1428.50.

Departementet ser med dette vedtaket som følgt opp.

Gamle nedlagde gruver i Noreg og forureiningsfaren dei utgjer

Vedtak 608, 18. april 2023

*«Stortinget ber regjeringen innhente en total oversikt over gamle nedlagte gruver i Norge og forurensningsfaren de utgjør ut ifra de stedegne kvalitetene til vann- og jordforekomstene, og innen utgangen av vårsesjonen 2024 komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken, Birgit Oline Kjerstad og Torgeir Knag Fylkesnes om opprydding av nedlagde og forureinande gruver, jf. Dok. 8:112 S (2022–2023) og Innst. 265 S (2022–2023).

Vedtaket er under oppfølging. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Ein plan for korleis Noreg kan få ein leiande posisjon i produksjonen av berekraftig drivstoff

Vedtak nr. 632, 2. mai 2023

*«Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for hvordan Norge kan få en ledende posisjon i produksjonen av bærekraftig drivstoff, slik at Norge er godt posisjonert gjennom et industrielt miljø når innblandingskravene blir innført i EU, og komme tilbake til Stortinget på en egnet måte.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Kari Eskeland, Trond Helleland, Erlend Larsen, Mona Fagerås og André N. Skjelstad under behandlinga av Meld. St. 10 (2022–2023), jf. Innst. 301 S (2022–2023).

I Hurdalsplattforma varsla regjeringa at vi vil leggje fram ein heilskapleg plan for norsk bioenergi. Dette vil vi gjere i Klimameldingen 2035, som skal leggjast fram hausten 2024. Vedtaket vil følgjast opp i denne planen.

Ein plan for å auke produksjonen av avansert biodrivstoff i Noreg

Vedtak nr. 633, 2. mai 2023

*«Stortinget ber regjeringen raskt legge frem en plan for å øke produksjonen av avansert biodrivstoff i Norge.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Liv Kari Eskeland, Trond Helleland, Erlend Larsen, Mona Fagerås og André N. Skjelstad under behandlinga av Meld. St. 10 (2022–2023), jf. Innst. 301 S (2022–2023).

I Hurdalsplattforma varsla regjeringa at vi vil leggje fram ein heilskapleg plan for norsk bioenergi. Dette vil vi gjere i Klimameldingen 2035, som skal leggjast fram hausten 2024. Vedtaket vil følgjast opp i denne planen.

Ein plan for auka produksjon av og etterspurnad etter biogass

Vedtak nr. 674, 23. mai 2023

*«Stortinget ber regjeringen legge fram en plan for økt produksjon av og etterspørsel etter biogass, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2024.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken og Birgit Oline Kjerstad om utsleppskutt med biodrivstoff og representantforslag frå stortingsrepresentantane Rasmus Hansson, Kristoffer Robin Haug og Lan Marie Nguyen Berg om auka produksjon og forbruk av biogass, jf. Innst. 312 S (2022–2023), romartal I. Vedtaket er til behandling i Klima- og miljødepartementet og er under oppfølging. Vedtak nr. 674 vil vere ein naturleg del av dette arbeidet. I Hurdalsplattforma varsla regjeringa at vi vil leggje fram ein heilskapleg plan for norsk bioenergi. Dette vil vi gjere i Klimameldingen 2035, som skal leggjast fram hausten 2024. Vedtaket vil følgjast opp i denne planen.

Ein oppdatert Klimaplan med konkrete verkemiddel

Vedtak nr. 760, 5. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 legge frem for Stortinget en oppdatert Klimaplan med konkrete virkemidler som viser hvordan klimamålene i 2030 skal nås.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av representantforslag frå stortingsrepresentantane Lars Haltbrekken, Birgit Oline Kjerstad og Kari Elisabeth Kaski om klimatiltak som monnar, jf. Innst. 475 S (2022–2023).

Noreg har meldt inn til FN under Parisavtalen at vi skal redusere klimagassutsleppa innan 2030

med 55 pst. samanlikna med 1990. Regjeringa jobbar systematisk med å følgje opp og sikre framgang med konkrete verkemiddel som vil gje utsleppskutt. Klimastatus og -plan blir lagd fram årleg og samanfattar klimapolitikken til regjeringa.

Hovudverkemidla i klimapolitikken som prising av utslepp gjennom CO<sub>2</sub>-avgift og EUs kvotesystem, i tillegg til støtte til teknologiutvikling, er godt forankra gjennom tidlegare klimaforlik og klimameldingar. Regjeringa vil auke avgiftene på ikkje-kvotepliktige utslepp fram mot 2030 til 2 000 2020-kroner per tonn CO<sub>2</sub>.

I tillegg vil regjeringa i løpet av 2024 leggje fram ei stortingsmelding om klima for perioden fram mot 2035. Klimapolitikken blir utvikla og styrkt over tid. Stortingsmeldinga vil byggje vidare på klimapolitikken med eit perspektiv mot 2035 og vil innehalde verkemiddel som også støttar opp under måla for 2030, og for 2050, da Noreg skal vere eit lågutsleppssamfunn. Vedtaket vil følgjast opp i denne meldinga.

Auke omsetningskravet for biodrivstoff til vegtrafikken og innføre delkrav for avansert biodrivstoff basert på A-råstoff

Vedtak nr. 915, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å øke omsetningskravet for biodrivstoff for veitrafikken samt å innføre et eget delkrav for avansert biodrivstoff basert på A-råstoff på høring, med sikte på innføring fra 1. januar 2024. Følgende forslag til økt omsetningskrav sendes på høring: Omsetningskravet for biodrivstoff til veitrafikk økes fra 17 til 19 pst. Delkravet for avansert biodrivstoff økes fra 12,5 til 14,5 pst. Det innføres et delkrav til avansert biodrivstoff fra A-råstoff på 1, 2 eller 3,5 pst.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023), romartal II.

På vegne av Klima- og miljødepartementet utarbeidde Miljødirektoratet eit forslag om å auke omsetningskravet for vegtrafikk frå 17 til 19 pst. Forslaget vart sendt på høring 23. juni 2023, foreslått å gjelde frå 1. januar 2024.

Regjeringa vil auke omsetningskravet i vegtrafikken frå 17 til 19 pst. frå 1. januar 2024. Delkravet til avansert biodrivstoff blir vidareført på 12,5 pst. Avansert biodrivstoff basert på A-råstoff er monaleg dyrare enn konvensjonelt biodrivstoff. Fleire høyringsinnstansar meinte det var for tidleg å innføre delkrav til A-råstoff allereie i 2024. Det

blir av den grunn ikkje innført eit delkrav til avansert drivstoff basert på A-råstoff. Vedtaket blir rekna som utkvittert.

Auke omsetningskravet for biodrivstoff i luftfarten og varsle framtidig opptrapping

Vedtak nr. 916, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å øke omsetningskravet for biodrivstoff i luftfarten til 2 pst. med ikrafttredelse fra 1. januar 2024. Samtidig skal det i statsbudsjettet for 2024 varsles fremtidig opptrapping.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023), romartal III.

Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet hatt på høyring eit forslag om å auke omsetningskravet for avansert biodrivstoff til luftfart frå 0,5 til 2 pst. med foreslått ikraftsetjing 1. juli 2023. Frist for fråsegner var 9. mars 2023.

Det har komme atskilleg med innvendingar i høyringsrunden. Dei fleste høyringsinnspela er kritiske til ein auke i omsetningskravet og ønskjer at auken blir utsett. Høyringsinstansane ber om ei utsetjing av auken i omsetningskravet til det felleseuropeiske omsetningskravet blir innført, som er foreslått å gjelde i EU frå 2025. Dette er grunngeve med at eit auka nasjonalt krav vil forsterke konkurranseulempa norske aktørar har samanlikna med europeiske aktørar. Før vi fremjar forslag om å auke omsetningskravet i luftfarten, må vi sikre at norske flyselskap får godskrive bruken av biodrivstoff i kvotesystemet, slik at insentivet og hensikta til verkemiddelet blir varetekne i størst mogleg grad. Frå 2025 vil omsetningskravet for luftfart følgje ein opptrappingsplan på same nivået som opptrappingsplanane i EU frå RefuelEU Aviation. Omsetningskravet for luftfart blir ikkje endra i 2024. Vedtaket blir rekna som utkvittert.

Auke omsetningskravet for biodrivstoff for ikkje-veggåande maskiner

Vedtak nr. 917, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å øke omsetningskravet for biodrivstoff for ikke-veggående maskiner på høring med sikte på innføring fra 1. januar 2024. Følgende omsetningskrav sendes på høring: 12 pst., 15 pst. og 19 pst.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023), romartal IV.

Opptapping av omsetningskravet for ikkje-veggåande maskiner som skissert i vedtak 917 føreset nye, større konsekvensutgreiingar. For dei omfattande aukane i kravet slik vedtaket ber om for ikkje-veggåande maskiner, bør mellom anna avgrensing mot landbasert kvotepliktig industri vurderast, i tillegg til at konsekvensar for aktørane innanfor jordbruk og skogbruk bør belysast nærmare. Omsetningskravet for biodrivstoff på 10 pst. for ikkje-veggåande maskiner vart innført 1. januar 2023, og vi har ikkje hatt tid til å erfare korleis kravet fungerer i praksis. Før omsetningskravet blir auka ytterlegare, bør vi trekkje inn erfaringar med det nyleg innførte kravet og sjå på om dokumentasjonskrava er tilfredsstillande.

For å sikre forsvarlege utgreiingar, stabilitet og føreseielege rammevilkår er det ikkje mogleg med tidslinja som vedtaket legg opp til. Innkjøparane må få tid til og føreseielege vilkår for å planleggje innkjøpa sine. Det vil dei ikkje få med auka krav frå 1. januar 2024 og varsling av desse i statsbudsjettet hausten 2023. Det vil tidlegast vere mogleg å auke omsetningskrava for ikkje-veggåande maskiner innan 1. januar 2025. Dette avheng av om ei slik opptapping er fornuftig i eit heilskapleg perspektiv, noko som vi ikkje har svar på før dette er greidd ut. Det skal innførast faste kontrollpunkt for heilskaplege evalueringar av total biodrivstoffbruk, og med ei slik evaluering vil det òg vere naturleg å vurdere opptapping for ikkje-veggåande maskiner. Saka er til behandling i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Auke omsetningskravet for biodrivstoff til sjøfart

Vedtak nr. 918, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringa høsten 2023 sende på høring et forslag om å øke omsetningskravet for biodrivstoff til sjøfart. Det sendes på høring forslag om økning til 8 pst., 10 pst. og 12 pst.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023), romartal V.

Omsetningskravet for sjøfart blir innført på 6 pst. frå 1. oktober 2023. Dette er eit heilt nytt krav i ein annan marknad der det i dag ikkje finst infrastruktur for biodrivstoff. Det er følgjeleg også her behov for å trekkje inn erfaringar før kravet

blir auka. Vedtaket inneber vidare ein vesentleg auke i omsetningskravet. Dette inneber at konsekvensane av auken må greiast ut i tråd med krava i utgreiingsinstruksen og høyrast i tråd med krava i forvaltningslova. For å sikre forsvarlege utgreiingar, stabilitet og føreseielege rammevilkår er det ikkje mogleg med tidslinja som vedtaket legg opp til. Høyninga avheng av om ei slik opptapping er fornuftig i eit heilskapleg perspektiv, noko som vi ikkje har svar på før dette er greidd ut. Det skal innførast faste kontrollpunkt for heilskaplege evalueringar av total biodrivstoffbruk, og med ei slik evaluering vil det òg vere naturleg å vurdere opptapping for ikkje-veggåande maskiner. Saka er til behandling i departementet.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Rett prising av negative utslipp

Vedtak nr. 919, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringa gjennomføre en ekstern utredning av virkemidler for samfunnsøkonomisk riktig prising av negative utslipp, slik som negativ CO<sub>2</sub>-avgift eller omvendte auksjoner, og vurdere muligheten for at støtte til CO<sub>2</sub>-fjerning (negative utslipp) kan kombineres med salg av klimakreditter.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2023, jf. Innst. 490 S (2022–2023), romartal VI.

I rapporten *Klimatiltak i Norge fram mot 2030* viser Miljødirektoratet at karbonfjerning i form av bio-CCS og DAC kan ha eit stort utsleppsreduksjonspotensial fram mot 2030. Regjeringa arbeider med å vurdere korleis vedtaket kan følgjast opp på mest mogleg effektiv måte. Oppfølginga vil skje i samarbeid med Olje- og energidepartementet og Miljødirektoratet.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

## 8.2 Stortingssesjon 2021–2022

Verkemiddel for raske utsleppskutt for store punktutslipp

Vedtak nr. 35.4, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringa vurdere ulike verkemiddel som kan bidra til raske utsleppskutt for store industrielle punktutslipp, irekna system for differansekontraktar.»*



Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Enova har lansert punktutsløppsprogrammet Industri 2050 der dei støttar utvikling og realisering av teknologisprang som bidreg til ein industri tilpassa lågutsleppssamfunnet. Dei støttar reduksjon av bruk av fossile energibærarar til oppvarming og mekaniske arbeidsprosessar, reduksjon av klimagassutslepp frå produksjonsprosessar og fangst og permanent lagring av CO<sub>2</sub>-utslepp. Vedtaket er under oppfølging. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav om nullutslepp og fossilfrie byggje- og anleggsplassar i offentlege anbod

Vedtak nr. 35.10, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om krav om nullutslipp og fossilfrie bygge- og anleggsplasser i offentlige anbud i løpet av 2022.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Som ein del av oppfølginga av dette oppmodingsvedtaket har Klima- og miljødepartementet bestilt eit oppdatert kunnskapsgrunnlag frå Miljødirektoratet om barrierar og potensial for utsleppskutt i byggje- og anleggsverksemda. Dette kunnskapsgrunnlaget vart levert 26. mai 2023. I rapporten er offentleg anbod eit av fleire verkemiddel som kan bidra til å redusere barrierar for omstillinga av byggje- og anleggsnæringa. Klima- og miljødepartementet har gjeve Miljødirektoratet i oppdrag å greie ut krav i offentlege anskaffingar og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Forbod mot bruk av fossile brensel på byggjeplassar

Vedtak nr. 35.11, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen utrede forbud mot bruk av fossile brenslar på byggeplassar og melde tilbake til Stortinget senest i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett 2022.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Som ein del av oppfølginga av dette oppmodingsvedtaket har Klima- og miljødepartementet bestilt eit oppdatert kunnskapsgrunnlag frå Miljødirektoratet om barrierar og potensial for utsleppskutt i byggje- og anleggsverksemda. Dette kunnskapsgrunnlaget vart levert 26. mai 2023. Fordelane og ulempene ved å varsle eit forbod mot fossile brensel langt fram i tid er eit verkemiddel som må greiast ut nærmare. Difor har Klima- og miljødepartementet gjeve Miljødirektoratet i oppdrag å greie ut eit forbod mot fossile brensel på byggjeplassar og vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Erstatte fossile brensel i industrien

Vedtak nr. 35.16, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan man kan erstatte fossile brenslar i industrien og komme tilbake til Stortinget i løpet av 2022.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

På bakgrunn av oppmodingsvedtaket fekk Miljødirektoratet våren 2022 i oppdrag å utarbeide ei oversikt over moglegheitene for å erstatte fossile brensel i fastlandsindustrien. For ikkje-kvotepliktige utslepp skulle det gjerast ei oppdatert vurdering av underlaget frå Klimakur 2030-rapporten og ei ytterlegare vurdering av moglege verkemiddel for å erstatte fossil fyring, som effekten av avgift til 2 000 kroner i 2030 og mogleg forbod frå 2030, eventuelt i kombinasjon med støtteordningar. For dei kvotepliktige utsleppa skulle svaret gje ei oversikt over moglege tiltak og barrierar for å redusere utslepp frå forbrenning. Oppdraget vart levert i juni 2022. Miljødirektoratet peiker i leveransen sin på at eit forbod mot fossil fyring vil måtte greiast ut i tråd med utgreiingsinstruksen, med ei fullstendig konsekvensutgreiing. På bakgrunn av dette har Miljødirektoratet gjennomført konsekvensanalysen *Forbud mot bruk av fossile brenslar til energiformål i industrien fra 2030* som vart levert våren 2023.

Miljødirektoratet tilrår at eit forbod i første omgang blir avgrensa til berre å gjelde indirekte bruk av fossile brensel. Forbodet vil da i all hovudsak omfatte utsleppskjelder som det vil vere relativt enkelt, teknisk sett, å elektrifisere. Direktoratet vurderer at det mest tenlege er å varsle eit forbod i både kvotepliktig og ikkje-kvotepliktig industri for å sikre likebehandling for små bedrifter innanfor og utanfor kvotesystemet.

Det blir vist til vedtak nr. 112 for omtale av oppfølginga av vedtaket.

Oppfylle mål om 10 pst. vern av kyst- og havområde og fremje nasjonal plan for marint vern

Vedtak nr. 35.20, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen oppfylle målet om 10 pst. vern av kyst- og havområder innen 2030, og fremme nasjonal plan for marint vern».*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet for 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 29 (2020–2021) *Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur* står sentralt i det vidare arbeidet med vern av kyst- og havområde. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte med status for arbeidet.

Greie ut produsentansvarsordning for tekstilar

Vedtak nr. 512, 3. mai 2022

*«Stortinget ber regjeringen utrede en produsentansvarsordning for tekstiler».*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:111 S (2021–2022) *Representantforslag om en mer bærekraftig og sirkulær tekstilindustri*, jf. Inns. 259 S (2021–2022), tilråding romartal I i innstillinga.

Departementet sette hausten 2022 ned ei arbeidsgruppe for å greie ut produsentansvarsordning for tekstilar. Arbeidsgruppa leverte i september 2023 tilrådinga si om korleis ei produsentansvarsordning for tekstilar bør innrettast. Forslaget er no til vurdering hos Klima- og miljødepartementet. Til orientering foreslo EU-kommisjonen sommaren 2023 å innføre utvida produsentansvar for tekstilar som no blir behandla i EU.

Departementet ser på vedtaket som følgt opp.

Gjennomgå regelverk og vurdere endringar for å sikre at klesbransjen bruker uselde tekstilvarer om att

Vedtak nr. 513, 3. mai 2022

*«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket og vurdere endringer for å sikre at klesbransjen i større grad gjenbruker usolgte tekstil-*

*varer i stedet for å destruere dem, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:111 S (2021–2022) *Representantforslag om en mer bærekraftig og sirkulær tekstilindustri*, jf. Inns. 259 S (2021–2022), tilråding romartal II i innstillinga.

Finansdepartementet har gjeve Skattedirektoratet i oppdrag å vurdere endringar av skatteregulverket for varer som blir gjevne til velgjerande formål, og som elles ville blitt kasta. Skattedirektoratet har foreslått endringar som er til vurdering hos Finansdepartementet. Som del av den nye økodesignforordninga foreslår EU-kommisjonen at store selskap må offentleggjere talet på uselde produkt dei kastar, og korleis overskotsvarer (inkludert tekstilar) blir handterte med tanke på ombruk, materialatvinning eller liknande. EU-landa (Rådet) og EU-parlamentet ønskjer eit forbod mot at store selskap kan destruere uselde tekstilar, direkte i forordninga, medan EU-kommisjonen hadde foreslått ein lovheimel for å fastsetje slike forbod i utfyllande rettsakter. Regelverket er no under forhandling i EU. Regjeringa har sendt eit forslag til ny lov om berekraftige produkt og verdikjeder på høyring, som foreslår å gjennomføre forslaget til ny økodesignforordning i norsk rett, og vil i samband med det komme tilbake til Stortinget.

Departementet ser på vedtaket som følgt opp.

Verkemiddel som kan bidra til å gjere direkte karbonfangst frå luft (DAC) lønnsamt

Vedtak nr. 713, 10. juni 2022

*«Stortinget ber regjeringen vurdere virkemidler som kan bidra til å gjere direkte karbonfangst fra luft (DAC) lønnsomt, herunder hvordan CO<sub>2</sub>-avgiften og handlingsrommet innenfor kvotehandlingsystemet kan innrettes for å få til dette.»*

Vedtaket vart gjort i behandlinga av Meld. St. 11 (2021–2022), tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021), jf. Innst. 446 S (2021–2022), tilråding romartal XLIV i innstillinga.

Vedtaket er under oppfølging. Miljødirektoratet har levert eit notat til Klima- og miljødepartementet om potensial, kostnader og moglege verkemiddel for industriell karbonfjerning. Vidare oppfølging av vedtaket vil sjåast i samanheng med Stortingets vedtak nr. 919, 16. juni 2023, om rett prising av CO<sub>2</sub>-fjerning.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte med status for arbeidet.

Levere ein plan for harmonisering av rammeverk for biogass i Norden

Vedtak nr. 753, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen om å følge opp initiativ til å harmonisere rammevilkårene for biogassproduksjon i Norden og komme tilbake til Stortinget med en plan for dette i forbindelse med budsjett for 2023, samtidig gjennomgå virkemidler for biogass i andre nordiske land og vurdere endringer for å sikre at norske biogassprodusenter er mer konkurransedyktige i møte med utenlandsk gassproduksjon.»

Vedtaket vart gjort i behandlinga av Meld. St. 11 (2021–2022), tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021), jf. Innst. 446 S (2021–2022), tilråding romartal XLV i innstillinga.

Miljødirektoratet har, på oppdrag frå departementet, levert ein rapport som gjennomgår verkemidla for biogass i Noreg, Sverige og Danmark. Miljødirektoratet kom ikkje med tilrådingar til korleis eller om rammevilkåra i Noreg bør endrast.

Rapporten viser at Noreg, Sverige og Danmark alle har verkemiddel for produksjon og bruk av biogass, men verkemidla treffer ulike delar av verdikjeda til biogassen og har ulik storleik. Gjennom Enova har den norske staten over fleire år gjeve mykje støtte til produksjon av biogass. Ser ein berre på investeringsstøtte, gjev det ikkje eit fullstendig bilete av rammevilkåra for biogassproduksjon i Noreg, Sverige og Danmark. Landa har strukturelle skilnader som gjer det vanskeleg å samanlikne effekten av ulike verkemiddel på tvers av landa. Noreg har til dømes det største samla avgiftsfritaket.

På bakgrunn av kunnskapen som kom fram i rapporten frå Miljødirektoratet, har Klima- og miljødepartementet drøfta problemstillinga for Nordisk råd. Landa skal no belyse problemstillingane som oppstår ved ulik verkemiddelbruk, og har gjeve embetskomiteen under Nordisk råd (EK-MK) i oppdrag å vurdere korleis saka kan følgjast opp vidare i det nordiske samarbeidet. Vedtaket er under oppfølging og vil følgjast opp som ein del av ein heilskapleg plan for norske bioressursar.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Utarbeide rapporteringssystem for bruk av berekraftig biodrivstoff utanfor omsetningskravet

Vedtak nr. 837, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med tilsvarende modell som Sverige for Norge for avansert biodrivstoff, og snarest mulig utarbeide et rapporteringssystem for bruk av bærekraftig biodrivstoff utover omsetningskravet, som oppfyller bærekraftskriteriene for biodrivstoff, og som ikke inneholder biodrivstoff med avskogingsrisiko. Dersom Sverige i prosessen med EU-kommisjonen ikke får gjennomslag for den foreslåtte modellen, bes regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til ny modell.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 2 (2021–2022), revidert nasjonalbudsjett, jf. Innst. 450 S (2021–2022).

Klima- og miljødepartementet er ansvarleg for den delen av vedtaket som går ut på eit rapporteringssystem for biodrivstoff utanfor omsetningskravet. Departementet har i mars 2023 fått ein rapport frå Miljødirektoratet om «System for flytende biodrivstoff utover omsetningskrav – Svar på oppdrag om å utrede og vurdere system for bruk av biodrivstoff utover statlige omsetningskrav». Vi har fått ein rapport om system for bruk av berekraftig biodrivstoff utover omsetningskravet og følgjer opp tilrådingane i rapporten frå Miljødirektoratet.

I oppmodingsvedtaket ber Stortinget regjeringa også om å komme tilbake til Stortinget med ein tilsvarende modell som Sverige for Noreg for avansert biodrivstoff. Dette er nærmare omtalt i Prop. 1 LS (2023–2024) *Skatter, avgifter og toll 2024*.

Regjeringa ser vedtaket som utkvittert.

### 8.3 Stortings sesjon 2020–2021

Bidra til gjennomføring av tiltak initierte av lokale og regionale styresmakter som reduserer utslipp i verdsarvfjordane

Vedtak nr. 690, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen bidra til gjennomføring av tiltak initiert av lokale og regionale myndigheter, som reduserer utslipp i verdensarvfjordene.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:23 S (2020–2021) *Representantforslag om utset-*

telse av kravet om nullutslipp i verdensarvfjordene fra 2026, jf. Innst. 251 S (2020–2021).

Oppmodningsvedtaket vil bli fulgt opp i samband med oppfølginga av vedtak nr. 691, 25. februar 2021, og vedtak nr. 672, 3. mai 2018.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Tiltak som sikrar verdsarvfjordane som anløpshamn for cruisebåtar også etter 2026 – etablering av landstraum i Flåm mv.

Vedtak nr. 691, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer verdensarvfjordene som anløpshavn for cruisebåtar også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:23 S (2020–2021) *Representantforslag om utsettelse av kravet om nullutslipp i verdensarvfjordene fra 2026*, jf. Innst. 251 S (2020–2021).

Oppmodningsvedtaket vil bli fulgt opp i samband med oppfølginga av vedtak nr. 690, 25. februar 2021, og vedtak nr. 672, 3. mai 2018.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Verkemiddel for meir effektiv og einskapleg skadefelling av rovvilt

Vedtak nr. 751, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om egnede virkemidler som gjør skadefelling av rovvilt mer effektivt og enhetlig.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:86 S (2020–2021), *Representantforslag om mer effektiv skadefelling av store rovdyr*, jf. Innst. 255 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet har fått ei fagleg vurdering og tilråding om vidare oppfølging av oppmodningsvedtaket frå Miljødirektoratet, og departementet har gjeve direktoratet beskjed om å følgje opp i tråd med tilrådinga. Dei sentrale punkta gjeld bruk av tekniske hjelpemiddel for raskare oppdaging av skadar og betre varslingsrutinar og vidare arbeid med spesialiserte rovvilthundar. Når det gjeld hund, vil det i samband med revisjonen av viltlova gjerast ei nærmare vurdering av dette. I RNB 2023 vart det også gjeve 10 mill. kroner ekstra for arbeid med effektiv skadefelling i kom-

munane, til dømes til oppgradering av tekniske hjelpemiddel.

Departementet ser på vedtaket som utkvittert.

Kompetanseoverføringsprosjekt om skadefelling

Vedtak nr. 752, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen iverksette et kompetanseoverføringsprosjekt for at de metodene og de erfaringene som er gjort av skadefellingslagene i Nord-Østerdal og Engerdal, blir overført til skadefellingslag andre steder i landet. Det bør utarbeides et kursopplegg og etableres et permanent nettverk som sikrer overføring av kunnskap og kompetanse.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:86 S (2020–2021), *Representantforslag om mer effektiv skadefelling av store rovdyr*, jf. Innst. 255 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet har fått ei fagleg vurdering og tilråding om vidare oppfølging av oppmodningsvedtaket frå Miljødirektoratet, og departementet har gjeve direktoratet beskjed om å følgje opp i tråd med tilrådinga. Dei sentrale punkta er å inkludere erfaringane frå Nord-Østerdal og Engerdal i eksisterande kursmateriell i kursinga som blir gjort i regi av NJFF, inkludere erfaringane i fellingsrettleiinga utarbeidd av Statens naturoppsyn mfl. og dessutan halde eit seminar for kommunar og fellingsleiarar der erfaringane blir drøfta.

Departementet ser på vedtaket som utkvittert.

Forslag om verkemiddel for meir effektiv lisensfelling

Vedtak nr. 753, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til hvordan virkemidler knyttet til skadefelling også kan bidra til å gjøre lisensfelling mer effektiv.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:86 S (2020–2021), *Representantforslag om mer effektiv skadefelling av store rovdyr*, Innst. 255 S (2020–2021). Klima- og miljødepartementet har fått ei fagleg vurdering og tilråding om vidare oppfølging av oppmodningsvedtaket frå Miljødirektoratet, og departementet har gjeve direktoratet beskjed om å følgje opp i tråd med tilrådinga. Bruk av spesialiserte rovvilthundar, som ofte primært er alte opp og dresserte med tanke på skadefelling, vil samstundes kunne bidra til å

gjere lisensfellinga meir effektiv. Eit vidare arbeid med spesialiserte rovvilthundar er vurdert som det mest aktuelle tiltaket for meir effektiv lisensfelling.

Departementet ser på vedtaket som utkvittert.

Nasjonal plan for å gjere land- og ladestraum, hydrogen, ammoniakk og andre grønne drivstoff tilgjengelege

Vedtak nr. 831, 22. april 2021

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en nasjonal plan for å gjøre land- og ladestrøm, hydrogen, ammoniakk og andre grønne drivstoff tilgjengelig.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 10 (2020–2021) *Grønnere og smartere – morgendagens maritime næring*, jf. Innst. 338 S (2020–2021).

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har DNV levert ein underlagsrapport om føresetnader, status, behov og barrierar for tilgjengeleggjering av ulike alternative berekraftige drivstoff til skipsfarten. Departementet arbeider no med utforminga av den nasjonale planen. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Forslag om revidering av motorferdsellova

Vedtak nr. 973, 25. mai 2021

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om revidering av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på økt lokalt selvstyre og redusert byråkrati knyttet til praktiseringen av loven, samtidig som hensyn til natur og friluftsliv blir ivaretatt.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:155 S (2020–2021), *Representantforslag om lokalt selvstyre over motorisert ferdsel i utmark*, og Dokument 8:161 S (2020–2021), *Representantforslag om revidering av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på redusert byråkrati*, jf. Innst. 429 S (2020–2021)

Vedtaket frå Stortinget er bakgrunnen for at Kongen i statsråd 3. september 2021 sette ned eit offentleg utval som skal gjennomgå regelverket om motorferdsel i utmark og vassdrag og foreslå endringar i dette. Utvalet skal levere utgreiinga innan 1. desember 2023. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med saka på eigna måte.

Oppfølging av globalt rammeverk for naturmangfald

Vedtak nr. 976, 25. mai 2021

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget om oppfølgingen av det globale rammeverket for naturmangfold på egnet måte så fort som mulig etter at rammeverket er på plass.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:174 S (2020–2021), *Representantforslag om en strategi for arbeidet med FNs naturavtale*, jf. Innst. 434 S (2020–2021).

Forhandlingane om eit globalt rammeverk for naturmangfald vart avslutta under COP 15 i Montreal i Canada, 7.–19. desember 2022. Regjeringa har starta arbeidet med ei stortingsmelding om korleis Noreg skal følgje opp rammeverket.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram stortingsmeldinga i løpet av 2024.

Greie ut insentivordning for at frivillige, inkl. lag og organisasjonar, vil bidra til rydding av plast

Vedtak 1001, 27. mai 2021

*«Stortinget ber regjeringen utrede en incentivordning for at flere frivillige, inkludert lag og organisasjoner, vil bidra til rydding av plast.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:236 S (2020–2021) *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast*, jf. Innst. 445 S (2020–2021).

Senter mot marin forsøpling (Marfo) har etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet evaluert ordninga for tilskot til tiltak mot marin forsøpling og greidd ut moglege tiltak for styrkt tilrettelegging og koordinering av opprydding av marin forsøpling, inkludert det frivillige oppryddingsarbeidet. Klima- og miljødepartementet har vurdert utgreiingane, og det blir teke omsyn til desse i det vidare arbeidet.

Departementet ser på vedtaket som følgt opp.

Tilskotsordning som dekkjer kostnadene med leveransar av avfall etter frivillige ryddeaksjonar

Vedtak 1004, 27. mai 2021

*«Stortinget ber regjeringen vurdere å innføre en tilskuddsordning som dekker kostnadene forbundet med leveranser av avfall etter frivillige rydde-*

*aksjoner. Stortinget ber regjeringen legge frem en sak om dette i forbindelse med statsbudsjettet for 2022.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:236 S (2020–2021) *Representantforslag om globale og nasjonale tiltak for renere hav og håndtering av plast*, jf. Innst. 445 S (2020–2021).

Miljøstyresmaktene forvaltar ei tilskotsordning for støtte til tiltak mot marin forsøpling. I 2023 vart det delt ut 33,5 mill. kroner til ulike oppryddingstiltak og nokre førebyggjande tiltak. Nokre kommunar har avfallsanlegg som tek imot rydda avfall gratis, medan andre tek betalt. Dekning av kostnader til levering av avfall inngår ofte i prosjekta som får støtte. Refusjonar til frivillige av mindre utgifter til ryddeutstyr, transport og levering av rydda avfall har i fleire år vore handterte ved Hold Norge Rents refusjonsordning. Midlar til refusjonsordninga har inngått i støtta Hold Norge Rent har fått frå tilskotsordninga. Handelens Miljøfond har auka støtta til det frivillige oppryddingsarbeidet, og støtta kan òg dekkje slike utgifter.

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har Marfo gjennomført ei utgreiing av tiltak for styrkt tilrettelegging og koordinering av opprydding av marin forsøpling. Moglege andre grep knytte til dekning av utgifter til levering av avfall inngår i utgreiinga. Klima- og miljødepartementet vurderer no situasjonen samla. Regjeringa meiner det ikkje er aktuelt med ei ytterlegare tilskotsordning.

Departementet ser på vedtaket som følgt opp.

Harmonisere rammevilkåra for biogassproduksjon i Norden

Vedtak 1009, 27. mai 2021

*«Stortinget ber regjeringen om å ta initiativ til å harmonisere rammevilkårene for biogassproduksjon i Norden og komme tilbake til Stortinget med en plan for dette for å bidra til å utvikle biogassnæringen i Norge.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dok. 8:231 S (2020–2021) *Representantforslag om å fjerne de statlige barrierene for produksjon og bruk av biogass*, jf. Innst. 468 S (2020–2021).

Miljødirektoratet har, på oppdrag frå departementet, levert ein rapport som gjennomgår verkeidla for biogass i Noreg, Sverige og Danmark. Vi viser òg til vedtak nr. 753, 10. juni 2022, om harmonisering av rammevilkåra for biogass i Norden.

Sjå omtale av korleis rapporten blir følgt opp, under vedtak nr. 753. Vedtaket er under oppfølging, og Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

## 8.4 Stortingssesjon 2019–2020

Nye mål i kulturmiljøpolitikken

Vedtak 708, 16. juni 2020

*«Stortinget ber regjeringen legge til grunn at en av de nye bevaringsstrategiene skal handle om kirker, og at det i den forbindelse legges til grunn en målsetting om at alle steinkirker fra middelalderen skal ha ordinært vedlikeholds nivå innen 1 000-årsjubileet for slaget på Stiklestad i 2030.»*

Vedtaket vart gjort ved behandling av Meld. St. 16 (2019–2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold*, jf. Innst. 379 S (2019–2020).

Klima- og miljødepartementet arbeider med å følgje opp Meld. St.16 (2019–2020). Bevaringsstrategiane vil bli lagde fram for Stortinget i Prop. 1 S (2023–2024). Barne- og familiedepartementet leier arbeidet med ein eigen bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kyrkjer. Klima- og miljødepartementet bidreg som samarbeidspartnar i arbeidet.

## 8.5 Stortingssesjon 2018–2019

Erstatningsreglane ved tap av beitedyr til rovvilt og kompensasjonsordninga (FKT)

Vedtak nr. 383, 31. januar 2019

*«Stortinget ber regjeringen foreta en vurdering av erstatningsordningene for tap av beitedyr til rovvilt og kompensasjonsordningen (FKT) og rapportere til Stortinget på egnet måte.»*

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Dokument 8:239 S (2017–2018) *Representantforslag om erstatningsreglene ved tap av beitedyr til rovvilt*, jf. Innst. 140 S (2018–2019).

Departementet er i gang med oppfølginga av dette vedtaket. Når det gjeld erstatningsordninga for tap av tamrein til rovvilt, er departementet si førebelse vurdering at det er behov for å sjå på endringar i ordninga. Departementet arbeider for å få gjennomført dette og vil involvere aktuelle partar i arbeidet. Når det gjeld erstatningsordninga for tap av husdyr til rovvilt, er departe-

mentet si vurdering at det kan vere behov for enkelte justeringar i ordninga, men at det mellom anna av ressursmessige omsyn er tenleg at vidare vurderingar ventar på arbeidet med erstatningsordninga for tamrein. Når det gjeld ordninga med tilskot til førebyggjande tiltak mot rovviltsskadar og konfliktdempande tiltak (FKT-ordninga), har Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Norsk institutt for naturforskning (NINA) utarbeidd rapporten *Vurdering av FKT-ordningen* (NIBIO rapport, vol. 6, nr. 130, 2020). Forvaltninga følgjer opp dette, mellom anna gjennom arbeid med forslag til revidert forskrift for tilskotsordninga. Forslag til revidert forskrift vil bli sendt på høyring. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

## 8.6 Stortingssesjon 2017–2018

Gjenbruk gjennom kommunane sine gjenbruksstasjonar

Vedtak nr. 481, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringa gi kommunane ansvar for å legge til rette for gjenbruk gjennom kommunenes gjenbruksstasjonar.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal II.

Det er vurdert at kommunane allereie har dette ansvaret, sjølv om det ikkje går uttrykkjeleg fram av forureiningslova, og at dette kan dekkjast over avfallsgebyret, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Energi- og miljøkomiteen tok regjeringa si vurdering til orientering og bad om ei orientering som fortel om kommunane følgjer opp dette ansvaret, jf. Innst. 9 S (2018–2019).

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ei orientering som fortel om kommunane følgjer opp.

Utleige av avfallskonteinrar frå godkjende avfallsselskap

Vedtak nr. 482, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringa gi kommunane anledning til selv å bestemme om de ønsker samtykke ved utleie av avfallskonteinere fra godkjente avfallsselskaper.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal III.

Departementet har gjeve i oppdrag til Miljødirektoratet å vurdere verkemiddel for auka førebuing til ombruk og materialattvinning av grovavfall som blir samla inn av private aktørar. Dette er vurderingar som er relevante i oppfølginga av dette vedtaket. Miljødirektoratet har levert tilrådinga si, og dette er no til vurdering i departementet. Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Matkastelov

Vedtak nr. 489, 27. februar 2018

«Stortinget ber regjeringa fremme forslag til en matkastelov som omfatter næringsmiddelindustrien og matvarebransjen. Loven bør omfatte påbud om å donere all spiselig overskuddsmat til veldedige formål og sekundært til dyrefôr, samt påbud om å offentliggjøre nøkkeltall knyttet til matsvinn og reduksjon av matsvinn.»

Vedtaket vart gjort ved behandlinga av Meld. St. 45 (2016–2017), jf. Innst. 127 S (2017–2018) *om Avfall som ressurs – Avfallspolitikkk og sirkulær økonomi*, jf. tilrådinga i innstillinga romartal XV.

Regjeringa sette i februar 2023 ned eit utval som skal greie ut heilskapleg tiltaks- og verkemiddelbruk for å nå målet om 50 pst. reduksjon av matsvinnet innan 2030 og korleis ei matkastelov skal inngå i ein samla verkemiddelbruk. Utvalet skal ferdigstille utgreiinga innan utgangen av 2023, og deretter vil forslaga vurderast, og det blir lagt opp ein prosess for korleis dette skal følgjast opp.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Greie ut strengare krav til svartvass- og gråvassutslepp frå cruiseskip

Vedtak nr. 661, 3. mai 2018

«Stortinget ber regjeringa utrede strengere krav til svartvanns- og gråvannsutslipp fra cruiseskip.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth

Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslepp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018), jf. tilrådinga i innstillinga romartal VIII.

Sjøfartsdirektoratet har greidd ut forslag til endring i regelverket for innføring av strengare krav til utslepp av kloakk frå skip langs kysten. Ei kartlegging frå Miljødirektoratet om mottakskapasiteten for kloakk og kloakkslam i hamnene inngår i faggrunnlaget. Det er behov for vidare utgreiing.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Implementere krav og reguleringar til utslepp frå cruiseskip og annan skipstrafikk i turistfjordar m.m.

Vedtak nr. 672, 3. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innføring av lav- og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslepp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018).

1. mars 2019 innførte Sjøfartsdirektoratet som eit første steg strengare utsleppskrav til skip i verdsarvfjordane.

I 2020 greidde Sjøfartsdirektoratet ut konsekvensane av å innføre nullutsleppskrav for turistskip og ferjer i verdsarvfjordane så snart det kan gjennomførast teknisk, og seinast innan 2026. Utgreiinga viste mellom anna at det er teknologiske utfordringar med å kunne oppnå nullutslepp for større turistskip, som cruiseskip, innan 2026.

Ved Stortingets behandling 25. februar 2021 av Dokument 8:23 S (2020–2021) *Representantforslag om utsettelse av krav om nullutslipp i verdsarvfjordane fra 2026* vart det gjort to nye opp-

modningsvedtak, høvesvis vedtak nr. 690, 25. februar 2021, *«Stortinget ber regjeringen bidra til gjennomføring av tiltak initiert av lokale og regionale myndigheter, som reduserer utslipp i verdensarvfjordene»*, og vedtak nr. 691, 25. februar 2021, *«Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer verdensarvfjordene som anløpshavn for cruisebåter også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022»*.

På bakgrunn av oppmodningsvedtaka sende Sjøfartsdirektoratet, på oppmoding frå departementet, sommaren 2023 forslag til eit regelverk for utsleppsfrie verdsarvfjordar på høyring med høyringsfrist 3. oktober 2023. Forslaget inneheldt også ei overgangsordning som skal sikre vidare cruiseanløp.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

Nasjonalt forbod mot sal av heliumballongar

Vedtak nr. 674, 3. mai 2018

*«Stortinget ber regjeringen snarest mulig utrede et nasjonalt forbud mot salg av heliumballonger, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, representantforslag frå stortingsrepresentantane Audun Lysbakken, Lars Haltbrekken, Kari Elisabeth Kaski, Arne Nævra og Torgeir Knag Fylkesnes om å gjennomføre Stortingets mål i klimaforliket om å kutte norske klimagassutslepp fram mot 2020, jf. Dok. 8:16 S (2017–2018) og Innst. 253 S (2017–2018).

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet gjer Miljødirektoratet ein større gjennomgang av produsentansvarsordningane. Miljødirektoratet tilrår ei forskrift med krav til utvida produsentansvar for utvalde eingongsprodukt av plast, irekna for ballongar. Bakgrunnen for forslaget er mellom anna EUs direktiv om plastprodukt ((EU) 2019/904) som stiller krav om at produsentar skal dekkje utgifter til handtering av forsøpling av visse typar plastprodukt. Miljødirektoratet har funne at det er lite forsøpling med ballongar i Noreg, og tilrår at ballongprodusentar har plikt til å melde seg inn i eit produsentansvarsselskap berre dersom plukkanalysar visar eit minimum av forsøpling frå ballongar. Som følge av dette er det ikkje fagleg grunnlag for eit forbod.

Departementet ser på vedtaket som følgt opp.



## 8.7 Stortingssesjon 2016–2017

Gratis levering av marint avfall

Vedtak nr. 529, 28. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen særskilt belyse hvordan gratis levering av marint avfall bør organiseres, og komme tilbake til dette på egnet måte.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandling av innstilling frå energi- og miljøkomiteen, Innst. 213 S (2016–2017), jf. Dok. 8:31 S (2016–2017), tilrådinga i innstillinga romartal I.

Regjeringa vedtok nyleg endringar i forureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip som gjennomførte EUs reviderte skipsavfallsdirektiv ((EU) 2019/883). Endringane inneber mellom anna at krav om avfallsgebyr i hamn skal innførast også for fiskefartøy og fritidsbåtar slik det no gjeld for andre typar fartøy. Samstundes skal også handtering av oppfiska avfall inkluderas i det generelle gebyret. Dette vil innebere at det ikkje blir kravd særskilt gebyr for innlevering av avfall som er fått opp frå havet. Det blir stilt krav om at hamner skal leggje til rette for mottak av kjeldesortert avfall frå skipa som nyttar hamna. Endringsforskrifta tek til å gjelde 1. oktober 2023.

Departementet ser på vedtaket som følgt opp.

Forslag til tiltak og verkemiddel for overvassproblematikk

Vedtak nr. 914, 14. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå anbefalingene fra overvassutvalget (NOU 2015: 6), og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med forslag til tiltak og virkemidler for overvassproblematikk, inkludert en vurdering av en egen sektorlov for vann- og avløp.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandling av Dok. 8:78 S (2016–2017), jf. Innst. 436 S (2016–2017), jf. tilrådinga i innstillinga romartal I.

Overvassutvalet foreslo ein pakke av verkemiddel som må sjåast i samanheng, og som til saman vil medverke til å oppnå måla om å forebygge skade på busetnad, infrastruktur, helse og miljø. Forslag til endringar i forureiningslova og vass- og avløpsanleggslova vart sendt på høyring i mars 2020 og er til behandling i Klima- og miljødepartementet. Kommunal- og distriktsdepartementet fremja forslag til endringar i plan- og

bygningslova om handtering av overvatn i 2022. Forslaget vart vedteke av Stortinget 27. juni 2022 og skal ta til å gjelde 1. januar 2024. Forslaget til overvassutvalet er også følgt opp i Meld. St. 26 *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn*. Her har regjeringa sagt at dei vil vurdere fordelar og ulemper ved å innføre eit eige gebyr for overvatn og greie ut ulike gebyrmodellar. Videre vil regjeringa sende forslag til nytt kapittel i forureiningsforskrifta med krav til etablering, tømning og vedlikehald av sandfang på høyring og greie ut behov for endringar i forureiningslova om ansvar for skade forårsaka av avløpsanlegg.

Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte.

## 8.8 Stortingssesjon 2015–2016

Handlingsplan for å betre situasjonen for sjøfugl

Vedtak nr. 674, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en handlingsplan for å bedre situasjonen for sjøfugler. I handlingsplanen må det gjøres en vurdering av hvilke øvrige sjøfugler som bør få status som prioritert art.»

Vedtaket vart gjort ved stortingsbehandlinga av Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald*, jf. Innst. 294 S (2015–2016), innstillinga romartal IX.

Dette er eit komplekst og samansett fagområde som involverer mange ulike sektorar. Det har vist seg vanskeleg å få på plass eit kunnskapsgrunnlag som kan gje grunnlag for ein treffsikker handlingsplan som kan betre situasjonen for sjøfugl. Departementet vil gjere ei nærare vurdering av korleis ein best kan betre situasjonen for sjøfugl. Vi vil og sjå dette i samanheng med det igangverande arbeidet i OSPAR med ein regional handlingsplan for sjøfugl for Nordaust-Atlanteren.

Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

Forbod mot mikroplast i kroppsspleieprodukt

Vedtak nr. 681, 23. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen om fremme forslag med sikte på å forby mikroplast i kroppsspleieprodukter.»

Stortinget gjorde vedtaket ved behandlinga av Dok. 8:44 S (2015–2016), jf. Innst. 282 S (2015–2016), tilrådinga i innstillinga romartal I.

Eit forslag til restriksjon frå EUs kjemikaliebyrå under EU/EØS-regelverket REACH mot mikroplast tilsett i produkt som blir marknadsførte i Europa, vart ferdigstilt i 2019. EU-kommisjonen la den 31. august 2022 fram forslag til endring av regelverket. Dette omfattar mellom anna forbod mot å omsetje produkt med tilsett mikroplast. Dette vil òg gjelde kroppspeieprodukt. For-

slaget fekk fleirtal i EU og er no til vurdering i Rådet og EU-parlamentet før det blir vedteke. Dette kan tidlegast skje hausten 2023. Deretter vil regelverket kunne takast inn i EØS-avtalen og gjennomførast i norsk rett. Stortinget vil bli orientert på eigna måte.

## 9 Kommunal- og distriktsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kommunal- og distriktsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingsessjonen 2022–2023 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 186 S (2022–2023) meinte ikkje

var følgde opp ferdig. I tabellen nedanfor blir det og opplyst om departementet planlegg at rapporteringa knytt til oppmodingsvedtaket no blir avslutta eller om departementet òg vil rapportere konkret på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 9.1 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	14	Husbankens arbeid med energiltak for låginntekts-hushaldningar	Ja
2022–2023	15	Gebyrfri søknad om byggesak for energioppgradering	Ja
2022–2023	24	Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg	Nei
2022–2023	88	Husleigelovutval	Ja
2022–2023	196	Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame	Nei
2022–2023	197	Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer	Nei
2022–2023	380	Evaluering av støttetiltaka for Aust-Finnmark	Ja
2022–2023	383	Statlege arbeidsplassar til Finnmark	Ja
2022–2023	452	Materialbankar for ombruk av byggevarer	Ja
2022–2023	453	Innrapportering av avfallsmengdene frå bygge- og anleggsbransjen	Ja
2022–2023	454	Strategi for massehandtering	Nei
2022–2023	455	Digital marknadsplass for overskotsmassar	Nei
2022–2023	583	Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar	Nei
2022–2023	584	Deling av data med stor samfunnsmessig verdi	Ja
2022–2023	651	Oppfølging av vedtak nr. 383 (2022–2023)	Ja
2022–2023	667	Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar	Ja
2022–2023	710	Marine grunnkart	Ja
2022–2023	780	Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins	Nei
2022–2023	819	Kapitalkostnadar ferjeavløysingsprosjekt	Ja
2022–2023	820	Eit meir utjamnande inntektssystem for kommunane	Nei
2022–2023	821	Evaluering av inntektssystemet for fylkeskommunar	Nei

Tabell 9.1 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	823	Namdalen og distriktstilskot Nord-Noreg	Nei
2022–2023	824	Evaluering av frikommuneforsøk	Nei
2022–2023	826	Terskelbeløpet i Merkur-ordninga	Ja
2022–2023	922	Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye statlege byggeprosjekt	Nei
2022–2023	930	Bustøtte og trygdeoppgjer	Nei
2022–2023	931	Meir treffsikker bustøttesordning	Nei
2022–2023	934	Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg	Nei
2021–2022	35 nr. 7	Lokal energiproduksjon, energieffektivisering og ladeinfrastruktur i burettslag	Ja
2021–2022	35 nr. 15	Nullutslepp eller fossilfrie anleggsplassar i planreglar	Nei
2021–2022	35 nr. 27	Levekår i byar	Ja
2021–2022	35 nr. 35	Blankoskøyter og plikt til tinglysing	Nei
2021–2022	35 nr. 42	Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	35 nr. 43	Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester	Nei
2021–2022	35 nr. 54	Bustader for studentar i kommunale arealplanar	Nei
2021–2022	363	Kompensere kommunane og fylkeskommunane som følgje av smitteverntiltak	Ja
2021–2022	413	Leiarlønningar i staten	Nei
2021–2022	722	Vindkraft på land	Ja
2021–2022	726	Energifleksibel oppvarming	Nei
2021–2022	791	Plan for breibanddekning II	Ja
2021–2022	792	Frikommuneforsøk	Ja
2021–2022	828	Meirutgifter til pandemien i kommunane og fylkeskommunane	Ja
2020–2021	1060	Utgreie rett til høgastigheitsinternett for alle husstandar	Ja
2020–2021	1066	Mobil- og internettdekning langs eksisterande riksvegar	Nei
2020–2021	1209	Klarare reglar for krav til sløkkevatn	Ja
2020–2021	1252	Helsetenester nytta utanfor bustadkommunen	Nei
2018–2019	55	Opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærar	Nei
2016–2017	700	Stryke listekandidatar	Ja
2016–2017	845	Sørsamisk språk	Ja
2015–2016	646	Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise	Nei
2015–2016	861	Endringar i vallova	Ja

## 9.1 Stortingssesjon 2022–2023

Husbankens arbeid med energitiltak for låginntekts-hushaldningar

Vedtak nr. 14, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere å styrke Husbankens arbeid med energitiltak for lavinntekts-husholdninger, for eksempel ved å opprette en midlertidig låneordning som kan benyttes til installasjon av varmepumpe, etterisolering av bygg og andre relevante enøktiltak, i samspill med eksisterende enøkordninger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrise, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

Låginntektshushaldningar blir ofte avgrensa som hushaldningar med inntekt under 60 pst. av nasjonal medianinntekt (EU60). For ein einsleg person tilsvarte låginntektsgrensa 251 600 kroner i 2021 (tal frå SSB). I 2022 hadde 16 pst. av hushaldningane ei inntekt som var under EU60 (tal frå SSB). I tal utgjorde dette 410 000 hushaldningar, der 163 000 var bustadeigarar og 247 000 hushaldningar leigde bustaden sin. Delen hushaldningar som leiger bustad, har auka dei siste åra og delen er særleg auka blant låginntekstshushaldningar. Lån kan i mange høve vere eit treffsikkert verkemiddel, men ei låneordning for installasjon av varmepumpe, etterisolering av bygg med vidare, vil truleg ikkje vere eit sterkt nok insentiv til å utløyse energitiltak for husstandar med låge inntekter. Husstandar med låge inntekter kan ha utfordringar med å finansiere sjølv delar av eit energitiltak, og mange har allereie høg gjeldsbelastning. I ei tid med høge renter, høg prisvekst og mogleg fall i bustadprisar, er det ikkje tilrådeleg å auke låneopptaket til desse hushaldningane. Dette er òg ei gruppe som ofte leiger bustaden dei bur i.

Som i 2022 og 2023, foreslår regjeringa å gi ekstra straumstøtte til bustøttemottakarar for januar til mars 2024, sjå nærare omtale under kap. 581, post 70. Det er òg vedtatt mellombelse endringar i bustøtteregulverket, som inneber markant høgare inntektsgrenser og dermed vesentleg fleire bustøttemottakarar enn i det ordinære regelverket. Regjeringa foreslår å vidareføre dei mellombelse endringane for januar til mars 2024.

Dette treffer hushaldningar med låge inntekter godt.

Regjeringa oppretta i 2023 ei ny tilskotsordning, kap. 581, post 60 Energitiltak i utleigebustader, omsorgsbustader og sjukeheimar. Ved å redusere straumutgiftene i mellom anna kommunalt eigde utleigebustader, vil ordninga kunne bidra til lågare straumutgifter for dei husstandane som ikkje har straum dekt gjennom husleiga. Ordninga fekk ei løyving på 160 mill. kroner i saldert budsjett for 2023. I revidert nasjonalbudsjett vart løyvinga styrka med 103,8 mill. kroner, slik at den samla løyvinga i 2023 er 263,8 mill. kroner. Regjeringa vidarefører i 2024 ordninga under Olje- og energidepartementets budsjettområde. For nærare omtale, sjå kap. 1825, post 21 under Olje- og energidepartementet.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Gebyrfri søknad om byggesak for energioppgradering

Vedtak nr. 15, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med kommunene for å vurdere en midlertidig eller tidsbegrenset ordning der søknad om byggesak for energioppgradering gjøres gebyrfri.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrise, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

I *Veileder for beregning av selvkost og gebyrforskrift i byggesaker* har departementet synleggjort handlingsrommet kommunane har til å ta lågare gebyr enn selvkost for tiltak dersom dei ønskjer det. Kommunane kan i gebyrforskrifta si gi føresegn som inneber reduksjon for å fremje visse typar tiltak. Dette kan til dømes vere ei føresegn om reduksjon ved prosjekt som inneber nullutslepp, universell utforming og andre formar for «grønt gebyr». Bruker dei dette høvet, er det kommunen som subsidierer sakene over dei frie inntektene sine dersom utgiftene overstig selvkost. Departementet vil informere KS om dette handlingsrommet.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Unntak frå søknadsplikta etter plan- og bygningslova for mindre solenergianlegg

Vedtak nr. 24, 18. oktober 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere å midlertidig eller tidsbegrenset unnta mindre solenergianlegg fra søknadsplikta etter plan- og bygningsloven, med unntak for fredede og verneverdige bygg, og fjerne kravet om netttinnmelding på anlegg under 7 kW.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby og Ola Elvestuen om ekstraordinære tiltak som følgje av straumkrise, jf. Dokument 8:289 S (2021–2022) og Innst. 25 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmodningsvedtaket som ein del av arbeidet med endringar i byggeteknisk forskrift og byggesaksforskrifta for å bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Husleigelovutval

Vedtak nr. 88, 1. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sette ned et Husleielovutvalg som går gjennom Husleieloven for å vurdere hvordan den kan styrke leietagernes rettigheter, sikre grunnleggende botrygghet og at loven samsvarer bedre med dagens situasjon på leiemarkedet. Utvalget settes ned våren 2023, og en ny lov skal behandles i inneværende stortingsperiode.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023* og Innst. 2 S (2022–2023).

Regjeringa har sett ned eit husleigelovutval, jf. kgl. res. 16. juni 2023 nr. 2023/25. Utvalet skal gå gjennom husleigelova og mellom anna vurdere og foreslå endringar som styrkjer leigarar sine rettar, sikrar grunnleggande butryggleik og som gjer at lova er tilpassa situasjonen i leigemarknaden. Utvalet skal òg vurdere endringar som gjer at lova betre enn i dag varetar interessene til dei ulike aktørane i leigemarknaden på ein god og samfunnsstenleg måte. Departementet tar sikte på å legge fram eit forslag om endringar i delar av lova i inneverande stortingsperiode.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgd opp.

Konsekvensar ved eit norsk forbod mot atferdsbasert reklame

Vedtak nr. 196, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvilket handlingsrom Norge har til å regulere digitale tjenester utover reguleringen i Digital Services Act og Digital Markets Act, med tanke på å vurdere konsekvenser ved et norsk forbud mot reklame som er basert på masseinnsamling av personopplysninger, sporing og profilering av enkeltpersoner på digitale plattformer. Vurderingen skal omfatte både innhenting, bruken og eventuelt salg/utlevering av personopplysningene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Departementet er opptatt av ein god digitaliseringspolitikk som tek vare på både personvernet og næringsinteresser. Departementet vurderer, i dialog med andre departement som saka rører ved, korleis oppmodningsvedtaket best kan følgjast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Lagring av biometriske data frå sosiale medieplattformer

Vedtak nr. 197, 12. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede omfanget av og utfordringene rundt lagring av biometriske data fra norske forbrukere på sosiale medieplattformer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Ingvild Wettrhus Thorsvik, Grunde Almeland og Alfred Jens Bjørlo om betre personvern på sosiale media, jf. Dokument 8:167 S (2021–2022) og Innst. 100 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmodningsvedtaket i samband med oppfølginga av Personvernkommissjonens rapport NOU 2022: 11 *Diitt personvern – vårt felles ansvar*.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

## Evaluering av støttetiltaka for Aust-Finnmark

Vedtak nr. 380, 19. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen evaluere støttetiltakene for Øst-Finnmark vedtatt ved behandlingen av Prop. 78 S (2021–2022), og orientere Stortinget på egnet måte, senest våren 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, Guri Melby og Sofie Høgestøl om ein omstillingspakke for Finnmark, jf. Dokument 8:269 S (2021–2022) og Innst. 95 S (2022–2023).

Oppmodingsvedtaket vart følgt opp i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023, jf. omtale i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*.

## Statlege arbeidsplassar til Finnmark

Vedtak nr. 383, 19. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere utflytting og lokalisering av egnede statlege arbeidsplassar til Finnmark.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, Guri Melby og Sofie Høgestøl om ein omstillingspakke for Finnmark, jf. Dokument 8:269 S (2021–2022) og Innst. 95 S (2022–2023).

Regjeringa er opptatt av utviklinga i Finnmark og ser lokalisering av statlege verksemder i regionen som eit verktøy for styrking av lokale arbeidsmarknader og auka attraktivitet for busetting. Regjeringa er derfor opptatt av å legge til rette for at moglege alternativ for lokalisering av statlege arbeidsplassar i Finnmark også blir vurdert.

I retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon er det presisert at eitt av tre lokaliseringalternativ som blir vurdert, skal ligge på sentralitet 3-6. Den tilhøyrande rettleiaren peikar på at lokalisering i Nord-Noreg bør bli vurdert. Som oppfølging av oppmodingsvedtaket vil regjeringa spisse denne oppmodinga til at «lokalisering i Nord-Noreg og særleg i Finnmark bør bli vurdert».

I lokaliseringssaker som denne regjeringa har behandla i tråd med retningslinjene, har følgjande blitt lagt til Finnmark:

- Sekretariatet for tilsynsrådet for kriminalomsorga, fem stillingar til Vardø (nyetablering).

- Fiskeridirektoratet: Leiarfunksjonen i Fartøy- og deltakerseksjonen blir lagt til Vadsø.

Regjeringa har gitt føring til alle statlege verksemder om å styrkje tilrettelegginga for desentralisert arbeid. Dette vil kunne gi høve til fleire å kunne enten ta med seg ein statleg jobb ved flytting til Finnmark, eller at folk som bur i Finnmark kan ha tilgang til statlege stillingar som blir utlyst med høve for desentralisert arbeid.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

## Materialbankar for ombruk av byggevarer

Vedtak nr. 452, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etablering av materialbanker for ombruk av byggevarer, i samarbeid med aktører i bransjen og øvrige nordiske land.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Samordningsrådet for digitalisering har sett i gang fleire pilotprosjekt for å samordne digitaliseringsarbeid i bygge- og anleggsnæringa, og stimulere til betre digital informasjonsflyt, særleg for byggevarer med stort potensial for ombruk. Desse grepa støttar opp om etablering av digitale materialbankar. Vidare har regjeringa invitert bygge-, anleggs- og eigedomsnæringa til dialog om klimapartnerskap. Å redusere dei samla utsleppa frå næringa vil mellom anna krevje meir sirkulære løysingar, og dialogen om klimapartnerskap skal synleggjere korleis ulike aktørar må bidra for å lykkast med dette.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

## Innrapportering av avfallsmengdene frå bygge- og anleggsbransjen

Vedtak nr. 453, 12. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen effektivisere og digitalisere innrapportering av avfallsmengdene fra bygge- og anleggsbransjen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om

ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Samordningsrådet for digitalisering i bygg- og anleggsnæringa stimulerer næringsaktørane til å bruke nye metodar og arbeidsmåtar. Samordningsrådet har hausten 2023 ferdigstilt eit pilotprosjekt for å betre datagrunnlaget knytt til avfallsmengder. I arbeidet med piloten har ein sett på korleis avfall kan rapporterast digitalt frå dei ulike avfallsmottaka, og skissert ei konkret løysing på dataflyten som viser korleis tenestene kan fungere. Avfalls- og gjenvinningsnæringa har deltatt i pilotarbeidet, og vil sjå på vidare arbeid med korleis ei slik teneste kan implementerast.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

#### Strategi for massehandtering

Vedtak nr. 454, 12. januar 2023

*«Stortinget ber regjeringen gjennomgå relevant regelverk og utarbeide en tverrsektoriell strategi for massehandtering i samarbeid med bygge- og anleggsnæringen.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Ei bredt samansett direktoratsgruppe, som var leia av Miljødirektoratet, tilrår i rapporten «Tverrsektorielt prosjekt om disponering av jord og stein som ikke er forurenset», ei rekke tiltak for å sikre ein meir berekraftig forvaltning av reine overskotsmassar frå bygge- og anleggstilltak. Direktoratsgruppa viser til at det er uklarleiker i regelverket, ulik praksis og lite effektiv saksbehandling knytt til massehandtering. Det høgast prioriterte tiltaket er derfor å gjennomgå relevant regelverk og utarbeide ein tverrsektoriell rettleiar knytt til gjeldande regelverk for massehandtering.

Kommunal- og distriktsdepartementet startar hausten 2023 arbeidet med ein slik rettleiar, og har som mål at den vil vere klar i første kvartal 2024. Arbeidet vil skje i samarbeid med aktuelle departement og i dialog med bygge- og anleggsnæringa.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

#### Digital marknadsplass for overskotsmassar

Vedtak nr. 455, 12. januar 2023

*«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etableringen av en digital markedsplass for overskuddsmasser, etter modell fra Bærum ressursbank.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Mathilde Tybring-Gjedde og Nikolai Astrup om ein meir sirkulær økonomi, jf. Dokument 8:254 S (2021–2022) og Innst. 124 S (2022–2023).

Ei bredt samansett direktoratsgruppe, som var leia av Miljødirektoratet, tilrår i rapporten «Tverrsektorielt prosjekt om disponering av jord og stein som ikke er forurenset», ei rekke tiltak for å sikre ei meir berekraftig forvaltning av reine overskotsmassar frå bygge- og anleggstilltak. Eit av tiltaka som vart forslått er å støtte etableringa av ein digital marknadsplass for overskotsmassar, og stimulere aktørar til å ta den i bruk. Bærum ressursbank, og deira samarbeidspartar, utviklar i dag eit marknadssystem med nye løysingar for framtidens handtering av overskotsmassar. Systemet skal etter planen bli klart sommaren 2024. Kommunen har fått 15 mill. kroner frå Innovasjon Noreg til å gjennomføre ei innovativ anskaffing for utvikling av systemet. Bærum ressursbank er i gang med ei pilotering med utvalde byggherrar og entreprenørar i Oslo-regionen. Kommunal- og distriktsdepartementet vil hausten 2023 gå i dialog med Bærum ressursbank med sikte på å vurdere moglegheita for å etablere eit tilsvarande system i ein nasjonal samanheng.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

#### Tilgjengeliggjering av data ved inngåing av offentlege kontraktar

Vedtak nr. 583, 13. april 2023

*«Stortinget ber regjeringen stille krav om at data gjøres tilgjengelig ved inngåelse av offentlige kontrakter, der det vurderes hensiktsmessig.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Linda Hofstad Helleland, Nikolai Astrup, Anne Kristine Linnestad og Heidi Nordby Lunde om datadreven industri, jf. Dokument 8:73 S (2022–2023) og Innst. 238 S (2022–2023).



Statens standardavtaler (SSA) er dei kontraktane som er mest brukt når det offentlege inngår avtaler om kjøp av IT og konsulenttenester. Som eit ledd i oppfølginga av Meld. St. 22 (2020–2021) *Data som ressurs – datadrevet økonomi og innovasjon*, fekk Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) i 2022 i oppdrag å vurdere om det var bruk for endringar i SSA for å legge betre til rette for deling og gjenbruk av data. DFØ har utarbeidd ein rapport med forslag til tiltak, som mellom anna foreslår endringar i nokre av kontraktsmalane, kombinert med betre rettleiing i bruken av desse. Departementet har etterspurt ei tilleggsutgreiing til ovannemnde rapport frå DFØ. Arbeidet med tilleggsutgreiinga har forventast i tidleg 2024.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Deling av data med stor samfunnsmessig verdi

Vedtak nr. 584, 13. april 2023

*«Stortinget ber regjeringen vurdere hvilke typer data som har såpass stor samfunnsmessig verdi at myndighetene bør pålegge datadeling.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Linda Hofstad Helleland, Nikolai Astrup, Anne Kristine Linnestad og Heidi Nordby Lunde om datadreven industri, jf. Dokument 8:73 S (2022–2023) og Innst. 238 S (2022–2023).

EU har vedtatt Direktiv 2019/1024 Opne data-direktivet (ODD). Dette direktivet er ei omarbeiding av det tidlegare direktivet om vidarebruk (PSI-direktivet), men det pålegg òg landa nye krav. Eit viktig mål med direktivet er å redusere marknadsbarrierar for små og mellomstore bedrifter gjennom å redusere unntaka som gjer at offentlege organ kan ta meir betalt for data enn marginalkostnadane. Fordi direktivet omfattar fleire typar offentlege data enn før, vil tilgangen til offentlege data auke. Direktivet skal òg oppmøde til deling av dynamiske data gjennom programmeringsgrensesnitt (API-ar).

ODD etablerer særlege reglar for det som blir kalla «datasett med høg verdi». Dette er datasett der vidarebruk kan gi viktige fordelar for samfunnet, miljøet og økonomien. Europakommisjonen kan definere tematiske område for datasett med høg verdi, og vedta gjennomføringsrettsakter med nærare krav til desse datasetta. Dei områda som er definert så langt er geografiske data, jordobservasjons- og miljødata, meteorologiske data, stati-

stikkdata, selskaps- og eigarskapsregisterdata og mobilitetsdata (transportdata). Slike datasett skal vere gratis, tilgjengelege, maskinlesbare, levert gjennom API-ar og, når relevant, kunne masselastast.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Oppfølging av vedtak nr. 383 (2022–2023)

Vedtak nr. 651, 15. mai 2023

*«Stortinget ber regjeringen senest i statsbudsjettet for 2024 redegjøre for oppfølgingen av vedtak 383 (2022–2023).»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, jf. Dokument 8:162 S (2022–2023) og Innst. 326 S (2022–2023).

Det blir vist til omtale under vedtak nr. 383, 19. desember 2022.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Vedtak nr. 667, 15. mai 2023

*«Stortinget ber regjeringen i retningslinjene for lokalisering av statlige arbeidsplasser om ikke å sidestille større byer og byområder med Oslo når det gjelder hvor nye og omlokaliserte statlige arbeidsplasser og virksomheter skal lokaliseres.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Alfred Jens Bjørlo, André N. Skjelstad og Ane Breivik om ein lokaliseringsspolitikk for statlege verksemder som sikrar utvikling av sterke og mangfaldige arbeidsmarknadsregionar rundt større byar på Sørlandet, på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, jf. Dokument 8:162 S (2022–2023) og Innst. 326 S (2022–2023).

Ei sidestilling av Oslo med andre større byar i Noreg har aldri vore praktisert ved bruk av retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon. Praktiseringa av retningslinjene vil framleis vere at ein

vurderer lokalisering til Oslo og andre av dei større byane i kvar einskild sak, ut frå sektorpolitiske og lokaliseringspolitiske mål. Kravet i retningslinjene om at eitt av tre lokaliseringalternativ som blir vurdert skal ligge på sentralitet 3-6, vil ivareta at ein alltid vurderer moglegheitene for å lokalisere statleg verksemder i mindre sentrale kommunar, samstundes som eventuelle behov for lokalisering i større byar også vil bli synleggjort i utgreiinga.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

#### Marine grunnkart

Vedtak nr. 710, 30. mai 2023

*«Stortinget ber regjeringa setje fart på arbeidet med å lage marine grunnkart for alle norske fjordar og kystområde innafør grunnlinja.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Birgit Oline Kjerstad, Grete Wold og Ingrid Fiskaa om marine grunnkart i kystsona, jf. Dokument 8:220 S (2022–2023) og Innst. 446 S (2022–2023).

Regjeringa følgjer effektane av pilotprosjektet for marine grunnkart nøye og er i dialog med etatane om dei beste tekniske løysingane. I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023 vart det satt av 3 mill. kroner til å bygge ein teknisk infrastruktur for marine grunnkart i Sør-Varanger.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

#### Fordeling av førehandsstemmer og stemmer på valkrins

Vedtak nr. 780, 7. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringa sørge for at forhåndsstemmer og stemmer avgitt i en annen valgkrets enn der velger er manntallsført ved valgopp-gjøret, fordeles på den krets der velgeren er manntallsført.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)*, Innst. 431 L (2022–2023) og Lovvedtak 96 (2022–2023).

Forslaget vil krevje endring i den nye vallova, og det må gjerast ei større utgreiing for å sjå på korleis oppmodningsvedtaket kan følgjast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

#### Kapitalkostnadar ferjeavløysingsprosjekt

Vedtak nr. 819, 13. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringa sikre at fergeavløysingsprosjekter som ferdigstilles mellom 2022 og 2027, får ta del i rentekompensasjonsordningen i tråd med vedtak nr. 1251 (2020–2021), jf. Prop. 192 S (2020–2021) Kommuneproposisjonen 2022 og Innst. 660 S (2020–2021).»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Den ordinære ferjeavløysingsordninga blir finansiert innanfor rammetilskotet til fylkeskommunane. Dette inneber at alle fylkeskommunar er med på å finansiere tilskot til ferjeavløysing. Som svar på oppmodningsvedtak nr. 727 (2019–2020), jf. Prop. 105 S *Kommuneproposisjonen 2021* og Innst. 383 S (2019–2020), la Solberg-regjeringa i Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* fram forslag til eit nytt, øymerkt tilskot til rentekompensasjon i ferjeavløysingsprosjekt. Forslaget om eit ekstra tilskot vart grunnlagt med at ikkje dei andre fylkeskommunane skulle måtte medverke ytterlegare til finansiering av ferjeavløysingsprosjekt. Innanfor ei årleg ramme på 50 mill. kroner kunne fylkeskommunar få kompensert inntil 50 pst. av årlege rentekostnadar dei første fem åra etter at vegprosjektet er ferdigstilt, for ferjeavløysingsprosjekt som blir ferdigstilte mellom 2022 og 2027. På bakgrunn av eit nytt oppmodningsvedtak nr. 1251, jf. Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* og Innst. 660 S (2020–2021), foreslo Solberg-regjeringa vidare at ein i dei årlege budsjettprosessane ville vurdere behovet for å utvide samla ramme, slik at alle ferjeavløysingsprosjekt som kjem inn under ordninga får eit samla tilskot på minst 25 pst. av berekna rentekostnadar.

Ut ifrå forslaget til ekstra rentekompensasjon lagt fram i Kommuneproposisjonen 2022, er det berre Nordøyvegen i Møre og Romsdal som er aktuelt for eit slikt tilskot no. Regjeringa foreslår å gi Møre og Romsdal fylkeskommune 160 mill. kroner til dekking av kapitalkostnadar og dermed betre økonomien i Nordøyvegen-prosjektet. Beløpet utgjer 25 pst. av årlege, berekna rentekostnadar over fem år for dette prosjektet, men vil bli utbetalt over to år.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Eit meir utjamnande inntektssystem for kommunane

Vedtak nr. 820, 13. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen gjennom behandlingen av endringer i kommunenes inntektssystem sikre intensjonen om et inntektssystem for kommunene som er mer utjevnende enn dagens.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Inntektssystemet skal jamne ut dei økonomiske skilnadene mellom kommunar og medverke til at kommunane kan gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. For å fange opp endringar i kommunesektoren over tid må ein jamleg oppdatere systemet. Inntektssystemutvalet, som leverte utgreiinga si hausten 2022, vurderte heile inntektssystemet for kommunane, også denne problemstillinga.

Departementet vil vurdere utvalets tilrådingar og vil gjere ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024.

Evaluering av inntektssystemet for fylkeskommunar  
Vedtak nr. 821, 13. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en evaluering av inntektssystemet for fylkeskommuner i forbindelse med fremleggelsen av kommuneproposisjonen våren 2027.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å kome tilbake til saka våren 2027, slik Stortinget har bedt om.

Namdalen og distriktstilskot Nord-Noreg  
Vedtak nr. 823, 13. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen vurdere om kommunene i Namdalen fortsatt skal sortere under distriktstilskudd Nord-Norge.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Inntektssystemet skal jamne ut dei økonomiske skilnadene mellom kommunar, og med-

verke til at kommunane kan gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. For å fange opp endringar i kommunesektoren over tid, må ein jamleg oppdatere systemet. Inntektssystemutvalet, som leverte utgreiinga si hausten 2022, vurderte heile inntektssystemet for kommunane, også denne problemstillinga.

Departementet vil vurdere utvalet sine tilrådingar og gjere ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024.

Evaluering av frikommuneforsøk  
Vedtak nr. 824, 13. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med en evaluering av frikommuneforsøk på egnet tidspunkt.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023). Regjeringa jobbar med å etablere eit opplegg for evaluering av forsøk og forsøksordninga. Kommunal- og distriktsdepartementet tar sikte på å lyse ut evalueringssopdrag i løpet av hausten 2023.

Som varsla i Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024*, kapittel 6.1 tar departementet sikte på å orientere Stortinget om status for ordninga for forsøkskommunar og om pågåande forsøk i dei årlege kommuneproposisjonane.

Terskelbeløpet i Merkur-ordninga  
Vedtak nr. 826, 13. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen vurdere å øke terskelbeløpet for å komme inn i Merkur-ordningen.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024* og Innst. 488 S (2022–2023).

Merkur-programmet prioriterer dei minste og mest perifere Merkur-butikkane. Kommunal- og distriktsdepartementet vil denne hausten vurdere om prisstigning dei siste åra bør gi grunnlag for å heve terskelen for å få del i støtteordningane, og sjå det i samheng med den samla ramma for støtteordningane. Ei eventuell heving av omsetningsgrensa for investeringsstøtte i Merkur-programmet vil truleg gi større konkurranse om dei økonomiske midlane. Per 30. juni 2023 er investeringsstøttemidlane for 2023 allereie i all hovudsak

disponert. Dei større Merkur-butikkane med over 13 mill. kroner i omsetting har uansett tilgang på kompetansedelen av Merkur, men ikkje høve til å søke om støtte til økonomiske investeringar. Regjeringa vil gi ein omtale av vurderinga i Prop. 1 S (2024–2025).

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye statlege byggeprosjekt

Vedtak nr. 922, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen stille krav om at det skal etableres solceller og/eller lokalprodusert energi på alle nye statlige byggeprosjekt med oppstart av et forprosjekt i 2024, der ikke spesielle hensyn tilsier noe annet. Kravet skal også gjelde ved større oppgraderinger og rehabiliteringer.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følge opp oppmodningsvedtaket i komande prosjekt, og vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Bustøtte og trygdeoppgjær

Vedtak nr. 930, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen sikre at ingen mister bustøtte som følge av etterbetalingen for de årlige trygdeoppgjørene.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt instruks til Husbanken om å skjerme alle etterbetalingar i juni 2023, slik at ingen tapar bustøtte på etterbetalingar etter trygdeoppgjæret. Det er ikkje tilstrekkeleg greidd ut om og eventuelt korleis ei permanent skjermingsordning kan etablerast.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Meir treffsikker bustøtteordning

Vedtak nr. 931, 16. juni 2023

*«Stortinget ber regjeringen i statsbudsjettet for 2024 fremme forslag om endringer i bustøtte-regelverket som gjør ordningen mer treffsikker for husholdninger med lave inntekter og høye boutgifter.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Ekspertgruppa som vart sett ned i 2020 for å gjennomgå bustøtta, leverte sin rapport i mai 2022. Gruppa etterlyser mellom anna ei forankring av regelverkssatsane i underliggende prinsipp og tilgjengeleg statistikk. Vidare peiker dei på at bustøtteordninga kan virke meir komplisert enn nødvendig. Departementet jobbar med å følge opp ekspertgruppa sin rapport og ser oppmodningsvedtaket i lys av dette arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Etablering av solceller og/eller lokalprodusert energi på nye næringsbygg

Vedtak nr. 934, 16. juni 2023:

*«Stortinget ber regjeringen i løpet av første halvår 2024 sende på høring et forslag med krav om at det skal etableres solceller og/eller lokalprodusert energi på alle nye næringsbygg over 500 m<sup>2</sup> utenfor LNF-områder.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023).

Departementet tar sikte på å følge opp oppmodningsvedtaket som ein del av arbeidet med endringar i byggteknisk forskrift og byggesaksforskrifta for å bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

## 9.2 Stortingssesjon 2021–2022

Lokal energiproduksjon, energieffektivisering og ladeinfrastruktur i burettslag

Vedtak nr. 35 nr. 7, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen vurdere ordninger som støtter opp om etablering av lokal energiproduksjon, energieffektivisering og etablering av ladeinfrastruktur i burettslag.»*

Dokumentet som ligg til grunn er Innst. 2 S (2021–2022) Innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2022 og forslaget til statsbudsjett for 2022.

Det er ei rekke tiltak, både gjennomførte og pågåande, som støttar opp om energiproduksjon, energieffektivisering og lading av elbil i burettslag og andre bustader. Andelseigarar i burettslag har fått rett til å setje opp ladepunkt. Det er krav i byggteknisk forskrift om at parkeringsplassar knytte til nye bygg skal vere ladeklare. Regjeringa har endra plusskundeordninga slik at straumkundar i burettslag kan sleppe nettleige og avgifter for forbruk av straum dei sjølv produserer og delar i burettslaget. Enova oppretta i 2022 kartleggingsstønad for klima- og energitiltak i burettslag. Dei støttar òg varmesentralar basert på fornybare energikjelder, der òg burettslag og sameige kan søkje. I tillegg kan enkelte tiltak under Enova sitt tilskot vere relevante for dei som bur i burettslag og sameige. Enova arbeider òg med ei styrka satsing på energi i breitt og energieffektivisering meir spesifikt. Dette inneber mellom anna ein ny investeringsstønad retta mot burettslag, sameige og yrkesbygg som koplar stønaden til energimerket og forbeta energiyting basert på ei grundig kartlegging. Samla sett støttar dette opp om lokal energiproduksjon, energieffektivisering og etablering av ladeinfrastruktur i burettslag utan at det er behov for nye ordningar. Regjeringa vil legge fram ein handlingsplan for energieffektivisering i alle delar av norsk økonomi som har stor merksemd på redusert energibruk i bygg.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Nullutslepp eller fossilfrie anleggsplassar i planreglar

Vedtak nr. 35 nr. 15, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å endre plan- og bygningsloven for å sikre at kom-*

*munene har hjemmel til å kunne stille krav om nullutslipp eller fossilfrie anleggsplasser i planbestemmelser.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet oppretta saman med Klima- og miljødepartementet ei arbeidsgruppe for å greie ut korleis kommunane skal kunne stille klimakrav til byggeplassar, anten gjennom plan- og bygningslova eller forureiningslova. Arbeidsgruppa ga Miljødirektoratet i oppdrag å greie ut korleis ein lovheimel kan innretast. Miljødirektoratet gjekk i si utgreiing langt i å peike på forureiningslova som eigna for ein lovheimel. På bakgrunn av dette har dei to departementa bede Miljødirektoratet om å utarbeide eit høyringsnotat der forureiningslova leggst til grunn for ein heimel. Høyringsnotatet er til vurdering i departementa.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Levekår i byar

Vedtak nr. 35 nr. 27, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om levekår i byer innen utgangen av 2022, saken skal blant annet vurdere Jenssen-utvalgets forslag.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Regjeringa la i august 2023 fram Meld. St. 28 (2022–2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Blankoskøyter og plikt til tinglysing

Vedtak nr. 35 nr. 35, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen utrede bruken av blankoskjøter og plikt til tinglysing ved eiendomskjøp.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Oppmodningsvedtakets underliggende problemstilling må sjåast i samheng med den moglege bruken til styresmaktene av opplysningar om

eigarskap til aksjar og fast eigedom. Finansdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet har gitt Skatteetaten, Brønnøysundregistra og Kartverket i oppdrag å kartlegge styresmaktene si moglege bruk av opplysningar om eigarskapsforhold til aksjar og fast eigedom. Dette kan gi grunnlag til å vurdere korleis styresmaktene kan arbeide vidare på området. Skatteetaten har ansvaret for å leie oppdraget og organisere samarbeidet med Brønnøysundregistra og Kartverket.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Auka openheit i verksemda til private tilbydarar av offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 42, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige tiltak for å sikre økt åpenhet og transparens i virksomheten til private tilbydere av offentlig finansierte velferdstjenester, herunder et offentlig register over alle private virksomheter som leverer offentlig finansierte velferdstjenester.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Det regjeringsoppnemnte Avkommersialiseringsutvalet har som ein del av mandatet sitt å vurdere korleis kommersielle aktørar i velferdstenestene kan regulerast sterkare, til dømes gjennom krav om openheit om økonomi, eigarskap og driftsavtalar. Utvalet skal òg gi ein juridisk definisjon av ideell verksemd og vise korleis ideelle aktørar kan registrerast, eksempelvis etter ein modell lik Frivillighetsregisteret. Avkommersialiseringsutvalet skal levere si utgreiing innan 1. juni 2024. I etterkant av at utvalet har avlevert utgreiinga, vil Kommunal- og distriktsdepartementet i samarbeid med aktuelle departement, vurdere korleis utvalet sine tilrådingar kan følgast opp.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Krav om organisering i sjølvstendig rettssubjekt for selskap som leverer offentleg finansierte velferdstenester

Vedtak nr. 35 nr. 43, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen utrede forslag om å stille krav til at selskaper som leverer offentlig finansierte velferdstjenester, organiseres i egne*

*rettssubjekter hvor det ikke er tillatt å drive annen virksomhet enn offentlig finansierte velferdstjenester.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Avkommersialiseringsutvalet skal vurdere korleis kommersielle aktørar kan regulerast strengare. Det gjeld mellom anna krav om at verksemda skal drivast i eit sjølvstendig rettssubjekt, forbod mot å driva anna verksemd i same rettssubjekt, avgrensingar i moglegheita for å ta ut utbytte eller krav om at delar av overskotet skal reinvesterast i verksemda med meir. Avkommersialiseringsutvalet skal levere si utgreiing innan 1. juni 2024.

På barnehagefeltet er det allereie frå 1. januar 2023 innført eit krav i barnehagelova om at kvar privat barnehage skal vere eit sjølvstendig rettssubjekt.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte i etterkant av utvalet sitt arbeid.

Bustader for studentar i kommunale arealplanar

Vedtak nr. 35 nr. 54, 2. desember 2021

*«Stortinget ber regjeringen vurdere forslag til endringer i plan- og bygningsloven om at studentboliger blir et eget formål i kommunale arealplaner, innen utgangen av 2022.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022* og Innst. 2 S (2021–2022).

Kommunal- og distriktsdepartementet ga i februar 2022 Oslo Economics og NIBR, Oslo Met i oppdrag å vurdere behovet til kommunane for å gjere bustader for studentar til eit eige arealføremål, relevansen av eit lovforslag, og prinsipielle og juridiske problemstillingar knytt til dette. Oslo Economics og NIBR, Oslo Met leverte vurderingane sine til departementet 6. juli 2022. På grunn av dei økonomiske rammene er notatet ikkje ei fullstendig utgreiing. Mellom anna er ikkje dei samfunnsøkonomiske verknadene av ei lovendring vurdert, heller ikkje moglege verknader for sentrale aktørar som til dømes studentane sjølv, studentsamskipnadene og byggeselskap.

Kommunal- og distriktsdepartementet meiner det er nødvendig å kartlegge verknadene av eit lovforslag meir for å kunne konkludere om departementet skal sende eit lovforslag på høyring.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Kompensere kommunane og fylkeskommunane som følgje av smitteverntiltak

Vedtak nr. 363, 24. januar 2022

«Stortinget ber regjeringen kompensere kommunene og fylkeskommunene for merutgifter og mindreinntekter som følge av nasjonale, regionale og lokale smitteverntiltak.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 51 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 (økonomiske tiltak i møte med pandemien og ekstraordinære strømudgifter)* og Innst. 119 S (2021–2022).

Sjå nærare omtale under vedtak nr. 828, 17. juni 2022 om oppfølging av vedtaket.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Leiarløningar i staten

Vedtak nr. 413, 3. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnede måte når utvalget som skal gjennomgå lederlønnssystemet i staten, har lagt fram sin rapport.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Kirsti Bergstø, Audun Lysbakken, Grete Wold og Freddy André Øvstegård om lønsmoderasjon for høgtlønne i staten, jf. Dokument 8:22 S (2021–2022) og Innst. 156 S (2021–2022).

Leiarlønsutvalet overleverte rapporten sin til kommunal- og distriktsministeren 15. juni 2022.

Regjeringa er opptatt av å bidra til å rekruttere og behalde dyktige leiarar i staten, samstundes som det skal sikrast at leiarlønsutviklinga ikkje overskrider det som er gjennomsnittleg lønsutvikling i samfunnet. I Hurdalsplattforma går det fram at regjeringa vil lage nye retningslinjer for leiarløningar og andre type godtgjersler for leiarar i staten, som bidrar til reduserte lønsforskjellar. Rapporten frå utvalet er eit viktig bidrag i dette arbeidet.

Regjeringa må halde seg til inngåtte tariffavtalar med hovudsamanslutningane, og kan ikkje einssidig endre systema for korleis ein løner leiarar i staten. Det vil derfor vere tett dialog med hovudsamanslutningane i dette arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget i lønsproposisjonen etter hovudtariffoppgjeret i 2024.

Vindkraft på land

Vedtak nr. 722, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig sende på høring forslag til endringer i plan- og bygningsloven for behandling av vindkraft på land, slik at nye vindkraftanlegg kan behandles etter både energiloven og plan- og bygningsloven, med sikte på ikrafttredelse av lovendringen 1. januar 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 11 (2021–2022) *Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser* og Innst. 446 S (2021–2022).

Regjeringa la våren 2023 fram Prop. 111 L (2022–2023) *Endringer i energiloven og plan- og bygningsloven (vindkraft på land)* for å styrkje den kommunale råderetten ved etablering av vindkraft på land. Endringane i plan- og bygningslova og energilova vart vedtekne av Stortinget 9. og 12. juni 2023, og vart satt i kraft frå 1. juli 2023. Endringane gir kommunane større formell styring over arealbruken i vindkraftsaker, mellom anna ved at det no er krav om at kommunane må vedta ein områderegulering før det kan bli gitt konsekisjon etter energilova.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Energifleksibel oppvarming

Vedtak nr. 726, 10. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede energieffekten og konsekvenser for byggekostnadene av å stramme inn kravet til energifleksibel oppvarming, og vurdere hvor mye kravet kan strammes inn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 446 S (2021–2022) Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Meld. St. 36 (2020–2021) *Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser*, Meld. St. 11 (2021–2022) *Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021)*, representantforslag om å forlenge strømkompensasjonen, representantforslag om å bygge opp ei kraftfull norsk havvind-satsing, representantforslag om energipolitikk for

framtida, representantforslag om hurtigspor for flytande havvind, representantforslag om uavhengige konsekvensutgreiingar i vindkraftsakar og representantforslag om energi for framtida.

Departementet tar sikte på å følgje opp oppmodningsvedtaket som ein del av arbeidet med endringar i byggeteknisk forskrift og byggesaksforskrifta for å bidra til auka energieffektivitet, energifleksibilitet og lokal energiproduksjon.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

#### Plan for breibanddekning II

Vedtak nr. 791, 14. juni 2022

*«Stortinget ber regjeringen komme tilbake i statsbudsjettet for 2023 med status og plan for hvordan det kan legges til rette for at alle norske nødmeldingssentraler, rådhus og andre viktige offentlige administrasjonsbygg, skoler og transportknutepunkter skal ha tilbud om minst 1 Gbit/s nedlastingshastighet og minst 100 Mbit/s opplastingshastighet innen utgangen av 2025.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023* og Innst. 460 S (2021–2022).

Ifølgje berekningar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit var dekninga for fleire av dei ulike kategoriane av institusjonar og stadar som er nemnt i oppmodningsvedtaket 100 pst. ved utgangen av 2022, dette gjaldt mellom anna sjukehus, naudmeldingssentralar og flyplassar. For andre kategoriar står framleis noko att før alle er dekt, dette gjeld mellom anna grunnskolar og trafikknutepunkt, med unntak av flyplassar. Departementet vil legge til rette for at den eksisterande støtteordninga for breiband skal bidra til at alle dei nemnde institusjonane kan få tilbod om 1 Gbit/s nedlastingshastigheit og minst 100 Mbit/s opplastingshastigheit innan utgangen av 2025.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

#### Frikommuneforsøk

Vedtak nr. 792, 14. juni 2022

*«Stortinget ber regjeringen legge til rette for etablering av frikommuneforsøk etter inspirasjon fra Danmark og komme til Stortinget med en sak om dette senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2023.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 110 S (2021–2022) *Kommuneproposisjonen 2023* og Innst. 460 S (2021–2022).

I tillegg blir det vist til Prop. 112 S (2022–2023) *Kommuneproposisjonen 2024*, kapittel 6.1 der det går fram at departementet tar sikte på å orientere Stortinget om status for ordninga for forsøkskommunar og om pågåande forsøk i dei årlege kommuneproposisjonane. Vi viser òg til vedtak nr. 824, 13. juni 2023 om evaluering av frikommuneforsøk og departementet si oppfølging av dette.

I Hurdalsplattforma varsla regjeringa at den vil gi større fridom til kommunale og regionale myndigheiter, som ein del av tillitsreforma. Forsøk gjer det mogleg å drive innovasjon og utprøving der kommunane får unntak frå krav i lov og forskrift. Forsøkslova gir heimel for å igangsette forsøk, og ein del andre lover har spesifikke heimlar for å gi unntak frå lovkrav gjennom forsøk.

Regjeringa har no etablert ei frikommuneordning innanfor gjeldande forsøksheimlar, og har invitert kommunar og fylkeskommunar til å søkje om forsøk. Fristen for å sende førebels søknad var 8. september 2023.

Kommunal- og distriktsdepartementet og aktuelle fagdepartement kan etter ei vurdering av søknadene gi unntak frå gjeldande lovkrav med heimel i forsøkslova eller forsøksheimlar i særlover. Forsøka bør ha ein varigheit som er tilstrekkeleg lang til å vurdere om føremålet med forsøket blir oppnådd, normalt tre til fire år.

Departementa samarbeider med KS om forsøksordninga og om eit opplegg for læring og erfaringsutveksling for kommunar og fylkeskommunar som deltar i ordninga.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

#### Meirutgifter til pandemien i kommunane og fylkeskommunane

Vedtak nr. 828, 17. juni 2022

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag i nysalderingen av statsbudsjettet for 2022 om å kompensere merutgifter til pandemien i kommunene og fylkeskommunene i perioden 2020 til første halvår 2022.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2021–2022) *Revidert nasjonalbudsjett 2022* og Innst. 450 S (2021–2022).

Arbeidsgruppa som vurderte dei økonomiske konsekvensane av pandemien for kommunesektoren, la i september 2022 fram ein rapport



som omhandla 1. halvår 2022. Anslaget for meir-utgifter og inntektsbortfall for kommunesektoren i 1. halvår 2022 var 8,8 mrd. kroner.

Ved behandlinga av Prop. 23 S (2022–2023) fekk kommunesektoren ei tilleggsøyving på 7,3 mrd. kroner, fordelt med 6,9 mrd. kroner til kommunane og 0,4 mrd. kroner til fylkeskommunane. Dette kom i tillegg til ei løyving på 1,5 mrd. kroner som allereie var gitt. Med dette vart både kommunane og fylkeskommunane samla sett fullt ut kompenserte for meirutgifter og mindreinntekter i 1. halvår 2022. I 2020 og 2021 var koronakompensasjonen til kommunesektoren samla sett om lag 1,9 mrd. 2022-kroner høgare enn anslatte meirutgifter og inntektsbortfall.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

### 9.3 Stortingssesjon 2020–2021

Utgreie rett til høghastighetsinternett for alle husstandar

Vedtak nr. 1060, 1. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede en rett til høghastighetsinternett for alle husstander i Norge.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester*, Dokument 8:151 S (2020–2021) og Innst. 511 S (2020–2021).

Regjeringa har ambisiøse mål for breibanddekning, inkludert at alle husstandar skal ha tilbod om minst 100 Mbit/s nedlastingshastigheit innan 2025. Regjeringa foreslår ein auke på kap. 541, post 60 Breibandutbygging i 2024, og denne auken legg til rette for at fleire husstandar og verksemder skal få tilgang til høghastighets breiband. Foreløpige tall frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit viser at per første halvår 2023 var dekninga for breiband med 100 Mbit/s 96,6 pst. Analysys Mason berekna for departementet i november 2022 at det på det dåverande tidspunktet ville koste i overkant av 1,5 milliardar kroner i offentleg stønad å bygge ut breiband med minst 100 Mbit/s til alle.

Ein rett til høghastighets internett for alle husstandar i Noreg vil kunne bli etablert gjennom ein leveringsplikt på ein eller fleire tilbydarar. Regjeringa har høyrd eit forslag om ein lovheimel for å kunne pålegge leveringsplikt for breiband i Noreg. Her foreslår regjeringa at det blir innført ein lovheimel for å kunne pålegge leveringsplikt for breiband i Noreg. Høyeringa inneheld ein

nærmare omtale av korleis ein slik leveringsplikt kan innrettast.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Mobil- og internettdekning langs eksisterande riksvegar

Vedtak nr. 1066, 1. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for utbygging av mobil- og internettdekning langs eksisterende riksveier, som spesifiserer dekningshull og kostnadene for utbedring av disse, og innarbeide dette i revidert nasjonalbudsjett for 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 28 (2020–2021) *Vår felles digitale grunnmur – Mobil-, bredbånds- og internettjenester* og Innst. 511 S (2020–2021).

I Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet vart det opplyst at departementet har vurdert resultatane av ei gjennomført ekstern utgreiing og funne ut at det er behov for å gjere ytterlegare studiar. Departementet arbeider fortsett med ei ny utgreiing, som inneber å komplettere eksisterande resultat med fleire målingar langs enda fleire riksvegar. Dette vil gjere det mogleg å få eit meir presist situasjonsbilde, og det vil gi eit betre grunnlag for å estimere kostnadene knytte til å utbetre dekningshol langs riksvegnettet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

Klarare reglar for krav til sløkkevatn

Vedtak nr. 1209, 10. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen om å oppstille klare vilkår i regelverket for i hvilke tilfeller kommunene kan fravike de preaksepterte løsningene i byggeteknisk forskrift (TEK17) § 11-17 og forskrift om brannforebygging § 21 til ugunst for utbygger hvor det brannprosjekteres med tankbil.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Hans Andreas Limi, Erlend Wiborg, Per-Willy Amundsen, Kjell-Børge Freiberg og Helge André Njåstad om å sikre meir føreseielege reglar for krav til sløkkevatn, jf. Dokument 8:238 S (2020–2021) og Innst. 583 S (2020–2021). Kommunal- og distriktsdepartementet har ansvaret for byggeteknisk for-

skrift, og Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for forskrift om brannførebygging.

Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) har, i samarbeid med Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), endra rettleiaren til det relevante kravet i byggt teknisk forskrift § 11-17, slik at det no er tydelegare når det kan prosjekterast med tankbil som sløkkevatn.

Departementet meiner med dette at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Helsetenester nytta utanfor bustadkommunen

Vedtak nr. 1252, 16. juni 2021

*«Stortinget ber regjeringen i oppfølgingen av utredningen fra Inntektssystemutvalget vurdere lovverket slik at helsetjenester benyttet utenfor bostedskommunen i større grad kan belastes den kommunen tjenestemottaker betaler skatt til.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* og Innst. 660 S (2020–2021).

Kommunen skal, i tråd med helse- og omsorgstenestelova, sørje for at personar som oppheld seg i kommunen har tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Helse- og omsorgstenestene i kommunane blir i hovudsak finansierte av frie inntekter, som blir fordelte med utgangspunkt i folkeregistrerte innbyggjarar i kommunen. Dette kan gi kommunar med mange hyttebebuarar utgifter som dei frie inntektene ikkje dekker. Samstundes har hyttekommunane også andre typar inntekter frå hyttebebuarane, som kommunale avgifter, eigedomsskatt og positive ringverknader for lokalsamfunna. Fleire offentlege utval har peikt på problemstillinga med finansiering av helsetenester til personar utanfor bustadkommunen. Inntektssystemutvalet, som leverte utgreiinga si hausten 2022, vurderte heile inntektssystemet for kommunane, også denne problemstillinga.

Regjeringa vil vurdere inntektssystemutvalets tilrådingar og gjere ein heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet for kommunane i ei eiga melding til Stortinget våren 2024.

## 9.4 Stortingssesjon 2018–2019

Opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærer

Vedtak nr. 55, 27. november 2018

*«Stortinget ber regjeringen utrede og sende på høring forslag om endring i lov om registrering*

*av regjeringsmedlemmers verv og økonomiske interesser. Herunder opplysningsplikt for statsråder og statssekretærer til å registrere sine tidligere oppdragsgivere og oppdragenes innhold der vedkommende, de siste to år før tiltredelse, har arbeidet med å fremme politiske eller næringsmessige interesser.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Karin Andersen, Torgeir Knag Fylkesnes, Kari Elisabeth Kaski, Gina Barstad og Marius Meisfjord Jøsevold om opplysningsplikt for statsrådar og statssekretærer, jf. Dokument 8:108 LS (2017–2018) og Innst. 54 L (2018–2019).

Departementet sette hausten 2019 ned ei arbeidsgruppe for å utgreie forslaget. Arbeidsgruppa vart leia av Regjeringsadvokaten og hadde medlemmar frå Justis- og beredskapsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet. Arbeidsgruppa leverte si utgreiing i juni 2022.

Departementet arbeider med å vurdere oppmodningsvedtaket i samband med oppfølging av Europarådet sitt antikorrupsjonsorgan Group of States Against Corruption (GRECO) sin femte evalueringsrapport til Noreg og vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

## 9.5 Stortingssesjon 2016–2017

Stryke listekandidatar

Vedtak nr. 700, 23. mai 2017

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å gjeninnføre velgernes mulighet til å stryke listekandidater ved fylkestings- og kommunestyrevalg.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er representantforslag frå stortingsrepresentantane Helge André Njåstad, Ingebjørg Amanda Godskesen, Harald T. Nesvik, Ingerd Schou, Michael Tetzschner og Frank J. Jenssen om å tillate stryking av listekandidatar ved fylkestings- og kommunestyreval, jf. Dokument 8:14 S og Innst. 306 S (2016–2017).

Regjeringa la fram Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)* i mars 2023. Spørsmålet om å tillate stryking av listekandidatar ved fylkestings- og kommunestyreval vart drøfta, men regjeringa gjekk ikkje inn for dette. Stortinget behandla proposisjonen i juni 2023 og vedtok ny vallov i tråd med regjeringas framlegg.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

Sørsamisk språk

Vedtak nr. 845, 8. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen i oppfølgingen av NOU 2016: 18 Hjertespråket om å ha en særlig oppmerksomhet rettet mot sørsamisk språk og sammenhengene mellom språk, kultur og næring, og komme tilbake til Stortinget på en egnet måte med konkrete forslag til oppfølging av dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 1 S (2017–2018) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2017–2018).

Kommunal- og distriktsdepartementet har lagt fram forslag til endringar i språkreglane i same-lova, sjå Prop. 58 L (2022–2023) *Endringer i same-loven (endringer i språkregler)* pkt. 2.4. Stortinget vedtok endringar i same-lova 30. mai 2023 og reglane tredde i kraft 1. juli 2023. Lovendringane er eit ledd i regjeringa si oppfølging av NOU 2016: 18 *Hjertespråket*.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

## 9.6 Stortingssesjon 2015–2016

Unntak frå plan- og bygningslova og grannelova ved nasjonal flyktningkrise

Vedtak nr. 646, 10. mai 2016

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som ved en nasjonal flyktningkrise gir kommunene myndighet til å fravike plan- og bygningsloven og grannelova. Det settes frist for kommunens beslutning, som treffes etter anmodning fra annen kommunal eller statlig myndighet. Saken overføres departementet hvis fristen ikke holdes, og departementet kan også ved overprøving prøve alle sider av saken. Beslutning om at det

*foreligger en nasjonal flyktningkrise kan treffes av Kongen i statsråd eller av departementet.»*

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 43 L (2015–2016) *Endringer i plan- og bygningsloven (unntak ved kriser, katastrofer eller andre ekstraordinære situasjoner i fredstid)* og Innst. 229 L (2015–2016).

Departementet har fremja proposisjon om mellombelse lovendringar for å handtere pandemi (2020 og 2021) og auka framkomst av flyktningar som følgje av invasjonen av Ukraina (2022), som Stortinget har vedtatt. Gjeldande beredskapsføre-segn for å handtere auka framkomstar, er forlengt og gjeld fram til 1. juli 2024. Arbeidet med å følgje opp oppmodingsvedtaket har som følgje av dette blitt forseinka. Arbeids- og inkluderingsdepartementet vil evaluere beredskapsføresegna.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget om saka på eigna måte.

Endringar i vallova

Vedtak nr. 861, 10. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med et nytt forslag til endringer i valgloven § 7-2 og § 11-5 første ledd (personvalg ved stortingsvalg), hvor også merknader og forslag i denne innstilling er vurdert. Lovendringen foreslås iverk-satt fra stortingsvalget i 2021.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 73 L (2015–2016) *Endringer i valgloven (personval ved stortingsval, frist for godkjenning av førehandsstemmer mv.)* og Innst. 402 L (2015–2016).

Regjeringa la fram Prop. 45 L (2022–2023) *Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven)* i mars 2023. Spørsmålet om personval ved stortingsval vart drøfta, men regjeringa gjekk ikkje inn for dette. Stortinget behandla proposisjonen i juni 2023 og vedtok ny vallov i tråd med regjeringas framlegg.

Departementet meiner med dette at oppmodingsvedtaket er følgt opp.

## 10 Kultur- og likestillingsdepartementet

Nedenfor gis en oversikt over oppfølging av anmodnings- og utredningsvedtak under Kultur- og likestillingsdepartementet. Oversikten inkluderer alle vedtak fra stortingsesjonen 2022–2023, samt de vedtakene fra tidligere stortingsesjoner som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst.

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Utdanningsdirektoratet har varsla at det frå våren 2024 vil bli sett i gang utprøving av ei langtidsoppgåve som på sikt kan bli eit alternativ eller supplement til dagens eksamensformer. Fylkeskommunane kan i løpet av hausten 2023 melde interesse for å delta i den første utprøvinga.

I tillegg til den planlagde utprøvinga av ei langtidsoppgåve blir det arbeidd med nødvendig kunnskapsinnhenting. Utdanningsdirektoratet gjennomførte i fjor ei kartlegging av nordisk forskning om eksamen. Eit sentralt funn var at det er forholdsvise lite forskning på eksamen i Norden. Vidare blir det gjennomført eit forskingsprosjekt om fag- og sveineprøve som vurderingsform, der

Fafo skal levere sin rapport i 2023. Utdanningsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er også i gang med å greie ut moglege endringar i eksamensordninga for praksiskandidatar.

Utdanningsdirektoratet har elles lagt fram andre forslag til utprøvingar og etter kvart forsøk på vurderingsfeltet. Det omfattar mellom anna utprøving av eksamen i praktiske og estetiske fag og ei skriftleg-munnleg eksamensform. Dette vil inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for å kunne gjere endringar på sikt. Når vi endrar eksamen, er det viktig at dette blir gjort gradvis og kunnskapsbasert. Vi må sikre både eit føreseieleg system, at eksamenen måler det han skal måle, og at han sikrar ei mest mogleg likeverdig og rettferdig vurdering av elevane. Regjeringa arbeider altså langs fleire spor for å vidareutvikle dagens eksamensordningar med bakgrunn i eit godt kunnskapsgrunnlag.

Departementet foreslår i statsbudsjettet for 2024 ein auke på 15 mill. kroner for å styrke arbeidet med eksamen og vurdering, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Finansiering av produksjonsskular

Vedtak nr. 109, 1. desember 2022

*Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget i statsbudsjettet for 2024 med forslag om statlig bidrag til finansiering av produksjonsskular.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Nasjonalbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Fylkeskommunane kan innanfor ramma av tilskotet mellom anna etablere tilbod om produksjonsskular. Sidan tilskotet gir rom for å gi midlar til produksjonsskular, meiner departementet at dette er eit statleg bidrag til finansiering av produksjonsskular, i tråd med vedtaket. Samstundes vil ikkje departementet avgjere kva for opplæringstilbod den einskilde fylkeskommunane skal velje. Det er viktig at opplæringstilbodet er tilpassa lokale behov.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Strategi for å styrke laget rundt læreren og eleven

Vedtak nr. 472, 31. januar 2023

*Stortinget ber regjeringen legge frem en strategi for å styrke laget rundt læreren og eleven slik at læreren får bedre tid til sine kjerneoppgaver og eleven får tettere oppfølging, herunder øke antall ansatte og styrke samarbeidet mellom faginstanser og få flere yrkesgrupper med helse- og sosialfaglig kompetanse inn i skolen.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:21 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Raja, Guri Melby, Ingvild Wetrhus Thorsvik og Alfred Jens Bjørlo om å ta lærereyrket framover*, jf. Innst. 158 S (2022–2023).

Departementet er i gang med å vurdere korleis ein kan styrke laget rundt barna og eleven, og vil involvere partane og sentrale aktørar i dette arbeidet. Laget rundt vil vere eit tema i dei to komande meldingane om 5.–10. trinn og sosial mobilitet og sosial utjamning.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Lærekandidatordninga

Vedtak nr. 553, 28. mars 2023

*Stortinget ber regjeringen styrke lærekandidatordningen, herunder sørge for at det avklares og tydeliggjøres hvem som er riktig målgruppe for lærekandidatordningen, og hvem som kanskje har bedre utbytte av alternative ordninger som praksisbrevordningen.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:99 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Aleksander Stokkebø, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Turid Kristensen*, jf. Innst. 244 S (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Nytt yrkestittelnivå

Vedtak nr. 554, 28. mars 2023

*Stortinget ber regjeringen i samarbeid med partene i arbeidslivet utrede om det skal innføres et yrkestittelnivå mellom fagarbeiderne med fag- eller svennebrev og de ufaglærte.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:99 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Aleksander Stokkebø, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Turid Kristensen*, jf. Innst. 244 S (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vald og truslar i skulen

Vedtak nr. 625, 25. april 2023

*Stortinget ber regjeringen om årlig å rapportere om statistikk og utviklingen når det gjelder vold og trusler i norsk skole.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:144 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Himanshu Gulati, Sylvi Listhaug, Terje Halleland, Marius Arion Nilsen, Dagfinn Henrik Olsen og Erlend Wiborg*, jf. Innst. 288 S (2022–2023).

Departementet har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å foreslå korleis oppmodningsvedtaket kan følgast opp. Direktoratet skal svare på oppdraget innan 31. mai 2024. Det er arbeidsmiljølova som regulerer arbeidsmiljøet til dei tilsette i skulen, medan det er opplæringslova og privatskulelova som skal sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø. Utdanningsdirektoratet er derfor bede om å ha dialog med Arbeidstilsynet undervegs i arbeidet.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Kandidattypar innanfor fag- og yrkesopplæringa

Vedtak nr. 733, 5. juni 2023

*Stortinget ber regjeringen ivareta de ulike kandidattypene innenfor fag- og yrkesopplæringen som praksisbrevkandidater og lærekandidater, i arbeidet med oppfølgingen av ny opplæringslov.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Læringsstøttende ressursar på begge målformer

Vedtak nr. 734, 5. juni 2023

*Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kunnskapsinnhenting rundt omfanget av bruken av læringsstøttende ressursar i opplæringa som ikkje foreligger på begge målformer, og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av i hvilken grad dette påvirker særleg nynorsk-elevenes rett til opplæring på eget språk.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

IB-tilbod både i grunnskulen og vidaregåande skule

Vedtak nr. 735, 5. juni 2023

*Stortinget ber regjeringen vurdere å åpne for muligheten til å tilby International Baccalaureate (IB) både i grunnskolen og vidaregåande skole, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Handlingsrommet for alternative opplæringsarenaer

Vedtak nr. 736, 5. juni 2023

*Stortinget ber regjeringen tydeliggjøre og øke handlingsrommet skoleleder, foreldre og elev har til å benytte seg av alternative opplæringsarenaer.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Utvide målgruppa for oppfølgingstenesta

Vedtak nr. 737, 5. juni 2023

*Stortinget ber regjeringen i den varslede stortingsmeldingen om 5. til 10. trinn vurdere å utvide oppfølgingstjenestens målgruppe til også å omfatte elever på 10. trinn.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Sikre individuell tilrettelegging av opplæringa

Vedtak nr. 738, 5. juni 2023

*Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan gjennomføring av vedtak om individuell tilrettelegging av opplæringa kan sikres, og påklages. I påvente av dette ber Stortinget regjeringen om å legge til grunn at manglende gjennomføring av individuell tilrettelegging av opplæringa fortsatt kan påklages til statsforvalteren.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, jf. Innst. 442 L (2022–2023).

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

**Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren**

Forprosjekt for nytt bygg til Griegakademiet

Vedtak nr. 110, 1. desember 2022

*Stortinget ber regjeringen legge til rette for at arbeidet med forprosjekt for nytt bygg til Griegakademiet i Bergen fortsetter, hvor Kunnskapsdepartementet fortsatt har rollen som prosjektbestiller.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2022–2023) *Finansinnstillingen – nasjonalbudsjettet og statsbudsjettet 2023*, jf. Innst. 2 S (2022–2023).

Kunnskapsdepartementet sende i 2021 oppdragsbrev til Statsbygg om å vidareføre prosjektet Nytt bygg for Griegakademiet fram til ferdig forprosjekt. Forprosjektet blir finansiert av Universitetet i Bergen, og Statsbygg jobbar saman med universitetet ut frå ein plan om å ferdigstille forprosjektet i løpet av 2023. Kunnskapsdepartementet leiår prosjektrådet for prosjektet.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Meir variert praksis i lærarutdanningane m.m.

Vedtak nr. 471, 31. januar 2023

*Stortinget ber regjeringa legge til rette for mer variert praksis i lærerutdanningane og sikre bedre oppfølging og veiledning av nye lærere i starten av karrieren, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:21 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Abid Raja, Guri Melby, Ingvild Wettrhus Thorsvik og Alfred Jens Bjørlo om å ta læreryrket framover*, jf. Innst. 158 S (2022–2023).

Kunnskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid for å gjere rammeplanane for lærarutdanningane meir overordna. Regjeringa sette i februar 2023 ned eit breitt samansett rammeplanutval som leverte forslag om mindre forenklingar i rammeplanane for alle lærarutdanningane. Regjeringa endra rammeplanane 1. juli 2023. Dette var eit første tiltak for å imøtekome dei klaraste behova for redusert detaljstyring av korleis lærarutdanningane er organiserte. Siktemålet er at institusjonane får større fridom i arbeidet med å legge til rette for gode utdanningar. I dette ligg òg moglegheiter for meir varierte praksisformer. Regjeringa vil vurdere forslaga til organiseringa av praksis i lærarutdanningane. Regjeringa vil òg kome tilbake til Stortinget med ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane.

Kunnskapsdepartementet har byrja å vurdere forslaga til tiltak i NOU 2022: 13 *Med videre betydning – Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling*. Arbeidet vil mellom anna omfatte rettlegging av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehagar og skular, jf. utvalets forslag om å innføre ein rett for nyutdanna lærarar til eit introduksjonsår. Det er ein plan at det nye heilskapelege systemet for kompetanse- og karriereutvikling skal starte opp i 2025, sjå nærare omtale under 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Plan for å vidareutvikle høgare yrkesfagleg utdanning

Vedtak nr. 484, 14. februar 2023

*Stortinget ber regjeringa, i arbeidet med en stortingsmelding om fagskoler, legge fram en plan for videreutviklingen av den høyere yrkesfaglige utdanningen som blant annet drøfter finansiering, studiepoengsystem, kapasitet og akkreditering.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 5 (2022–2023) *Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2023–2032*, jf. Innst. 170 S (2022–2023).

Regjeringa har starta arbeidet med meldinga til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Kunnskapsdepartementet har sett i gang fleire store evalueringar som samla utgjør eit godt kunnskapsgrunnlag for å skrive ei melding til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning. Det gjeld evaluering av mellom anna nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR), finansieringssystemet for høgare yrkesfagleg utdanning og ei fullevaluering fem år etter Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Meldinga til Stortinget vil mellom anna ta for seg utvikling, akkreditering og finansiering av fagskulane og tiltak for å sikre kvalitet og relevans i fagskoleutdanningane.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i samband med meldinga.

Læringsutbyte om kunstig intelligens og tingas internett i høgare utdanning

Vedtak nr. 582, 13. april 2023

*Stortinget ber regjeringa sørge for at kunnskap om kunstig intelligens og tingenes internett integreres i flere utdanninger.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:73 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anne Kristine Linnestad, Heidi Nordby Lunde, Linda Hofstad Helleland og Nikolai Astrup*, jf. Innst. 238 S (2022–2023).

Regjeringa har vidareført *Strategi for digital omstilling i universitets- og høyskolesektoren* som blei lagd fram i september 2021. Strategien slår mellom anna fast at sektoren skal arbeide for å

utvikle kompetansen hos dei tilsette slik at dei kan forstå korleis digitalisering endrar fagområda deira. Dette er viktig for å få til fornying av fag og utdanningar. Strategien seier òg at verksemdene i sektoren skal samarbeide om å utvikle og inkludere tema i utdanningane som er relevante for digitalisering.

Universiteta og høgskulane arbeider grundig og langsiktig med å følge opp strategien. Saman med Direktoratet for kompetanse og høgare utdanning (HK-dir) har dei samla seg om *Handlingsplan for digital omstilling i høgere utdanning og forskning*. Blant dei mange aktivitetane som er omtalte i planen, er til dømes *UiB AI*, som er eit fagleg forum om korleis kunstig intelligens påverkar dei ulike fagfelta. Eit anna prosjekt er *Fremtidens teknologistudier*, som skal legge til rette for at studieporteføljen til NTNU er i tråd med teknologiutviklinga, utfordringane samfunnet står overfor, og behova til nærings- og arbeidslivet frå 2025 og framover.

Regjeringa har òg vidareført *Nasjonal strategi for kunstig intelligens* frå 2020. Strategien slår fast at regjeringa vil ha tydelege forventningar til at kunstig intelligens blir integrert i etablerte studieprogram der dette er relevant. Strategien seier vidare at regjeringa vil at utdanningsinstitusjonane vurderer korleis personvern og etikk kan få ein sentral plass i utdanningar innanfor kunstig intelligens. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at institusjonane tek desse forventningane frå regjeringa med i arbeidet med rammer for undervisninga.

I september lanserte regjeringa ei forskings- og innovasjonssatsing på framtidens databehandling – kunstig intelligens, digital tryggleik og samfunnskonsekvensar av teknologiutviklinga, jf. omtale i kapittel 285, post 51. Satsinga famnar breitt og vil bidra til å styrke tema om kunstig intelligens og tingas internett på mange fagområde, også utanfor realfaga og teknologifaga, noko som vil kome utdanningane til gode.

Regelen om fagleg fridom i universitets- og høgskulelova § 1-5 seier at andre ikkje kan gi universitet og høgskular pålegg eller instruksar om innhaldet i undervisninga. Den som gir undervisning, har eit sjølvstendig fagansvar for innhald og opplegg innanfor dei rammene som institusjonen set, eller som følger av lov eller er i medhald av lov. Det er samstundes tverrpolitisk semje på Stortinget om at styresmaktene ikkje skal gi institusjonane pålegg om innhaldet i utdanningane. Tiltak for å påverke læringsutbytet i utdanningane må derfor virke indirekte, til dømes gjennom forskingssatsingar som den på kunstig intelligens og framtidens databe-

handling. Regjeringa er trygg på at dei tiltaka som er nemnt over vil bidra til at institusjonane sørger for at kunnskap om kunstig intelligens og tingas internett blir integrerte i relevante utdanningar.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Strategi for å auke rekrutteringa av lærarar

Vedtak nr. 690, 25. mai 2023

*Stortinget ber regjeringa lage en strategi for økt rekruttering av lærere og komme tilbake til Stortinget på egnet måte om strategien. Strategien må sees i sammenheng med ordningene for veiledning av nyutdannede, etter- og videreutdanningstilbudet, nye karriereveier for lærere i skolen og den varslede profesjonsmeldingen.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:211 S (2022–2023) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Freddy André Øvstegård, Grete Wold, Ingrid Fiskaa, Mona Fagerås*, jf. Innst. 366 S (2022–2023).

Departementet er i gang med å utarbeide ein strategi for rekruttering til lærarutdanningane og læraryrket.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

## 11.2 Stortingssesjon 2021–2022

### Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Meldeplikt ved overføring av eigedomsrett til barnehage

Vedtak nr. 35, pkt. 44, 2. desember 2021

*Stortinget ber regjeringa i forskrift og lovforslag innføre meldeplikt til kommunen når eiendomsrett til barnehage i kommunen blir overført til andre enn staten eller den fylkeskommune der eiendommen ligger, og utrede hvordan det kan innføres en forkjøpsrett for kommuner.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket om å innføre meldeplikt til kommunen blei våren 2022 følgt opp i Prop. 82 L (2021–2022) *Endringer i barnehageloven (selvstendig rettssubjekt, forbud mot annen virksomhet, meldeplikt m.m.)*. I proposisjonen blei det foreslått krav

om at private barnehagar skal melde frå til kommunen og Utdanningsdirektoratet ved nedlegging, eigarskifte eller andre organisatoriske endringar. Stortinget behandla forslaget 31. mai 2022, jf. Innst. 403 L (2021–2022).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentleg høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Gjeninnføre rett for kommunane til å føre tilsyn med private barnehagar

Vedtak nr. 35, pkt. 45, 2. desember 2021

*Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige forslag for å gjeninnføre kommunenes rett til å føre tilsyn med private barnehager, herunder gi kommunene innsyn i alle økonomiske disposisjoner i barnehager i kommunen som mottar tilskudd.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentleg høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Kartlegging av utfordringar for praktisk opplæring i skulen

Vedtak nr. 53, pkt. 53, 2. desember 2021

*Stortinget ber regjeringen kartlegge hva som er de største utfordringene for praktisk opplæring både i de praktiske og estetiske fagene og andre fag i skolen, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte. Kartleggingen må blant annet vurdere kompetanse, fysiske fasiliteter og utstyrssituasjonen, særlig i de praktiske og estetiske fagene.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2021–2022) *Nasjonalbudsjettet 2022*, jf. Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket vil bli følgt opp i den varsla meldinga om 5.–10. trinn i grunnskulen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Styrking av praktisk læring

Vedtak nr. 374, 1. februar 2022

*Stortinget ber regjeringen i sitt varslede arbeid med en helhetlig ungdomsskolereform vektlegge endringer som skal bidra til å øke elevenes motivasjon, læring og trivsel og styrke den praktiske læringen, og videre at regjeringen inkluderer sektoren tett i arbeidet.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:18 S (2021–2022) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Erna Solberg, Jan Tore Sanner, Kari-Anne Jønnes, Margret Hagerup, Mathilde Tybring-Gjedde og Turid Kristensen*, jf. Innst. 129 S (2021–2022).

Vedtaket vil bli følgt opp i den varsla meldinga om 5.–10. trinn i grunnskulen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

### 11.3 Stortingssesjon 2020–2021

#### Oppmodingsvedtak under kunnskapsministeren

Politiattest for tilsetjing i skular og barnehagar

Vedtak nr. 79, 12. november 2020

*Stortinget ber regjeringen om å fremme forslag om nødvendige regelendringer slik at politiattesten gir et fullstendig bilde av søkeren og viser alle relevante lovbrudd i de tilfeller som gjelder ansettelsesforhold i skole, barnehage eller andre steder der kontakt med barn utgjør en viktig del av stillingen.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:113 S (2019–2020) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hanne Dyveke Søttar, Kari Kjønaas Kjos, Silje Hjemdal og Roy Steffensen om nødvendige regelendringer om politiattest for ansettelsesforhold i skoler og barnehager*, jf. Innst. 64 S (2020–2021).

Området for kva straffebod som skal noterast på ein politiattest, er utvida i den nye opplæringslova som Stortinget vedtok 5. juni 2023. Det er fleire straffebod enn det som er i politiregisterlova



§ 39. Det gjeld reglar som rettar seg dels mot den personlege fridommen og fred, dels mot valdslovbrot, einskilde vinningslovbrot og dels mot kjønnslemlesting og forbodet mot tvangsekteskap.

Når barneomsorgsattestane etter opplæringslova blir utvida til å omfatte fleire straffebed som ikkje er omfatta av politiregisterlova § 39 første ledd, inneber det eit avvik frå den elles einsarta reguleringa av barneomsorgsattestar. Regjeringa følger opp oppmodingsvedtaket gjennom eit interdepartementalt samarbeid for gjennomgang og revisjon av barneomsorgsattestar etter politiregisterlova § 39. Det blir arbeidd for å sende eit forslag til endring av politiregisterlova § 39 på høyring. Gjennom revisjon av politiregisterlova tek ein sikte på å etablere ein einsarta praksis for innhaldet av barneomsorgsattestar i samarbeid mellom dei departementa det gjeld.

Når det no er gjort endringar i reglane om politiattest på skuleområdet, vil departementet vurdere å gjere tilsvarende endringar i reglane om politiattest på barnehageområdet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Greie ut Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov

Vedtak nr. 182, 3. desember 2020

*Stortinget ber regjeringen utrede Østfold-modellen for lærekandidatar med tilretteleggingsbehov, som er utarbeidet av ASVL (Arbeidssamvirkenes landsforening), og vurdere om dette kan gjeres til en nasjonal ordning, slik det anbefales i NIFU-rapport 18: 2018.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S Tillegg 1 (2020–2021) *Endring av Prop. 1 S (2020–2021) Statsbudsjettet 2021 (saldering)*, jf. Innst. 2 S (2020–2021).

I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunane har ansvaret for vidaregåande opplæring og er best eigna til å vurdere kva for tiltak som er dei beste for å oppfylle behova i dei ulike fylka. Østfold-modellen kan vere ein god modell for lærekandidatar med behov for tilrettelegging. Tilskotsmidlane til betre læreplassformidling og kvalifisering legg til rette for at fleire fylkeskommunar kan ta i bruk slike modellar.

Regjeringa følger opp Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til*

*verden og fremtiden.* Ein viktig del av reforma er at vidaregåande opplæring skal bli betre tilpassa mangfaldet i elevgruppa. Det kan også gi behov for å utvikle lærekandidatordninga. Ordninga er godt etablert og blir nytta i alle fylkeskommunane.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Styrke rådgivings- og rettleiingstenesta i skulen

Vedtak nr. 942, 20. mai 2021

*Stortinget ber regjeringen styrke rådgivnings- og veiledningstjenesten i skolen gjennom å legge til rette for en tverrfaglig rådgivertjeneste og samarbeid mellom skoleeier, ungdomsskole, rådgivertjenesten, den videregående skolen og arbeidslivet, og gjøre det enklere for yrkesgrupper med erfaring fra annet arbeidsliv å bli ansatt i skolen som rådgivere.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden.*

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag

Vedtak nr. 943, 20. mai 2021

*Stortinget ber regjeringen legge til rette for at det innføres krav til minstestandard på teknisk utstyr på yrkesfag. Minstestandarden skal utvikles i samarbeid mellom skoler og næringsliv.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Fylkeskommunane har ansvaret for at dei vidaregåande skulane har tilgang til relevant utstyr, slik at undervisninga er i tråd med kompetansemåla i læreplanen. Skulane og lærarane har stor grad av fridom i val av metode, og dei har

lokalt handlingsrom innanfor læreplanen når det gjeld korleis opplæringa blir organisert. Regjeringa vil gjennom tillitsreforma styrke det lokale handlingsrommet og unngå unødvendige statlege krav og styring. Fylkeskommunar og skular kan, i tråd med det lokale handlingsrommet, utvikle lokale minstestandardar ved behov for å sikre tilstrekkeleg utstyr i samarbeid med lokalt næringsliv.

Minstestandardar kan bli oppfatta som ein standard, slik at skular som elles ville hatt betre utstyr, legg seg på minstestandarden. Det er utfordrande å lage nasjonale minstestandardar som varetek at det er stor variasjon mellom fylkeskommunane i kva utdanningsprogram og programområde som er tilbodne. Til dømes kan behova for utstyr i same utdanningsprogram variere mellom ulike delar av landet, basert på det lokale næringslivet. Det vil òg vere krevjande å forvalte og halde ved like ein minstestandard som er oppdatert og relevant. Ulike tilnærmingar til korleis utstyret blir gjort tilgjengeleg for elevane, til dømes gjennom ulik grad av utstyrssamarbeid eller varierende samarbeid med næringslivet, er òg ein faktor som kan gjere det vanskeleg å lage ein nasjonal minstestandard.

Regjeringa har gjennomført eit forsøk med ulike modellar for tilskot til investeringar i utstyr i vidaregåande opplæring som skal bidra til oppdatert og kvalitetssikra utstyr i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Målet var å finne ut kva modell som kan vere berekraftig på sikt, og bidra til stabil finansiering frå fylkeskommunane. Oslo Economics og Samfunns- og næringslivsforskning AS har forska på forsøket, og ein rapport blei publisert i august. Rapporten peikar mellom anna på at det er usikkert kva for langsiktig effekt tilskotet som blei gitt i samband med forsøket, vil ha. Regjeringa vil vurdere kva som bør gjerast vidare på dette området etter at rapporten er klar. Samstundes vil ikkje regjeringa innføre krav til minstestandardar på teknisk utstyr innanfor fag- og yrkesopplæringa i tråd med vedtaket.

Departementet foreslår derfor at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak X.

#### Rekrutteringsstipend for yrkesfaglærerutdanning

Vedtak nr. 945, 20. mai 2021

*Stortinget ber regjeringen styrke ordningen med rekrutteringsstipend for personer utenfor skolesektoren som ønsker å ta en yrkesfaglærerutdanning for å jobbe i skolen.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Utdanningsdirektoratet administrerer ordninga med utdannings- og rekrutteringsstipend til kvalifisering av tilsette som har undervisningsstilling, men som manglar godkjend lærarutdanning, og rekruttering av personar som enno ikkje er tilsette i skulen. I 2023 godkjende direktoratet totalt 603 søknader om utdannings- og rekrutteringsstipend, og av desse var det 175 stipend til yrkesfaglærerutdanninga. Ifølge Utdanningsdirektoratet fekk alle skuleeigarar godkjent søknadene sine om den typen stipend som er omtalt i oppmodningsvedtaket. Departementet meiner dette viser at dekningsgraden for stipendet er god. Departementet vurderer derfor situasjonen slik at det ikkje er behov for å styrke ordninga no. Departementet vil følge med på dekningsgraden og vurdere tiltak dersom det viser seg at ordninga ikkje er godt nok kjend, eller dersom det blir oversøking til stipendet for yrkesfaglærerutdanninga. Det er ulike erfaringar med ordninga. Til dømes melder fylkeskommunane at det er svært arbeidskrevjande å følge opp ordninga med rekrutteringsstipend, og at det er behov for å forbetre ordninga.

Departementet viser vidare til eit relevant vedtak som skal følgast opp, nemleg vedtak 690, 25. mai 2023, som blei gjort i samband med behandlinga av Dok 8:211 S (2022–2023): «Stortinget ber regjeringa laga ein strategi for auka rekruttering av lærarar og komma tilbake til Stortinget på eigna måte om strategien. Strategien må sjåast i samanheng med ordningane for rettleiing av nyutdanna, etter- og vidareutdanningstilbodet, nye karriereveggar for lærarar i skulen og den varsla profesjonsmeldinga.» I utforminga av ein slik strategi er det naturleg at departementet vurderer ordninga med utdannings- og rekrutteringsstipend.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

#### Yrkesopplæring tilpassa arbeidslivet

Vedtak nr. 947, 20. mai 2021

*Stortinget ber regjeringen sørge for at det etableres en tettere kobling mellom avgivende skoler og lærebedrifter også gjennom lærlingtiden, slik at*

*innholdet i yrkesopplæringen blir best mulig tilpasset arbeidslivets behov.*

Oppmødingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag frå Hanne Dyveke Søttar, Hans Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Yrkesfagleg opplæring er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, skulane og lærebedrifter. Det er viktig at alle partar bidreg i utarbeiding av læreplanar og tilbudsstruktur i tillegg til det løpande samarbeidet rundt elevane med kvalifisering og formidling til læreplass. Dette systemet er godt utvikla i dag. Fylkeskommunane har ansvaret for at yrkesfagelevane i vg1 og vg2 når kompetansemåla i læreplanane og blir kvalifiserte til læreplass, og lærebedriftene har ansvaret for at lærlingen gjennom læretida når kompetansemåla i lærefaget i vg3. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Midlane legg til rette for at det blir etablert tettare koplingar mellom avgivande skular og lærebedrifter gjennom læretida, slik at innholdet i yrkesopplæringa blir best mogleg tilpassa behova til arbeidslivet. I kommuneproposisjonen for 2024 er det varsla at tilskotet skal vidareførast på om lag dagens nivå ut perioden til Samfunnskontrakten for fleire læreplassar (2022–2026).

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 949, 20. mai 2021

*Stortinget ber regjeringa tilrettelegge for at det utvikles en bransjestandard med et minimumsnivå for undervisningsutstyr i tekniske fag i vidaregåande skoler. Det er arbeidet med en bransjestandard for Teknisk og industriell produksjon (TIP). En slik standard kan følges opp med en samordning av innkjøp og vedlikehold av utstyret.*

Oppmødingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dok. 8:282 S (2020–2021) *Representantforslag fra Hanne Dyveke Søttar, Hans*

*Andreas Limi, Roy Steffensen, Silje Hjemdal, Terje Halleland om et yrkesfagløft for verdiskaping*, jf. Innst. 414 S (2020–2021).

Fylkeskommunane har ansvaret for at dei vidaregåande skulane har tilgang til relevant utstyr, slik at undervisninga er i tråd med kompetansemåla i læreplanen. Skulane og lærarane har stor grad av fridom i val av metode, og dei har lokalt handlingsrom innanfor læreplanen når det gjeld korleis opplæringa blir organisert. Regjeringa vil gjennom tillitsreforma styrke det lokale handlingsrommet, og unngå unødvendige statlege krav og styring. Fylkeskommunar og skular kan, i tråd med det lokale handlingsrommet, utvikle lokale minstestandardar ved behov for å sikre tilstrekkeleg utstyr i samarbeid med lokalt næringsliv.

Minstestandardar kan bli oppfatta som ein standard, slik at skular som elles ville hatt betre utstyr, legg seg på minstestandarden. Det er utfordrande å lage nasjonale og bransjespesifikke minstestandardar som tek omsyn til at det er stor variasjon mellom fylkeskommunane i kva utdanningsprogram og programområde som er tilbodne. Til dømes kan behova for utstyr i same utdanningsprogram variere mellom ulike delar av landet, basert på det lokale næringslivet. Det vil òg vere krevjande å forvalte og halde ved like ein minstestandard som er oppdatert og relevant. Ulike tilnærmingar til korleis utstyret blir gjort tilgjengeleg for elevane, til dømes gjennom ulik grad av utstyrssamarbeid eller varierende samarbeid med næringslivet, er òg ein faktor som kan gjere det vanskeleg å lage ein minstestandard.

Regjeringa har gjennomført eit forsøk med ulike modellar for tilskot til investeringar i utstyr i vidaregåande opplæring som skal bidra til oppdatert og kvalitetssikra utstyr i dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Målet var å finne ut kva modell som kan vere berekraftig på sikt, og bidra til stabil finansiering frå fylkeskommunane. Oslo Economics og Samfunns- og næringslivsforskning AS har forska på forsøket, og ein rapport blei publisert i august. Rapporten peikar mellom anna på at det er usikkert kva for langsiktig effekt tilskotet som blei gitt i samband med forsøket, vil ha. Regjeringa vil vurdere kva som bør gjerast vidare på dette området etter at rapporten er klar. Samstundes vil ikkje regjeringa innføre krav til minstestandardar på teknisk utstyr innanfor fag- og yrkesopplæringa i tråd med vedtaket.

Departementet foreslår derfor at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak X.

Opplæringslova, barnehagelova og  
FNs barnekonvensjon

Vedtak nr. 1017, 27. mai 2021

*Stortinget ber regjeringa sikre at ny opplæringslov og barnehagelov er i tråd med FNs barnekonvensjon sine grunnleggjande rettar for framgangsmåte om barns rett til informasjon, til å uttale seg fritt, barns rett til privatliv og at alle handlingar og avgjerder som omhandlar barn, blir gjorde til barnets beste.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*, jf. Innst. 512 L (2020–2021).

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld barnehagelova, meiner departementet at dei grunnleggjande rettane i FNs barnekonvensjon og prinsippet om barnets beste er tekne vare på gjennom barnehagelova § 3 om barns rett til medverknad og omsynet til barnets beste. Føresegna er endra frå 1. januar 2021, jf. Prop. 96 L (2019–2020). Det er no lovfesta at barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen og i saker som gjeld dei sjølve, og at det som er best for barnet, skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i barnehagen. Dei grunnleggjande rettane i barnekonvensjonen er òg omtalte fleire stadar i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Når det gjeld den delen av oppmodingsvedtaket som gjeld opplæringslova, meiner departementet at den er blitt følgt opp i forslaget til ny opplæringslov som blei sendt til Stortinget våren 2023, jf. Prop. 57 L (2022–2023) og vedteke av Stortinget 5. juni 2023. Lova skal etter planen ta til å gjelde 1. august 2024. I lova er det teke inn føresegner om at elevane har rett til medverknad og til å ytre meiningane sine fritt (§ 10-2), om eleven sitt beste (§ 10-1) og om informasjon til elevane og foreldra (§ 10-8).

Departementet legg til grunn av vedtaket med dette er følgt opp.

Fjernundervisning og opplæringslova

Vedtak nr. 1018, 20. mai 2021

*Stortinget ber regjeringa komme tilbake med forslag om fjernundervisning i lovproposisjonen om ny opplæringslov.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 145 L (2020–2021) *Endringar i opplæringslova, friskulelova, og barnehagelova (behandling av personopplysningar, fjernundervisning o.a.)*, jf. Innst. 512 L (2020–2021).

Oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram for Stortinget 24. mars 2023 og behandla 5. juni 2023. Departementet viser til Prop. 57 L (2022–2023) punkt 15 om fjernundervisning.

Departementet legg til grunn av vedtaket med dette er følgt opp.

Retten til innføringsfag i vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 1069, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa gi elever i vidaregåande opplæring som trenger det, rett til innføringsfag. Språkopplæring i norsk skal vere integrert i dette tilbudet, og opplæringa skal integreres i elevens Vg1-løp.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtida*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

I Prop. 57 L (2022–2023) om ny opplæringslov blei det foreslått ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplæringstilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Dette forslaget blei vedteke av Stortinget i juni 2023, og ny opplæringslov vil etter planen tre i kraft i august 2024. Retten til opplæring fram til ein har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse som òg er vedteke med ny opplæringslov, inneber mellom anna at dagens tidsavgrensing i ungdomsretten på tre år fell bort. Dette gjer at opplæringa skal bli meir fleksibel, og at fleire skal få moglegheit til å bestå vidaregåande opplæring. Departementet meiner at plikta for fylkeskommunane om å ha eit overgangstilbod og retten til opplæring fram til ein har fullført vidaregåande opplæring, svarer til intensjonen bak oppmodingsvedtaket.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Sluttkompetanse i vidaregåande skule

Vedtak nr. 1070, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa, i samarbeid med partene, konkretisere nærmere forbedringar av*

*Vg3 i skole som gir elevene en sluttkompetanse som tilfredsstiller arbeidslivets krav og som har tillit i nærings- og arbeidslivet.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølginga av tiltaka i Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*. Departementet vil i samarbeid med partane betre tilbodet til dei som ikkje får læreplass, og følge opp vedtaket i forslag til forskrift til ny opplæringslov. Forslaget skal på høyring hausten 2023.

Regjeringa gjennomfører eit løft for yrkesfaga. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire læreplassar og bidra til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Midlane skal òg kunne brukast på å gi ei god opplæring til elevar som ikkje får læreplass, slik at dei kan fullføre med eit fag- eller sveinebrev som blir verdsett i arbeidslivet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

#### Overgangskurs i vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 1071, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangskurs for elevar med svakt språklig grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet viser til at det i Prop. L 57 (2022–2023) om ny opplæringslov blei foreslått ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplærings-tilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Dette forslaget blei vedteke av Stortinget i juni 2023.

Fylkeskommunen står fritt til å søke om forsøk etter opplæringslova, men departementet kan ikkje pålegge fylkeskommunen forsøk. I retningslinjene til Utdanningsdirektoratet for forsøksordninga etter opplæringslova er det presisert at det ikkje vil bli innvilga forsøk som kan innebære inn-

grep i dei grunnleggjande rettane og pliktene til den einskilde. Det er derfor tvilsamt om eit forsøk med obligatoriske kurs, som vil innebære at einskilde elevar blir pålagt meir undervisning enn andre, kan seiast å vere innanfor gjeldande ordning. Nye plikter skal ha tydeleg heimel i lov. Forsøk med obligatoriske kurs reiser også ei rekke spørsmål som måtte utgreiast nærare før ein eventuelt kunne invitere fylkeskommunar til å søke om å delta i eit slikt forsøk. Dette gjeld mellom anna spørsmål om finansiering, korleis ein skal identifisere kva for elevar som skal vere omfatte av ei plikt til å delta og kva konsekvensar det skal ha for eleven om hen ikkje deltek i kurset. Ei forsøksordning vil uansett ha eit avgrensa område.

Lovendringa som er vedteken inneber at alle fylkeskommunane får plikt til å ha eit tilbod som treffer elevar som har faglege eller språklege utfordringar. Det inneber at fylkeskommunen har det nødvendige handlingsrommet og insitamentet til å setje i gang tiltak for den aktuelle gruppa.

Departementet foreslår at oppmodningsvedtaket blir oppheva jf. forslag til vedtak X.

#### Overgangstilbod i vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 1072, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa gjennomføre forsøk med obligatorisk overgangstilbud for elevar med svakt faglig grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Departementet viser til at det i Prop. 57 L (2022–2023) om ny opplæringslov blei foreslått ei plikt for fylkeskommunane til å ha eit opplærings-tilbod i overgangen til vidaregåande opplæring for elevar som manglar faglege eller språklege føresetnader for å kunne delta i og bestå vidaregåande opplæring. Dette forslaget blei vedteke av Stortinget i juni 2023.

Fylkeskommunen står fritt til å søke om forsøk etter opplæringslova, men departementet kan ikkje pålegge fylkeskommunen forsøk. I retningslinjene til Utdanningsdirektoratet for forsøksordninga etter opplæringslova er det presisert at det ikkje vil bli innvilga forsøk som kan innebære inn-

andre, kan seiast å vere innanfor gjeldande ordning. Nye plikter skal ha tydeleg heimel i lov. Forsøk med obligatoriske kurs reiser også ei rekke spørsmål som måtte utgreiast nærare før ein eventuelt kunne invitere fylkeskommunar til å søke om å delta i eit slikt forsøk. Dette gjeld mellom anna spørsmål om finansiering, korleis ein skal identifisere kva for elevar som skal vere omfatte av ei plikt til å delta og kva konsekvensar det skal ha for eleven om hen ikkje deltek i kurset. Ei forsøksordning vil uansett ha eit avgrensa område.

Lovendringa som er vedteken inneber at alle fylkeskommunane får plikt til å ha eit tilbod som treffer elevar som har faglege eller språklege utfordringar. Det inneber at fylkeskommunen har det nødvendige handlingsrommet og insitamentet til å setje i gang tiltak for den aktuelle gruppa.

Departementet foreslår at oppmodingsvedtaket blir oppheva jf. forslag til vedtak X.

Tilbod om praksisbrev i vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 1074, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa komme tilbake med forslag som sikrer at alle vidaregåande skolar med yrkesfag gir tilbod om praksisbrev eller tilsvarende tilbod for elevar som har behov for mer tid og et tilrettelagt opplæringsløp ute i bedrift.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Det ansvaret fylkeskommunane har for å dimensjonere det vidaregåande opplæringstilbodet, gir i utgangspunktet stort handlingsrom til å velje kva for tilbod dei vil tilby, og kor mange plassar det skal vere på det einskilde tilbodet. Handlingsrommet er avgrensa av einskilde lovfesta plikter til å gi konkrete tilbod, til dømes slår opplæringslova fast at fylkeskommunar har plikt til å gi tilbod om praksisbrevopplæring. I ny opplæringslov er plikta til å tilby praksisbrevopplæring vidareført.

Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp.

Vekslingsmodellar i vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 1075, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa gi fylkeskommunene incitamentar til å utvide omfanget av ulike vekslingsmodellar som alternativ til hovedmodellen*

*med 2 år i skole + 2 år i lærebedrift, slik at flere elever får mulighet til å veksle mellom opplæring i skole og bedrift gjennom hele opplæringsløpet.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Det er fylkeskommunane som har ansvaret for å tilby tilpassa opplæring og val av ulike modellar for opplæringa. Opplæringslova og rammefinansieringa av fylkeskommunane gir skuleeigarar fridom til å velje modellar som er tilpassa det lokale arbeidslivet og behovet elevar og lærlingar har for opplæring. I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa 485 mill. kroner for å styrke arbeidet for fleire lære plassar, og bidra til kvalifisering og formidling til lære plassar i fag- og yrkesopplæringa, jf. kap. 225, post 69. Desse midlane kan òg nyttast til å utvide tilbodet som vekslingsmodellar.

Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Forsterka oppfølgingsansvar i vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 1076, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa forsterke skolenes oppfølgingsansvar for eleven gjennom hele opplæringsløpet, også i den tiden eleven er lærling i en lærebedrift.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Regjeringa viser til at det i ny opplæringslov som Stortinget vedtok i juni 2023, er ei ny plikt for fylkeskommunen til å sørge for at dei som har læretid i bedrift, har tilgang til rådgiving om utdannings- og yrkesval og rådgiving om sosiale og personlege forhold, (§16-1, tredje ledd og 16-2, tredje ledd).

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Opplæringskontor og lærebedrifter

Vedtak nr. 1078, 1. juni 2021

*Stortinget ber regjeringa videreføre lovfesting av opplæringskontorene og godkjenning som lærebedrift, samt forsterke opplæringskontorenes*

*funksjon som bindeledd mellom skolen og lærebedriftene.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2020–2021) *Fullføringsreformen – med åpne dører til verden og fremtiden*, jf. Innst. 585 S (2020–2021).

Forslaget til ny opplæringslov slik ho no er vedteken av Stortinget, jf. Prop. 57. L (2022–2023) og Innst. 442 L (2022–2023), anerkjenner at opplæringskontora spelar ei viktig rolle for fag- og yrkesopplæringa. Forslaget klargjer utgangspunkta for ansvarsforhold og rolledeling i samarbeidet mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommune. Den nye reguleringa i lova vil etter departementets oppfatning bidra til å gjere rolla til kontora tydeleg. Forslaget inneheld også ei presisering av at opplæringskontora framleis kan vere part i lærekontraktane og få lærlingtilskot.

Departementet legg til grunn at vedtaket er følgt opp i ny opplæringslov.

Heilskaplege og koordinerte tenester

*Vedtak nr. 1104, 2. juni 2021*

*Stortinget ber regjeringen utrede og fremme en sak for Stortinget med forslag til nødvendige lovendringer for å sikre at barn som trenger det, gis en rett til helhetlige og koordinerte tjenester.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 100 L (2020–2021) *Endringer i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*, jf. Innst. 581 L (2020–2021).

Departementet har vurdert saka i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Regjeringa er oppteken av at barn og unge får dei tenestene dei treng, og at tenestene er godt koordinerte. 1. august 2022 tok ei rekke endringar i velferdstjenestelovgivinga til å gjelde, jf. Innst. 581 L (2020–2021) og Prop. 100 L (2020–2021). Endringane omfattar 14 lover og inneber mellom anna at reglane om samarbeid og individuell plan er harmoniserte og styrkte, at det er innført ei plikt for kommunen til å samordne tenestetilbodet til den einskilde, og ein rett til barnekoordinator på visse vilkår. Formålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiane deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Det er viktig at reglane legg til rette for godt samarbeid mellom tenestene. Samstundes er det viktig å arbeide med å skape ein god samarbeidskultur i tenestene, både i kommune, fylkeskommune og stat. Helsedirektoratet, Arbeids- og velferdsgeneralsektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Utdanningsdirektoratet arbeider med å gi god rettleiing om dei nye reglane til tenestene. Ein felles rettleiar om samarbeid på tvers av velferdstenestene blei publisert hausten 2022.

Regelendringane blir evaluerte av Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU). Evalueringa skal ha implementeringa av lovendringane som hovudformål. NTNU skal undersøke korleis sentrale aktørar tolkar og set i verk lovendringane. Vidare skal evalueringa fange opp endringar som følger av lovendringane, og om målsetjingane for endringane blir oppfylte. Evalueringa vil halde fram til våren 2027.

Regjeringa vil vente på funn frå evalueringa før ei eventuell utgreiing av behovet for ytterlegare lovendringar for å sikre at barn og unge får heilskaplege og koordinerte tenester.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

### **Oppmodningsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren**

Gjennomgang av finansieringskategoriane i høgare utdanning

*Vedtak nr. 16, 6. oktober 2020*

*Stortinget ber regjeringen om en gjennomgang av finansieringskategoriene i høyere utdanning, for å sikre at utdanninger som ingeniørfag, lærerutdanninger og andre utdanninger som er etterspurt i arbeidsmarkedet har riktig finansiering.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med debatten etter Hans Majestet Kongens tale til det 165. stortinget ved opninga og melding om Noregs rikets tilstand og styring (trontaledebatten).

Kunnskapsdepartementet tok 17. mars 2022 imot rapporten frå utvalet leia av Siri Hatlen som var nemnt opp for å gå gjennom finansieringa av universiteta og høgskulane. Rapporten var på høyring fram til 10. juni 2022. Utvalet var særleg bede om å følge opp oppmodningsvedtaka frå Stortinget frå 2020 som dreidde seg om finansieringa av sektoren.

Tilrådingane og synspunkta frå den offentlege høyring blei presenterte i Prop. 1 S (2022–2023)

for Kunnskapsdepartementet. Departementet bad i tillegg i november 2022 om innspel frå universiteta og høgskulane til modell for finansiering av nye studieplassar og finansieringskategoriane. Regjeringa la fram forslag til endringar i finansieringssystemet i utsynsmeldinga, jf. Innst. 472 S (2022–2023) og Meld. St. 14 (2022–2023). Det nye finansieringssystemet skal gi institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar for å prioritere og dimensjonere innanfor rammeløyvinga for å nå sektormåla og verksemdsmåla. Frå og med 2025 vil det berre vere gjennomførte studiepoeng, ein ny indikator for fullføring av studieprogram og doktorgradsindikatoren som får regelstyrt utteljing. Talet på finansieringskategoriar for studieplassar blir redusert frå seks til tre. Dei nye satsane er presenterte i Prop. 1 S (2023–2024), kapittel 12.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Ordning i Statens lånekasse for utdanning for autorisasjon av helsepersonell

Vedtak nr. 30, 13. oktober 2020

*Stortinget ber regjeringen ta initiativ til en stipend- og/eller låneordning, for eksempel gjennom Statens lånekasse for utdanning, for å dekke nødvendige kurs og fagprøver for å oppnå autorisasjon for helsepersonell.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 89 L (2019–2020) *Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova)*, jf. Innst. 389 L (2019–2020).

I dag må helsepersonell ta kurs i nasjonale fag, ta språktest og andre prøvar for å få autorisasjon i Noreg. Desse kan vere kostbare å gjennomføre, og det er gebyr for å ta dei. Nødvendige kurs og fagprøver for helsepersonell med yrkeskvalifikasjonar frå tredjeland skil seg ut frå den typen utdanning Lånekassen gir utdanningsstøtte til, slike kurs/fagprøver er for korte til å gi rett til utdanningsstøtte for andre studentar. Dette er også ei målgruppe som ikkje har rett til støtte i dag om dei ikkje har budd lenge i Noreg. Ei særskild ordning for tredjelandsborgarar vil bryte med prinsippa i utdanningstøtteleova, og vere kostbart for Lånekassen å administrere. Kunnskapsdepartementets vurdering er at det ikkje er ei god løysing at dei tek ansvar for ei slik ordning.

I statsbudsjettet for 2024 foreslår regjeringa å løyve 20 mill. kroner til lågare gebyr og lågare kostnader for tilleggskrav for søkarar frå tredjeland over budsjettet til Helse- og omsorgsdeparte-

mentet. Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Finansiering av studieopphald i utlandet

Vedtak nr. 684, 25. februar 2021

*Stortinget ber regjeringen sikre gode finansieringsmekanismer for studieopphold i utlandet for å sikre lik tilgang uansett økonomisk bakgrunn – også til høyt rangerte læresteder.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021).

Generelt er ordningane til Lånekassen utforma på ein universell måte utan omsyn til faktorar som økonomien til foreldra, kvar i landet ein kjem frå, eller kva etnisitet ein har. Dette heng saman med formålet med utdanningsstøtta. Ifølge lov om utdanningsstøtte § 1 er det å bidra til «like muligheter til utdanning uavhengig av geografiske forhold, alder, kjønn, funksjonsdyktighet, økonomiske og sosiale forhold». Det finst derfor ikkje ordningar i Lånekassen som skil mellom studentane etter dessa faktorane.

Lånekassen har ei eiga stipendordning for studentar som tek høgare utdanning ved særleg høgt rangerte lærestadar. Den skal dekke skulepengar dersom ein må betale meir enn 152 177 kroner i året for studieåret 2023–24. Beløpet er auka med 7 pst. i statsbudsjettet for 2023, saman med dei andre ordningane som studentar ved høgt rangerte lærestadar har rett til, mellom anna basislånet, reisestipend og den ordinære ordninga for lån og stipend til skulepengar i land utanfor Norden. Regjeringa vil også understreke at sjølv om ein reduksjon i stipenddelen av den ordinære støtta til skulepengar var eit tiltak i statsbudsjettet for 2023, blei ikkje det utvida stipendet til skulepengar ved høgt rangerte lærestadar redusert.

For utdanning i utlandet er regjeringa opp-teken av at studentar tek omsyn til kostnadsnivået når dei vel kvar dei vil studere. Frå 2022–23 blei lista over lærestadar som gir rett til utvida stipend til skulepengar, redusert til dei øvste 75 lærestadane, og dette kan gjere det tydelegare for studentane kva for lærestadar som leverer særskilt høg kvalitet. Reduksjonen gjorde det mogleg å innføre ei ny stipendordning for å rekruttere studentar til å velje utveksling til eit av Noregs prioriterte samarbeidsland på høgare utdanning og forskning. Den same reduksjonen gjer det også mogleg i 2024–25 å auke stipend-



beløpet og utvide denne ordninga til å omfatte studentar som tek ein heil grad ved ein lærestad i eit prioritert samarbeidsland.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Betre godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning

Vedtak nr. 687, 25. februar 2021

*Stortinget ber regjeringen videreutvikle enklere, raskere og mer forutsigbare godkjenningsordninger for utenlandsk utdanning og kompetanse.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 7 (2020–2021) *En verden av muligheter – Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*, jf. Innst. 247 S (2020–2021)

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) er godkjenningsstyresmakt for utanlandsk fag- og yrkesopplæring, fagskuleutdanning, høgare utdanning og lovregulerte yrke i skule og barnehage. I tillegg er HK-dir Noregs informasjonssenter for samarbeidsforuma i European Network of Information Centres (ENIC) og National Academic Recognition Information Centres (NAIC), som internasjonalt går under fellesnemninga ENIC-NARIC. Desse følger opp arbeidet med generell godkjenning av høgare utdanning etter høvesvis Lisboakonvensjonen og i EU-samanheng. HK-dir er også oppnemnd som nasjonalt informasjonssenter for UNESCOs globale konvensjon for godkjenning av høgare utdanning, som tok til å gjelde 5. mars 2023. Vidare er HK-dir assistansesenter for yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Ansvar for generell godkjenning av utanlandsk utdanning og yrkeskvalifikasjonar i skule og barnehage låg tidlegare hos NOKUT, jf. Prop. 74 L (2021–2022) *Endringer i opplæringsloven, universitets- og høyskoleloven og fagskoleloven (endring av NOKUTs oppgaver, studentrettigheter mv.)* og Innst. 287 L (2021–2022).

Godkjenningsoppgåvene blei flytta over frå NOKUT til HK-dir frå 1. januar 2023. Den siste praktiske delen av dette arbeidet blei fullført når HK-dir fekk nettsider og søkarportal over i eigne system frå 1. juli i år. Grunnlaget for langtidserkennadene av omorganiseringa som er skisserte i departementets svar på oppmodingsvedtaket, er no på plass.

I Prop. 126 L (2022–2023) *Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven)* har departementet foreslått å vidareføre reglane om

godkjenning av utanlandsk høgare utdanning, og i tillegg vise til UNESCOs globalkonvensjon for godkjenning av høgare utdanning. UNESCOs globalkonvensjon slår i hovudsak fast dei same prinsippa og reglane som blei introduserte med Lisboakonvensjonen, men inneheld likevel utdjupingar, presiseringar og vidareutvikling av einstilte definisjonar, prinsipp og reglar.

Talet på søknader om godkjenning av utanlandsk utdanning har auka med om lag 10 pst. i 2022, og ytterlegare med 20 pst. så langt i 2023. Ein vesentleg del av auken kjem av søknader frå Ukraina. Godkjenningsordningane blei også overførte frå NOKUT til HK-dir med restanse. I statsbudsjettet for 2024 foreslår departementet å tilføre HK-dir 2 mill. kroner for å tilsetje fleire saksbehandlarar mellombels som kan handtere den auka saksmengda og opparbeidde restansar på godkjenning av utanlandsk utdanning, jf. kap. 256.

HK-dir arbeider kontinuerleg med å effektivisere ordningane, mellom anna med å få godkjenningsordningane for dei regulerte yrka i skule og barnehage inn i det digitale saksbehandlings-systemet og med å forenkle og forbetre prosessane for utlikningstiltak. HK-dir forventar å sjå resultat av dette arbeidet i 2024 og i åra som kjem. Direktoratet arbeider òg kontinuerleg med å vidareutvikle informasjonen i søkarportalen, på nettsidene og i eigne vedtak for å nå potensielle brukarar av godkjenningsordningane.

Vidareutviklinga av godkjenningsordningane blir følgt opp i den ordinære etatsstyringa og resultatrapporteringa, sjå kap. 271, post 01.

Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

Opptrappingsplan for studieplassar innanfor medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi

Vedtak nr. 941, 20. mai 2021

*Stortinget ber regjeringen utarbeide en opptrappingsplan for studieplasser innenfor medisin, helsefag og psykologi. Planen skal både inneholde konkrete tiltak for opprettelse av tilstrekkelig med studieplasser ved utdanningsinstitusjonene, og tiltak som sikrer studentene praksisplass i helsesektoren. Planen bør inneholde tiltak som gjør det attraktivt for helsearbeidere å være i sektoren. Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 komme tilbake til Stortinget med innledende tiltak for å sikre flere studieplasser innen medisin, helsefag og sykepleie.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga Dok. 8:281 S (2020–2021) *Representantforslag om opptrappingsplan for helseutdanningane fra stortingsrepresentantene Åshild Bruun-Gundersen, Bengt Rune Strifeldt, Morten Stordalen, Hanne Dyveke Støttar, Silje Hjemdal, Himanshu Gulati og Roy Steffensen*, jf. Innst. 419 S (2020–2021).

Regjeringa vil føre ein ambisjøs og offensiv kunnskapspolitikk og bygge sterke profesjonsutdanningar av høg kvalitet i heile landet. Derfor har regjeringa varsla i Hurdalsplattforma at ho vil trappe opp talet på nye studieplassar, med opptrappingsplanar for område med særleg stort kompetansebehov, som læreryrket, sjukepleie, realfag, IKT og medisin. I 2022 fekk Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) midlar til 15 fleire studieplassar i medisin, jf. Innst. 2 S (2021–2022) og Prop. 1 S (2021–2022). I statsbudsjettet for 2023 blei det løyvd midlar til ytterlegare 30 nye studieplassar i medisin ved UiT, jf. Innst. 12 S (2022–2023). Kunnskapsdepartementet tildelte midlar til 300 fleire studieplassar i sjukepleiarutdanningane, og elleve statlege universitet og høgskular blei i tillegg bedne om å omprioritere for å opprette ytterlegare til saman 200 fleire plassar innanfor uendra rammeløyving, jf. Innst. 119 S (2021–2022) og Prop. 51 S (2021–2022). Regjeringa foreslår ytterlegare 60 nye studieplassar i medisin frå 2024. Regjeringa foreslår vidare 20 studieplassar til etablering av fysioterapiutdanning og 20 studieplassar i vernepleie ved Høgskolen i Innlandet.

Vidare oppfølging av dette oppmodningsvedtaket er under arbeid i samarbeid med relevante departement. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med ei stortingsmelding om profesjonsutdanningane.

## 11.4 Stortingssesjon 2019–2020

### Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring

Vedtak nr. 701, 15. juni 2020

*Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide retten til realkompetansevurdering til også å gjelde voksne uten rett til vidaregåande opplæring.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompe-*

*tansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Oppmodningsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram for Stortinget 24. mars 2023 og behandla 5. juni 2023. I Prop. 57 L (2022–2023) foreslo departementet at retten til vidaregåande opplæring blir utvida, og at retten til realkompetansevurdering blir utvida tilsvarende. Departementet foreslo vidare at rett til realkompetansevurdering for dei som har tilvising frå kommunen eller Arbeids- og velferdsetaten, også skal omfatte dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring fordi dei ikkje har fullført grunnskulen eller førebuande opplæring for vaksne. Departementet meiner at dei foreslåtte utvidingane vil vareta alle som har eit reelt behov for realkompetansevurdering. Departementet viser til vurderinga i Prop. 57 L (2022–2023), punkt 43.12.4.2.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

### Oppmodningsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Rett til kompetanseheving i arbeidslivet

Vedtak nr. 698, 15. juni 2020

*Stortinget ber regjeringa nedsette et partssammensatt utvalg for å utrede hvordan arbeidstakere kan opparbeide seg en rett til kompetanseheving gjennom arbeidslivet, og sikre at tillitsvalgte tas med i drøftinger om hvilken kompetanseutvikling virksomheten trenger.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Regjeringa har sett ned eit utval som skal greie ut ei kompetansereform for arbeidslivet, i tråd med Hurdalsplattforma. Utvalet består av hovudsamanslutningane i arbeidslivet og skal levere ein rapport hausten 2024. Utvalet skal mellom anna greie ut ulike modellar for å stimulere til etter- og vidareutdanning.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Finansieringssystem for universitet og høgskular

Vedtak nr. 699, 15. juni 2020

*Stortinget ber regjeringa senest i forbindelse med stortingsmeldingen om styringspolitikken*

*for statlige universiteter og høyskoler om å legge frem forslag til nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler. Forslaget må utarbeides i tett samarbeid med utdanningssektoren og arbeidslivet. Incentiver/faktorer i forslaget til nytt finansieringssystem skal være*

- *Relevant arbeid etter endt studium og arbeidslivsrelevans i studiet.*
- *Ulike opplegg for etter- og videreutdanning.*
- *Opprettelse av mindre og fleksible emner og moduler som arbeidslivet etterspør, og som kan tas i kombinasjon med jobb.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Kunnskapsdepartementet tok 17. mars 2022 imot rapporten frå utvalet leia av Siri Hatlen som var nemnt opp for å gå gjennom finansieringa av universiteta og høyskulane. Rapporten var på høyring fram til 10. juni 2022. Utvalet var særleg bede om å følge opp oppmodningsvedtaka frå Stortinget frå 2020 som dreidde seg om finansieringa av sektoren.

Tilrådingane og synspunkta frå den offentlege høyringa blei presenterte i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet. Departementet bad i tillegg i november 2022 om innspel frå universiteta og høyskulane til modell for finansiering av nye studieplassar og til finansieringskategoriane. Regjeringa la fram forslag til endringar i finansieringssystemet i utsynsmeldinga, jf. Innst. 472 S (2022–2023) og Meld. St. 14 (2022–2023). Dei nye satsane er presenterte i Prop. 1 S (2023–2024), kapittel 12.

Det nye finansieringssystemet skal gi institusjonane meir tillit, handlingsrom og ansvar for å prioritere og dimensjonere innanfor rammeløyvinga for å nå sektormåla og verksemdsmåla. Frå og med 2025 vil det berre vere gjennomførte studiepoeng, ein ny indikator for fullføring av studieprogram og doktorgradsindikatoren, som får regelstyrt uttelling. Det tydeleggjer òg at det ikkje er det resultatbaserte finansieringssystemet som er hovudverktøyet som regjering og storting har for å signalisere mål og prioriteringar for forskning og høgare utdanning. Det gjeld òg for arbeidsrelevans i studietilbod, etter- og vidare-

utdanning og tilbod som arbeidslivet har behov for.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Vedtak nr. 700, 15. juni 2020

*Stortinget ber regjeringa opprette inntil 1 000 nye studieplassar innan høgare yrkesfagleg utdanning frå høsten 2020, i tillegg til at de 1 000 studieplassane som regjeringa varslet i Prop. 117 S (2019–2020), skal bli permanente, og at det vidare utarbeides en forpliktende opptrappingsplan med 1 000 nye studieplassar årlig over fem år.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

Stortinget har i 2020, 2021 og 2023 løyvd midlar til totalt 2 600 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er den største kapasitetsveksten i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong. Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, og foreslår derfor midlar til 500 nye studieplassar til fagskulane i 2024.

Midlar til nye studieplassar til fagskulane skal fordelast på bakgrunn av lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og kapasiteten i fagskulane. Fylkeskommunane søker Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) om midlar til nye studieplassar etter ein gjennomgang av kompetansebehov og kapasitet i fagskulane i eige fylke. Systemet bygger opp under fylkeskommunane som kompetansepolitisk aktør og at fagskulane skal tilby utdanningar som arbeidslivet etterspør. Fordelinga av studieplassar skal skje i eit samspel mellom arbeidsliv, fagskular og styresmakter for å sikre at nye studieplassar treffer kompetansebehova i arbeidslivet best mogleg. Nasjonale styresmakter kan legge føringar for fordelinga av studieplassar for å sikre at det blir teke omsyn til nasjonale behov.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget med vidare oppfølging av oppmodningsvedtaket i dei årlege statsbudsjetta.

## 11.5 Stortingssesjon 2018–2019

### Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Finansieringssystemet og ideelle barnehagar

Vedtak nr. 51, 22. november 2018

*Stortinget ber regjeringen gjennomgå finansieringssystemet for private og kommunale barnehager med sikte på å ivareta de små og ideelle barnehagene og en mangfoldig barnehagesektor.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:231 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Bjørnar Moxnes om en mangfoldig barnehagestruktur der pengene går til barnas beste*, jf. Innst. 51 S (2018–2019).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentlig høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Fritak frå skulefag

Vedtak nr. 197, 12. desember 2018

*Stortinget ber regjeringen sørge for at fritak for skulefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overensstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019).

Oppmodningsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram for Stortinget 24. mars 2023 og behandla 5. juni 2023. I Prop. 57 L (2022–2023) foreslo departementet at opplæringslova framleis bør opne for fritak frå

opplæringsplikta, og å vidareføre terskelen og vilkåra for når kommunen kan gi fritak.

Departementet foreslo vidare ein eigen paragraf i opplæringslova om at det beste for eleven skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar og avgjerder. Omsynet til eleven sjølv vil vere ein avgjerande føresetnad når eit fritak skal vurderast. Departementet foreslo også å lovfeste retten eleven har til å bli høyrd, og å vidareføre regelen om at skulen skal samarbeide med foreldra. Departementet meiner at reglane om fritak, saman med reglane om elevens beste og elevens rett til å bli høyrd, oppfyller Stortingets vedtak. Departementet viser til vurderinga i Prop. 57 L (2022–2023) punkt 9.5.4.

Departementet meiner at vedtaket med dette er følgt opp.

## 11.6 Stortingssesjon 2017–2018

### Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Vilkår for private barnehagar

Vedtak nr. 461, 13. februar 2018

*Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan det kan sikres at private barnehager har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår minst på linje med ansatte i offentlige barnehager, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage*, jf. Innst. 114 S (2017–2018).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentlig høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførleg tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Finansieringssystemet for private barnehagar

Vedtak nr. 802, 31. mai 2018

*Stortinget ber regjeringen i sitt videre arbeid med regulering av barnehagesektoren se på modeller i finansieringssystemet som så langt som mulig ivaretar et mangfold av barnehager og barnehageeiere, samt reduserer etterslepet i tilskuddsgrunnlaget overfor private barnehager.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanningsplikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

Departementet vil i løpet av hausten 2023 sende på offentlig høyring ei rekke forslag om endringar i barnehagelova om styring og finansiering av barnehagesektoren. For meir utførelse tekst om arbeidet med regelverket for private barnehagar, sjå del II, programkategori 07.30 Barnehagar.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

### Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Høgare utdanning

Vedtak nr. 887, 11. juni 2018

*Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av dagens regelverk for rangering av søkere til høyere utdanning, inkludert utdanning som i dag ikkje gir poeng, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:196 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Knut Arild Hareide og Steinar Reiten om å gi bibelskoleelever to tilleggspoeng*, jf. Innst. 387 S (2017–2018).

Kunnskapsdepartementet har starta arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av regelverket for rangering, inkludert alle kvotar og tilleggspoeng i systemet for opptak. Våren 2021 sette regjeringa ned eit offentlig utval (opptaksutvalet) som har vurdert heile systemet for opptak til høgare utdanning. Utvalet leverte rapporten sin i desember 2022. Kunnskapsdepartementet vurderer no forslaga til ny modell. Regjeringa vil kome

tilbake til Stortinget med forslag til nytt opptakssystem våren 2024.

## 11.7 Stortingssesjon 2016–2017

### Oppmodingsvedtak under kunnskapsministeren

Hovudmål og målformgrupper på ungdomsskolen

Vedtak nr. 67, 22. november 2016

*Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:116 S (2015–2016) *Representantforslag frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppø, Liv Signe Navarsete, Magne Rommetveit, Terje Breivik, Geir Sigbjørn Toskedal og Audun Lysbakken om å sikra alle elevar i grunnskolen rett til opplæring på hovudmålet sitt*, jf. Innst. 68 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet fremma våren 2023 forslag om ny opplæringslov, jf. Prop. 57 L (2022–2023) *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*. Etter forslaget har elevar på ungdomstrinnet rett til opplæring i eiga gruppe på det skriftspråket kommunen ikkje har vedteke, når minst ti elevar på eitt av trinna ønsker slik opplæring. Stortinget vedtok lovforslaget 5. juni 2023. Det blir planlagt for at lova skal tre i kraft frå 1. august 2024.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk

Vedtak nr. 900, 13. juni 2017

*Stortinget ber regjeringen i samråd med sektoren se til at alle skoler skal ha tilgang på lærere med fordypning innen spesialpedagogikk.*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Oppmodningsvedtak nr. 900 er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram i november 2019. Der blei det varsla at departementet ville vurdere korleis alle barnehagar og skular kan få tilstrekkeleg tilgang til spesialpedagogisk kompetanse. Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag å greie ut dette nærare og har levert eit svar på oppdraget. Denne utgreiinga var del av kunnskapsgrunnlaget for moglege regelverksendringar som vart behandla saman med forslaga frå opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*.

Oppmodningsvedtaket er følgt opp gjennom Prop. 57 L (2022–2023), som blei lagd fram av departementet 24. mars 2023 og behandla av Stortinget 5. juni 2023. Den nye opplæringslova inneber at dei som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring (spesialundervisning), skal oppfylle krava for å bli tilsett i lærarstilling og krava til relevant kompetanse i undervisningsfaget. Det skal likevel kunne gjerast unntak frå kompetansekrava for dei som gir individuelt tilrettelagd opplæring. For det første vidarefører den nye lova dagens høve til å gjere unntak frå kravet om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, dersom ei konkret vurdering av eleven og den individuelt tilrettelagde opplæringa som skal givast, tilseier det. For det andre blir det innført eit nytt unntaksalternativ som inneber at det kan gjerast unntak frå både kompetansekrav for å kunne bli tilsett i lærarstilling og krav om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i, dersom det vil gi eleven betre opplæring, og personen som skal undervise, har ei universitets- eller høgskuleutdanning som gjer hen særleg eigna til å vareta behovet til eleven. Unntaket opnar for at til dømes ein barnevernspedagog eller spesialpedagog som har relevant kompetanse, men som ikkje har lærarutdanning, kan gi individuelt tilrettelagd opplæring.

I Prop. 57 L (2022–2023), som er vedteken av Stortinget, er det i punkt 50.1 og 50.5.12 lagt til grunn at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Departementet viser til at det er sett i gang eit varig kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis som skal bidra til at kommunane og fylkeskommunane har tilstrekkeleg kompetanse til å førebygge, fange opp og følge opp alle barn og elevar – inkludert elevar med behov for særskild tilrettelegging – slik at dei får eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod i barnehage og skule. I tillegg har regjeringa sørgd for ein stor auke i vidareutdanningsplassar i spesialpedagogikk for lærarar i barnehage og skule dei siste åra.

I år har til dømes 1500 lærarar fått tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk, som er omkring 500 fleire enn i fjor. Vidare skal endringane i Statped bidra til meir likeverdige tenester frå Statped over heile landet for barn og elevar med varige, omfattande eller særleg komplekse behov.

Samla sett meiner departementet at desse tiltaka vil sikre alle skular tilgang på lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

#### Rett til spesialundervisning av fagpersonar

*Vedtak nr. 901, 13. juni 2017*

*Stortinget ber regjeringa sikre at alle elevar med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersoner med godkjent relevant utdanning.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svaret i omtalen av oppmodningsvedtak nr. 900, 13. juni 2017, og at forslaget er behandla i arbeidet med ny opplæringslov. I Prop. 57 L (2022–2023), som er vedteken av Stortinget, er det i punkt 50.1 og 50.5.12 lagt til grunn at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

#### Spesialundervisning og lærarkompetanse

*Vedtak nr. 903, 13. juni 2017*

*Stortinget ber regjeringa legge frem en plan for at alle elevar med behov for spesialundervisning får opplæring av fagpersoner med pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

Departementet viser til svaret i omtalen av oppmodningsvedtak nr. 900, 13. juni 2017, og at forslaget er behandla i arbeidet med ny opplæringslov. Sjølv om det ikkje er lagt fram ein særskild

plan, så gjer presiseringa i ny opplæringslov og tiltak for å sikre spesialpedagogisk kompetanse at det er lagt til rette for at dei som får individuelt tilrettelagd opplæring, skal få dette av fagpersonar med relevant kompetanse. I Prop. 57 L (2022–2023), som er vedteken av Stortinget, er det i punkt 50.1 og 50.5.12 lagt til grunn at oppmodningsvedtaket er følgt opp.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

### Oppmodningsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular

Vedtak nr. 642, 2. mai 2017

*Stortinget ber regjeringen i forbindelse med evalueringen av de kvalitetshevedende tiltakene vurdere om fagskoler etter bestemte kriterier bør ha plikt til medlemskap i studentsamskipnad.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket i samband med oppfølging av evalueringa av innføring og verknad av tiltaka i fagskulemeldinga. Ein midtvegsrapport er levert til departementet i 2021. Rapporten gir i hovudsak ein status for innføringa av tiltaka. Ein rapport om evaluering av finansieringssystemet for fagskular er levert departementet i 2022. Ein endeleg rapport er levert departementet i 2023 og tek omsyn til evalueringa av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget i samband med meldinga om høgare yrkesfagleg utdanning.

Evaluering av fagskulereforma

Vedtak nr. 643, 2. mai 2017

*Stortinget ber regjeringen foreta en midtveis-evaluering av fagskolereformen etter 3 år og en full evaluering etter 5 år.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

I 2020 sette Kunnskapsdepartementet i gang ei evaluering av innføringa og verknadene av til-

taka i fagskulemeldinga. Evalueringa inneheld tre rapportar, som er leverte til departementet i høvesvis 2021, 2022 og 2023. Midtvegsrapporten frå 2021 gir i hovudsak ein status for innføring av tiltaka. Rapporten frå 2022 gjeld finansieringssystemet for fagskular. Sluttrapporten frå evalueringa frå 2023 tek omsyn til evalueringa av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa. Departementet vil følge opp rapportane i arbeidet med meldinga til Stortinget om høgare yrkesfagleg utdanning.

Departementet legg til grunn at vedtaket med dette er følgt opp.

## 11.8 Stortingssesjon 2015–2016

### Oppmodningsvedtak under kunnskapsministeren

Krav om norsk og samisk språk i barnehagesektoren

Vedtak nr. 796, 7. juni 2016

*Stortinget ber regjeringen utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.*

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

Departementet viser til omtale i Prop. 1 S (2018–2019) om den delen av vedtaket som gjeld norsk språk, og at denne delen er følgt opp gjennom ei lovendring som tok til å gjelde 1. august 2018, jf. barnehagelova § 27.

Når det gjeld den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, heng dette saman med oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket. Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk*. Som ein del av oppfølginga av NOU-en har Kommunal- og distriktsdepartementet våren 2023 fremja forslag om endringar i språkreglane i samelova, jf. Prop. 58 L (2022–2023). Sametinget blei konsultert om forslaget. Lovendringane blei vedtekte av Stortinget 30. mai 2023, jf. Innst. 441 L (2022–2023).

Regjeringa la våren 2023 fram Meld. St. 13 (2022–2023) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv – Kompetanse og rekruttering i barnehage, grunnopplæring og høyere utdanning*. Stortinget har behandla meldinga, jf. Innst. 473 S (2022–2023). Meldinga har følgande omtale som er relevant for oppmodningsvedtaket:

Barnehageloven sier tydelig at det er kommunen, som barnehagemyndighet, som har ansvar for at samiske barn i og utenfor forvaltningsområdet for samisk språk får et samisk barnehagetilbud. Det er behov for tydeligere informasjon fra barnehagemyndigheten om samiske barnehagetilbud og for bedre markedsføring av eksisterende tilbud. I lys av barnehagens betydning som språkarena og som arena for rekruttering av flere samiske elever i grunnopplæringen, har barnehagemyndigheten et særlig ansvar for å styrke det samiske barnehagetilbudet.

Kommunen bør jobbe systematisk med å kartlegge behovet for samiske barnehageplasser og for samiskspråklig pedagogisk kompetanse i barnehagen.

Regjeringen vil vurdere om det bør gjøres endringer i barnehagelovens regler om samiske barnehagetilbud, og se dette i sammenheng med øvrige virkemidler for å løse utfordringene på det samiske barnehageområdet.

For å møte den økende etterspørselen etter samiske barnehagetilbud bør kommunen jobbe systematisk med å utvide tilbudet. Der det er vanskelig å etablere et samiskspråklig tilbud på heltid, kan alternativet være deltidstilbud. Kommunen bør også arbeide aktivt for å rekruttere personale med samiskspråklig kompetanse. Prioritering av søkere med samisk språk der øvrige kompetansekrav foreligger, økt lønn, permisjon med lønn for å ta kurs og utdanning i samisk, er eksempler på målrettede tiltak som har hatt en positiv effekt. Et annet tiltak som har hatt god effekt, er å ansette språkarbeidere som ikke har formell utdanning, og som ikke er en del av den pedagogiske bemanningen. Dette bidrar til å styrke bruken av samisk språk i barnehagen.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.



## 12 Landbruks- og matdepartementet

Tabell 3.1 viser ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Landbruks- og matdepartementet.

I kolonne 4 i tabellen nedanfor går det fram om departementet legg opp til at rapporteringa på

oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet òg vil rapportere på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 12.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	928	Oppheve lov om endring av jordlova	Nei
2022–2023	868	Overgang frå kronetoll til prosenttoll	Ja
2022–2023	867	Bruk av kart i tilskottssystemet	Nei
2022–2023	866	Strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon	Nei
2022–2023	702	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	701	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	700	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	545	Donasjon av overskottsmat til velgjerande formål frå cruiseskip og skipshandlarar	Nei
2022–2023	519	Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog	Nei
2022–2023	348	Maksimalgrensa for rett til straumstøtte	Ja
2021–2022	836	Overgang frå kronetoll til prosenttoll	Ja
2021–2022	799	Oppdatering av jordvernstrategien	Ja
2021–2022	754	Bransjeavtalar for biogassproduksjon	Nei
2021–2022	381	Melding til Stortinget om dyrevelferd som byggjer på oppdatert kunnskap	Nei
2021–2022	382	Dyrevelferda i svinenæringa	Nei
2021–2022	383	Konkrete tiltak i melding til Stortinget om dyrevelferd	Nei
2021–2022	384	Alternativ til CO <sub>2</sub> -bedøving av dyr	Nei
2021–2022	35 – nr. 29	Inntektsgap	Nei
2020–2021	1134	Viltlova – utgreiing av omgrepet «kunstig lys»	Nei
2016–2017	878	Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta	Ja

## 12.1 Stortingssesjon 2022–2023

Oppheve lov om endring av jordlova

Vedtak nr. 928, 16. juni 2023:

*Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om å oppheve lov om endring av jordlova (oppheve forbudet mot nydyrking av myr)*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 118 S (2022–2023), jf. Innst. 490 S (2022–2023).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket gjennom ein ordinær lovprosess. Eit forslag til endringslov vil bli lagt fram for Stortinget.

Overgang frå kronetoll til prosenttoll

Vedtak nr. 868, 16. juni 2023:

*Stortinget ber regjeringen sikre norsk matberedskap og norsk matproduksjon gjennom et vel fungerende tollvern, og at regjeringen i statsbudsjettet for 2024 går fra krone- til prosenttoll for enkeltprodukt for å sikre dette.*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023), jf. Innst. 487 S (2022–2023).

Regjeringa gjer framlegg om overgang frå kronetoll til prosenttoll for heil issalat, kålrot, knollselleri og raudbetar i samband med framlegging av statsbudsjettet for 2024. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 868, 16. juni 2023 med dette er følgt opp.

Bruk av kart i tilskottssystemet

Vedtak nr. 867, 16. juni 2023:

*Stortinget ber regjeringen, i dialog med faglagene, utrede hvordan bruk av datakart kan sikre høyere presisjon i tildeling av tilskuddsmidler og målrette arealtilskudd mot arealer som ligger brakk, som for eksempel et teigbasert tilskudd. Utredningen skal være klar før de ordinære jordbruksforhandlingene i 2024.*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023), jf. Innst. 487 S (2022–2023). Både bruk av kart og målretting av tilskott mot særskilde teigar har vore utgreidd tidlegare, og Landbruksdirektoratet skal greie ut denne problemstillinga fram mot jordbruksforhandlingane 2024.

Strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon

Vedtak nr. 866, 16. juni 2023:

*Stortinget ber regjeringen, i dialog med faglagene, legge fram en strategi for økt selvforsyning og trygg matproduksjon basert på norske ressurser, og komme tilbake til Stortinget senest i forbindelse med statsbudsjettet.*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023), jf. Innst. 487 S (2022–2023).

I regjeringa si politiske plattform heiter det at «Regjeringen vil leggje fram og gjennomføre ein opptrappingsplan for trygg matproduksjon på norske ressursar og setje eit mål for sjølvforsyningsgrad av norske jordbruksmatvarer, korrigert for import av førråvarer, på 50 prosent».

Noreg har i dag høg sjølvforsyning av husdyrprodukt og relativt låg sjølvforsyning av energirike plantevekstar. Å auke sjølvforsyninga handlar for norsk landbruk difor først og fremst om å forbetre og auke produksjonen av planteprodukt, både til mat og fôr, og å styrkje konkurransekrafta mot import. I tillegg viser fleire rapportar at ein kraftig auke i sjølvforsyningsgraden er avhengig av endringar i kosthaldet i retning plantevekstar til mat som kan produserast i Noreg.

Regjeringa har sidan den tiltredde arbeid for å auke sjølvforsyninga, mellom anna gjennom tilleggsforhandlingar og jordbruksoppgjjer, og vil invitere faglaga i løpet av hausten 2023 til vidare dialog om ein strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon. Regjeringa vil komme tilbake med konkretisering av strategien slik at den kan handsamast av Stortinget før jordbruksoppgjjeret 2024.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 702, 25. mai 2023:

*«Stortinget ber regjeringen sikre at Mattilsynet i større grad anmelder alvorlige brudd på dyrevelferdsloven.»*

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023).

Mattilsynet har styrkt arbeidet med dyrevelferdskriminalitet og ferdigstilt retningslinjer for samarbeid mellom politiet og Mattilsynet. Tal på meldingar til politiet har auka dei siste åra, og dette vil bli følgt opp vidare framover. Temaet vil òg inngå i arbeidet med dyrevelferdsmeldinga.

## Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 701, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen sikre at dyreeiere som ikke etterkommer pålegg fra Mattilsynet etter alvorlige og gjentatte brudd på dyrevelferdsloven, lettere fratas retten til å drive med husdyrhold.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023).

Oppfølging av kronisk dårlege dyrehald har vore eit prioritert område for Mattilsynet dei siste åra, og retningslinjer for oppfølging av desse dyrehalda er reviderte. Departementet har motteke fleire innspel om tilsynet sin verkemiddelbruk, og temaet vil inngå i arbeidet med dyrevelferdsmeldinga.

## Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 700, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen fremme lovforslag om å inkludere dyrevelferdsloven § 37 i opplistingen i straffeprosessloven § 216 b første ledd bokstav b.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023).

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dyrevelferd i 2024. Dyrevelferds-kriminalitet og strafferamma etter dyrevelferdslova vil vere ein del av meldinga.

## Donasjon av overskottsmat til velgjerande formål frå cruiseskip og skipshandlarar

Vedtak nr. 545 av 23 mars 2023:

«Stortinget ber regjeringen avklare om handlingsrommet for donasjon av overskuddsmat til veldedige formål frå cruiserederier og skipshandlere mv. reelt begrenses av EU/EØS-regler, og avstemme regelverket i Norge med EU-land, med forbehold om at norske veterinærmyndigheter anser dette som forsvarlig.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av dokument 8:116 S (2022–2023), jf. Innst. 220 S (2022–2023).

Regjeringa arbeider med å vurdere om det er handlingsrom innanfor regelverket for donasjon av overskottsmat frå cruiserederi og skipshandlarar, og om eventuell donasjon kan reknast som forsvarleg innanfor dei folke- og dyrehelsemessige rammene i regelverket.

## Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog

Vedtak nr. 519, 14. mars 2023:

